



- eit fyrstårn i vest

# Økonomiplan 2025-2028 Og budsjett 2025



**Kommunedirektøren sitt forslag**

**Øygarden kommune**

## Innhald

Kommunedirektøren si innleiing .....	3
Økonomiplanen på 1-2-3.....	5
Frå mål til handling.....	9
Budsjettvedtak .....	18
Folketalsutvikling.....	32
Klima og miljø.....	37
Organisering .....	42
Framlegg til statsbudsjett.....	45
Hovudtala i budsjettframlegget .....	50
Økonomisk utvikling i planperioden.....	61
Medlemsskap og søknadar.....	65
Investeringar i økonomiplanen .....	68
Kommunen sine tenesteområde.....	86
Politisk .....	86
Kommunedirektør .....	88
Finans og økonomi .....	93
Organisasjon og beredskap .....	98
Helse og velferd.....	103
Oppvekst.....	113
Samfunnsutvikling.....	129

## Kommunedirektøren si innleiing



Det er tronge tider og særst anstrengt økonomi i dei fleste norske kommunar om dagen. Det siste året er talet på kommunar som har hamna på Robek-lista meir enn fordobla, og det blir truleg fleire i tida som kjem. Øygarden kommune skal ikkje på denne lista.

Parallelt med verknadane av fleire år med «dyrtid» må kommune-Noreg no også handtera konsekvensane av den demografiske utviklinga. Alderssamansetjinga i befolkninga viser at talet på eldre innbyggjarar aukar samstundes som talet på barn og unge vert redusert. Difor har Øygarden kommune behov for ny og oppdatert barnehage- og skulestruktur og ein tilsvarende plan for utvikling av eldreomsorga. Framlegg til budsjett og økonomiplan er basert på den endelege tilrådinga til ny barnehage- og skulestruktur og nødvendig opptrapping av kapasitet innan eldreomsorga. Framlegget viser korleis kommuneverksemda skal tilpassa drifta til behova som melder seg i åra som kjem. Det handlar om å treffa med tilbodet, ikkje kutta tilbod.

Omstillinga i oppvekstsektoren handlar også om å snu ein trend der stadig fleire barn og unge har behov for spesialpedagogiske tiltak, bistand frå barnevernet eller opphald i fosterheimar. Den nye barne- og familietenesta er difor både etablert og styrkt for å jobba meir systematisk, førebyggjande og tverrfagleg. I dette arbeidet vil samhandlinga med NAV og andre kommunale tenester vera avgjerande, slik at desse viktige koplingane får auka merksemd.


Helse og omsorgstenesta er kraftig styrka. Dette gjeld mellom anna etablering av heildøgns omsorgsplassar ved Straume bu- og servicesenter, Hidlamyra og bygging av nytt omsorgssenter med inntil 80 nye plassar sentralt på Straume.

Det er i haust gjennomført organisatoriske tilpassingar i administrasjonen for å finansiera beredskapssjef i heil stilling. Dette er eit avgjerande og viktig grep for å styrka beredskapsarbeidet i heile den store kommuneverksemda. Både samfunnsutviklinga og den sikkerheitspolitiske situasjonen i Europa underbyggjer auka merksemd på beredskap.

Områdeplanen for Stovevatnet, ei omfattande utviding av energiparken og etablering av innovasjonsarenaen Framtidssamfunnet er nokre døme på tiltak og satsingar som skal bidra til samfunnsutviklinga her vest. Saman med dei politiske arbeidsverkstadane - om dei langsiktige måla i Øygarden 2040 - gjev dette grunn for optimisme. Øygarden kommune er i ferd med å tydeleggjera klare langsiktige mål og retning for utviklinga – for fyrtårnet i vest!

Johnny Breivik  
kommunedirektør

## Økonomiplanen på 1-2-3



### Kva er ein økonomiplan?

Kvar haust legg kommunedirektøren fram ein plan for kommunestyret om kva kommunen skal gjera og bruka pengar på dei neste fire åra. Dette er økonomiplanen til kommunen. Kommunestyret behandlar forslaget til kommunedirektøren, og vedtek endeleg økonomiplan i desember.


Å utarbeida ein økonomiplan er ei lovpålagt oppgåve for ein kommune, jf. Kommunelova § 14-2. Økonomiplanen skal omfatta heile verksemda til kommunen og gje eit realistisk oversyn over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden.

I Øygarden kommune utgjer økonomiplanen handlingsdelen til kommuneplanen. Det betyr at vi i økonomiplanen skal konkretisera satsingsområda i samfunnsdelen, og visa korleis vi skal prioritera på kort sikt for å nå måla i samfunnsdelen. Økonomiplanen har eit fireårig perspektiv, og vert rullert årleg. Årsbudsjettet er første år i økonomiplanen, og er bindande for kommunen.

Gjennom økonomiplanen får kommunen oversyn over det økonomiske handlingsrommet, og kan gjera prioriteringar av ressursbruken til ulike føremål innanfor kommunelova sitt krav til økonomisk balanse. Økonomiplanen skal vera saldert i heile 4-årsperioden.

## Det kommunale plansystemet

Plansystemet til kommunen blir ofte illustrert slik det kjem fram av følgjande figur:



Plansystemet er det viktigaste verktøyet vi har for å sikra oppfølging av politiske mål og vedtak. Som figuren illustrerer, er samfunnsdelen til kommuneplanen det overordna strategiske styringsdokumentet til Øygarden kommune. Vedtak i kommunestyret skal basera seg på eller referera til desse langsiktige og felles måla, også når det oppstår akutte saker. For at det kommunale plansystemet skal fungera effektivt, må det også vera ei god kopling mellom samfunnsdelen og økonomiplanen. I Øygarden kommune er økonomiplanen handlingsdelen til samfunnsdelen. Økonomiplan og årsbudsjett blir då sentrale dokument, som skal leggja til rette for å realisera dei prioriteringane som kjem fram av vedtekne overordna planar.


Planstrategien skal avklara kva planoppgåver som skal prioriterast i kvar enkelt kommunestyreperiode for å nå dei prioriterte måla. Øygarden kommune rullerte sin planstrategi i 2024.

### Korleis følgjer vi opp planen?

Verksamdsplanar er eit viktig administrativt verktøy for å sikra samanheng mellom mål i samfunnsdelen, prioriteringar i økonomiplanen og konkrete oppfølging i den daglege drifta. Gjennom heilskapleg verksamdsstyring skal vi både sikra effektiv drift og gode tenester til innbyggjarane, samtidig som vi ivaretek naudsynt utviklingsarbeid og innovasjon i tråd med behov til samfunnet og innbyggjarane våre.

Verksamdsstyring omfattar all aktivitet knytt til leiing, planlegging og styring av drifts- og utviklingsoppgåver, og skal sikra:

- leveranse av tenester med god kvalitet
- målretta og effektiv drift
- etterleving av lover og forskrifter
- oppfølging av politiske og administrative vedtak, prioriteringar og mål
- risikoreduksjon gjennom målretta internkontroll
- systematisk læring
- kontinuerleg forbetring og utvikling



Hovudelementa i den heilskaplege verksemdsstyringa er plan, styring og utvikling.

**Plan:** Gjennom god planlegging legg vi grunnlaget for utviklinga av organisasjonen i eit langsiktig perspektiv. Basert på kunnskapsgrunnlag og utfordringsbilete vert langsiktige mål og strategiar definert. Prioriteringane vert operasjonalisert i økonomiplanen.

**Styring:** Gjennom god styring sikrar vi implementering og oppfølging av vedtekne planar. God styring skal også sikra kontroll og kontinuerleg forbetring i verksemda basert på mål- og resultatstyring, internkontroll og risikostyring.

**Utvikling:** Systematisk utviklingsarbeid er nødvendig for å finna gode og berekraftige løysingar i møte med komplekse samfunnsutfordringar. Utviklings- og innovasjonsarbeidet i kommunen må bygga på utfordringsbileta til kommunen, overordna strategiar og mål.

### Slik les du økonomiplanen

Dokumentet du no les er kommunedirektøren sitt framlegg til økonomiplan 2025-2028 og budsjett 2025. Her finn du budsjettet for 2025, økonomiplan for åra 2025-2028 og oppdraga som kommunen skal arbeida med i fireårsperioden for å nå måla i samfunnsdelen til kommuneplanen. Det betyr at dokumentet er handlingsdelen til kommuneplanen, der måla frå samfunnsdelen er brote ned i mindre og meir konkrete oppdrag som skal gjennomførast i perioden. Desse har igjen betydning for kva vi prioritetar å bruka pengane på. Slik sørgjer vi for at store og overordna samfunns mål vert brote ned i konkrete handlingar - derav namnet handlingsdel.

Budsjettdokumentet består av fire hovuddelar:

1. Grafikk og nøkkeltal som gir deg eit raskt overblikk over kor mykje pengar kommunen bruker på ulike område. Her kan du også gjera filtreringar for å få fram informasjonen du leiter etter
2. Innleiande kapittel (som til dømes det som du no les)
3. Sjølve budsjettet og økonomiplanen som viser drifts- og investeringsbudsjett for heile kommunen
4. Tenesteområda til kommunen, som også viser korleis budsjettet er fordelt på dei ulike tenesteområda. Her kan du lesa meir om kva dei ulike tenesteområda gjer, kva dei ønsker å oppnå i perioden, og kva konkrete oppdrag dei skal prioritera.

**Praktiske tips og informasjon:**

- Du finn mykje av informasjonen tilgjengeleg fleire stadar, og i ulike format. Dette gjer at du enkelt kan finna informasjonen du leier etter – enten det er å få eit overblikk, eller å utforska nokre detaljar nærare.
- Du kan navigera mellom dei ulike kapitela frå forsida, eller menyunktet øvst til høgre. Dersom du leiter etter noko spesielt, kan du bruka søkjefunksjonen som også er plassert øvst til høgre.
- Tabellar og grafiske element inneheld meir informasjon dersom du trykker på dei.



## Frå mål til handling



### Hovudmåla til Øygarden kommune

Samfunnsdelen til kommuneplanen vart vedteken 24. mars 2022. Samfunnsdelen er det viktigaste styringsverktøyet til kommunen, og handlar om korleis vi skal utvikla tenestene og leggja til rette for god samfunnsutvikling dei neste 12 åra. Visjonen for Øygarden kommune er

*Øygarden - eit fyrstårn i vest*

Visjonen om å vera eit fyrstårn i vest er eit løfte til innbyggjarar, næringsliv, organisasjonar og frivillige om å vera ein framtidretta og kunnskapsbasert samfunnsutviklar.

Samfunnsdelen til kommuneplanen er bygd opp rundt fem hovudmål, som skildrar viktige satsingar for den langsiktige utviklinga av Øygarden kommune:

- Øygarden er ein god stad å bu
- Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet
- Øygarden er eit kompetent, innovativt og produktivt samfunn
- Øygarden er eit klima- og miljøvenleg samfunn
- Øygarden kommune er handlekraftig og innovativ

Berekraftsmåla til FN er eit viktig grunnlag for måla i samfunnsdelen. Alle berekraftsmåla er viktige, men i dei politiske prosessane som leda fram til samfunnsdelen, vart åtte av berekraftsmåla løfta fram, og desse skal ha særleg merksemd i utviklinga av kommunen vår:



Alt kommunen føretar seg skal støtta opp om dei overordna måla. Både måla og leveransen på dei er eigd av heile kommunen. Berekraftsmål 17, samarbeid for å nå måla, er difor heilt essensielt. Det betyr at kommuneorganisasjonen skal innretta arbeidet sitt slik at kommunen i sum bidreg til måloppnåing.



## Frå mål til handling

### Innleiing

Koplinga mellom samfunnsdelen og økonomiplanen er eit viktig grep som sikrar at kommunedirektøren prioriterer i tråd med den politiske retninga som er lagt. Sjølv om det økonomiske handlingsrommet er stramt, er det likevel funne rom for å gjera fleire prioriteringar i tråd med samfunnsdelen til kommuneplanen. Under følgjer ei oversikt over dei fem hovudmåla i samfunnsdelen, og kva hovudgrep som blir gjort i økonomiplanen for å bygga opp under desse.

### Øygarden er ein god stad å bu

Ein god stad å bu handlar om å leggja til rette for gode kvardagsliv, uavhengig av kvar ein bur. Attraktive og inkluderande lokalsamfunn, med god tilgang til både natur, handel, kultur og tenestetilbod, er viktig for folk flest. I økonomiplanen vert det gjort fleire grep for å styrka dette målet i dei komande året.

### Arbeidet med arealplanen til kommuneplanen

I 2024 starta arbeidet med arealdelen til kommuneplanen opp. Gjennom arealplanen skal vi sikra at vi bruker areala våre i tråd med måla i samfunnsdelen til kommuneplanen. Det handlar både om kvar vi skal byggja hus, skular og leikeplassar, men også om kva for natur og verdiar vi ønsker å ta vare på i kommunen vår. God dialog og medverknad frå både innbyggjarar og næringsliv er avgjerande her, slik at vi har god innsikt før vi teiknar opp kartet. Arbeidet med arealdelen vil krevja tid og ressursar dei neste åra, og er venta ferdig i 2027.



### Utvikling av regionsenteret

Straume regionsenter står føre ei stor utvikling når Sotrasambandet er ferdig. Stovevatnet skal fyllast igjen, og det skal etablerast ny vidaregåande skule og kollektivterminal. Det pågår fleire parallelle prosessar som omhandlar framtidig utvikling av Straume. Fleire av desse vil pågå gjennom økonomiplanperioden. Fram mot våren 2025 vert det arbeid med innhenting av kunnskap, slik at vi tek gode val for eit framtidig regionsenter som er godt å opphalda seg i - for både innbyggjarar, besøkande og næringsaktørar. Det handlar både om kva mobilitets- og trafikk-løysingar vi skal ha, kvar ein skal kunna parkera og kvar vi ønsker bustadar. Eit viktig grep i utviklinga av Straume handlar også om korleis vi kan bevare natur og grønne verdier i regionsenteret, slik at vi legg til rette for gode opplevingar og god folkehelse.



Gjennom Miljøløftet får vi finansiert fleire prosjekt, blant anna miljøgata på Ågotnes

I arbeidet med områdeplanen for Stovevatnet har kommunen interesser både som leverandør av viktige tenester til innbyggjarane våre, men også som ein stor eigedomsaktør. Kommunen eig areal sentralt i regionsenteret, og skal arbeida strategisk for å nytta dette på ein måte som både bidreg til god sentrumsutvikling, men også ei best mogleg bruk av offentlege verdier.

Det pågår også utvikling i fleire område i sentre og miljøløftet er ei viktig finansieringskjelde. I innverande økonomiplanperiode ligg det inne midlar i miljøløftet til blant anna første del av miljøgata på Ågotnes. Totalt er det sett av kr 66 mill i miljøløftet til dette. I økonomiplanperioden ligg det også inne miljøløftemidlar til Bildøyvegen, Straumsundet bru og utviklinga av allmenningen frå Bildøy til Straumsfjellet.

### Dialog med næringslivet

Dialog med næringslivet står også sentralt dei komande åra. Kommunen arbeidar systematisk med å skaffa til veie kunnskap og analysar om korleis framtida ser ut. Kvar forventar vi den største befolkningsveksten framover, og kvar treng vi å auka tilgang på bustadar? Denne innsikta er også relevant for næringslivet og utbyggjarar. God dialog og føreseielege rammevilkår er viktig for å lukkast med å utvikla eit Øygardssamfunn til beste for alle.

### Bustadsosial satsing

Øygarden kommune skal stilla opp for dei som ikkje kan skaffa eigen bustad sjølv. Tilgang på trygge og gode bustadar er eit premiss for å stå i arbeid, og for å sikra gode oppvekstvilkår for barn og unge. I 2024 vart tilrådingar for det bustadsosiale arbeidet i Øygarden vedteke. Det inneber blant anna å oppretta eit bustadkontor i kommunen, som skal sikra ei godt koordinert teneste til innbyggjarar som har behov for dette. Bustadkontoret vil arbeida for god oppfølging, system og rutinar, dialog med bustadføretak og stifting og ei strategisk utvikling av feltet. Opprettinga av bustadkontoret vil ikkje krevja nye midlar, men krev ei dreining i ressursane internt i kommunen.

### Ei aldersvenleg og inkluderande samfunnsutvikling

Ein auke i den eldre delen av befolkninga krev at vi utviklar Øygarden kommune som både aldersvenleg og inkluderande. Tilgang på trygge og gode kollektiv- og mobilitetsløyser og universell tilrettelegging spelar ei viktig rolle i dette arbeidet. Framover vil arbeidet med nye og innovative mobilitetsløyser ha stort fokus. Det handlar både om å vidareutvikla løyser som til dømes samkøyring, men også utvikla nye løyser saman med næringsliv og academia. Arbeidet med trafikktryggleiksplanen pågår også, og vil vera eit viktig verktøy for å prioritera tiltak i kommunen som skal gjera det lettare og tryggare å sykla, gå og reisa i kommunen vår.

## Innbyggerane i Øygarden har god livskvalitet

God livskvalitet handlar om å vera ein del av eit fellesskap, oppleve meistring og å kjenna seg trygg. For å auka livskvalitet og trivsel treng vi difor å fokusera på eit inkluderande og trygt samfunn med gode og tilgjengelege fellesarenaer, og å sikra god kvalitet i velferdstenestene. I komande økonomiperiode er det fleire satsingar som byggjer opp under dette målet.

### Skular og barnehagar

Eit viktig grep i omstillingsarbeidet handlar om å utvikla tenestene våre i tråd med befolkningsendringar. Framover vert vi færre barn, og dermed også færre elevar. Det betyr at kommunen må vurdere kva for barnehagar og skular som etter kvart vil ha få barn og elevar, og kva for barnehagar og skular som treng meir kapasitet. Ved å tilpassa struktur for skular og barnehagar i tråd med befolkningsendringar framover, får vi også ei meir økonomisk berekraftig teneste. Det er nødvendig for å sikra at vi har nok ressursar til å styrka arbeidet med kvalitet og kompetanse inn i tenestene til barn og unge.



I dei komande åra skal det også byggast nye barnehagar og skular. I slutten av 2024 vert den nye barnehage- og skulebruksplanen politisk behandla. Nye Fjell ungdomsskule er allereie under planlegging, og forventa ferdig i 2027. Det er framlegg om å bygga ny barneskule på Bildøy og ny skule på vestsida lokalisert til Ulveset.

I arbeidet med Øygarden 2040 og barnehage- og skulebruksplanen er det sett fokus på eit stort vedlikehaldsetterslep i kommunen. For å sikra at vi driftar bygg og eigedom på ein måte som ivaretek verdiane best mogleg, er det nødvendig å styrka vedlikehaldsarbeidet. Det er sett av kr 35 mill ekstra til planlagt byggvedlikehald, i tillegg til allereie løyvde midlar dei neste fire åra til dette arbeidet.

### Gode oppvekstvilkår for barn og unge

Å sikra gode oppvekstvilkår har stor betydning, både for det enkelte barn, men også frå eit samfunnsøkonomisk perspektiv. Som samfunn kan vi potensielt spare mykje pengar gjennom tidleg innsats og førebyggjing, framfor å arbeida med kompenserande tiltak seinare i livet.

### Språk som grunnleggande ferdigheit for å meistra livet

Språk er ei viktig satsing i kommunen. Gjennom å sikra barn gode språkkunnskapar, gir vi dei også gode føresetnadar for å meistra resten av livet. Investering i språk tidleg i livet til barn er slik sett god førebyggjing og god folkehelse. Dei komande åra vil kommunen vidareføra satsinga på inkluderande spesialpedagogikk, og midlane til dette er auka med kr 6 mill i økonomiplanperioden. Det handlar om å sikra at kompetansen til spesialpedagogar er tilgjengeleg og tettast på barna. Ved å flytta denne kompetansen ut til skule og barnehage vil vi sikra god kvalitet i dei allmennpedagogiske arbeidet.

### Styrka arbeidet med utsette barn og familiar

I økonomiplanperioden vert det tverrfaglege arbeidet rundt sårbare barn og familiar styrka. Barn og

ungdom som slit har ofte komplekse utfordringar knytt til psykisk helse, rus, utanforskap, manglande meistring og tilhørsløse. Kommunen ønsker å møte denne utfordringa gjennom å etablere eit tverrfagleg og operativt team som skal retta seg særleg inn mot sårbare barn og familiar. I økonomiplanperioden er det sett av kr 10 mill til dette arbeidet. Dette må også sjåast i saman med ungdomstenesta, etablering av bustadkontor og familiesatsinga til NAV. Saman vil dette vera viktige grep for å løfta familiar ut av vanskelege kår, og samtidig avlasta sosialbudsjettet til kommunen.



Samtidig som vi styrkar det førebyggjande arbeidet, skal vi også sikra tilstrekkeleg kapasitet til dei borna som har behov for omplassering eller institusjonsplass. I budsjettet er det difor lagt inn ei auke på kr 22 mill til statlege fosterheimsplassar i barnevernet. Kommunen er nøydd å arbeida både førebyggjande og reparerande framover i ein periode, for å etter kvart å dreia ressursane i ei meir førebyggjande retning.

### Styrka fokus på norskopplæring og integrering

I økonomiplanperioden er det også sett av rundt kr 6 mill til arbeidet med fleirspråklege. Grunnleggjande norskkunnskapar er sentralt for å meistra både arbeidet og eige liv. Arbeidet retta mot fleirspråklege vert også styrka ved etablering av integrerings- og læringscenteret. Ved å samla fleire tenester i eit felles senter skal vi arbeida for å betre integrera og inkludera framandspråklege i Øygardssamfunnet.

### Betre kvardag for dei eldre



Dei neste åra vil Øygarden kommune få vesentleg fleire eldre innbyggjarar i kommunen. Dei eldre skal ha høve til å bu heime lengst mogleg, samtidig som dei også skal ha tilgang på heildøgns omsorgsplass når det er naudsynt. I økonomiplanperioden er det lagt opp til ei investering på om lag kr 430 mill for å sikra at kommunen har tilstrekkeleg plassar til heildøgnsomsorg. Det er planlagt ein ny institusjon på Straume for 80 plassar. Det hastar med å få på plass fleire plassar med heildøgns omsorg. I økonomiplanen er det difor lagt inn i underkant av kr 20 mill for å utvikla Straume bu- og servicesenter og Hidlamyrane.

Bruk av velferdsteknologi kan sikra god og effektiv drift i dei kommunale helse- og velferdstenestene, og bidra til å auka kvaliteten i tenestene. Øygarden kommune har arbeidd målretta over tid med velferdsteknologi, og i inneverande økonomiplanperiode skal dette arbeidet fortsetta. I komande økonomiplanperioden er det sett av kr 4 mill til å styrka og vidareutvikla dette arbeidet. Velferdsteknologi er nødvendig for å gje tryggleik for eldre som ønsker å bu heime lenger, og dei som treng digital heimeoppfølging for å meistra kvardagen sin betre.

### Smartare arbeidsfordeling innan helse

Fleire eldre krev ikkje berre fleire institusjonsplassar, men også fleire tilsette. Det siste året har vi arbeidd systematisk med å sjå korleis vi kan tilpassa oss ei framtid der vil vi ha mindre tilgang på helsekompetanse. Det er gjort justeringar i pleiefaktor/bemanningsfaktor for å redusera kostnadsauken knytt til nye heildøgns omsorgsplassar, samtidig som vi også ser på kva oppgåver som

kan løysast av anna kompetanse. I økonomiperioden er det blant anna set av kr 7,2 mill til prosjektet «Vår nye ressurs». Det handlar om å gje flyktningar tilbod om arbeidstrening i helseinstitusjonar, samtidig som dei får norskopplæring. I arbeidspraksis vil desse kunna bidra med ulike oppgåver som i dag vert gjort av helsepersonell. Føremålet er slik sett å gje betre arbeidstilknytning til flyktningar, og samtidig frigjera tid hos for helsepersonell.

### Kultur, idrett og frivilligheit

Varierte og inkluderande fritidsaktivitetar er eit viktig grep for å sikra god folkehelse og trivsel i befolkninga. Samarbeid med frivillige er også nødvendig for at dei eldre skal kunna ha tilgang på meningsfulle aktivitetar, og meistra livet heime lengst mogleg. Øygarden kommune støttar ulike frivillig organisasjonar som legg til rette for mange gode møteplassar og aktivitetstilbod i kommunen. Årleg bidreg kommunen med over kr 5 mill i ulike kulturtilskot. I den komande økonomiplanen skal også arbeidet med frivilligheit og lokalsamfunnsutvikling styrkast. Det handlar blant anna om å finna ein modell for eit systematisk og godt samarbeid med ulike grendalag og frivillige organisasjonar, med mål om å utløysa meir frivilligheit i kommunen.



5 mill. årleg  
til kulturtilskot

Fjell festning er eit viktig minnesmerke frå andre verdskrig, og eit populært friluftst- og turområde i kommunen. I inneverande økonomiplanperiode er det sett av kr 8,4 mill for drift av festningsanlegget.

### Ta vare på dei som treng det mest

For å sikra livskvalitet er det vesentleg å leggja til rette for aktivitetar som kan bidra til meistring, mening og inkludering, uavhengig av alder og funksjonsnivå. Kommunen treng også gode løysingar for å sikra avlastning til pårørande med krevjande omsorgsoppgåver. Øygarden kommune har allereie fleire gode tiltak og aktivitetar retta mot personar med ulikt funksjonsnivå og aldersgrupper. I økonomiplanperioden er det prioritert ei styrking av avlastingstilbodet for barn og unge, med ein auke på kr 10 mill i perioden.



10 mill. til å styrka  
avlastingstilbodet til barn

NAV sitt samfunnsoppdrag er å bidra til sosial og økonomisk tryggleik og fremma overgang til arbeid og aktivitet. Målet er å skapa eit inkluderande samfunn, eit inkluderande arbeidsliv og ein velfungerande arbeidsmarknad. Særleg har det siste året vore ei auke i tal innvilga søknadar om økonomisk sosialstønad. NAV melder om auka behov for økonomisk sosialstønad grunna høg prisvekst, høge bukostnadar og renteheving. I tillegg er det mange bustadlause. I økonomiplanperioden vert det difor lagt inn ein auke på kr 14 mill til denne ytinga.

### Øygarden er eit kompetent, innovativt og produktivt samfunn

Næringsutvikling er eit viktig satsingsområde for Øygarden kommune. Hovudmålet om å vera eit kompetent, innovativt og produktivt samfunn handlar om å skapa gode rammevilkår for berekraftig verdiskaping, tilgang på rett kompetanse og system for eit meir inkluderande arbeids- og næringsliv.

I ei tid med stram kommuneøkonomi er det særleg viktig å lukkast med både næringsutvikling og

innovasjon. Det vil skapa arbeidsplassar og ringverknadar i samfunnet, og slik sett styrka kommuneøkonomien. Framtidssamfunnet er under etablering, og vil vera eit viktig satsingsområde i inneverande økonomiplanperiode. Det er sett av kr 4 mill til drift av Framtidssamfunnet i økonomiplanperioden, der ein skal testa ut ulike løysingar for morgondagens utfordringar.



Med ny nærings sjef på plass skal kommunen også vidareføra arbeidet med å vera ein næringsvenleg kommune. Det handlar både om dialog med arbeidslivet, men også å sikra gode velferdstenester og eit godt omdømme. Det gjer kommunen attraktivt å både bu i og driva næring i. Næringsarbeidet i kommunen er slik sett ei heilskapleg satsing, der både tenester, plan- og byggesak og nærings sjefen spelar ei viktig rolle.

Arbeidet med å vidareutvikla dei grøne hubane i Øygarden kommune fortsett inn i økonomiplanperioden. Dette er eit viktig område for kommunen, der vi legg til rette for synergjar og omstilling av næringslivet. Turisme og Øygarden som destinasjon har også fokus framover, med blant anna merking av Øygarden kommune som berekraftig reisemål.

### Øygarden er eit klima- og miljøvenleg samfunn



Innsparing på 4 mill.  
i ENØK-tiltak

Øygarden kommune har klare ambisjonar om å sikra ei klima- og samfunnsvenleg utvikling. Det er stor aktivitet innan fornybar energi og grøen omstilling i næringslivet. Samtidig arbeidar kommunen for å betra innbyggjarane sin tilgang til natur, friluftsområde, reinare luft, fleire sykkelveggar og eit betre kollektivtilbod.

Det er nyleg kome på plass ein klima- og miljøråd gjevar innanfor eksisterande budsjett. Denne stillinga vert vidareført i økonomiplanperioden. I 2025 startar også kommunen opp arbeidet med strategisk plan for klima og miljø. Denne prosessen vil tydeleggjera strategiar og prioriteringar som kommunen skal ha dei neste åra innanfor klima- og miljø.

Dei siste åra er det også arbeidd systematisk for å redusera energiforbruket på bygg. Gjennom energioppfølgingsystem kan vi lettare vurdere effekten av ulike tiltak og slik sett identifisera gode energitiltak. I inneverande økonomiplanperioden er det venta ei innsparing på kr 4 mill som følgje av ENØK tiltak og reduserte straumutgifter. Det skal ved opptak av lån vurderast om det kan takast opp grøne lån. Eit konkret prosjekt som skal vurderast er bygging av nye Fjell ungdomsskule.

I økonomiplanperioden ligg det inne fleire tiltak for å omstilla kommunen og Øy gardssamfunnet til eit meir klima- og miljøvenleg samfunn. Blant anna skal alle nye tenestebilar for heimesjukepleien vera elektriske, og i 2025 vert det anskaffa 70 nye bilar. Dette er bilar som tidlegare har vore leasa. Det vert innført bildeling på Straume, og kommunen forventar ein større reduksjon i bilar på bakgrunn av dette. Det vert også arbeidd med å optimalisera bilbruken generelt.



Utskifting av bilpark

Satsinga med LED-veglys fortsett også framover, og kommunen skal også skifte til LED-lys i kommunale bygg. I tillegg har kommunen gjort eit nybrottsarbeid som handlar om å kopla utleigesystemet Aktiv kommune til dei tekniske systema på bygga våre. Det gjer oss moglegheit til å behovsstyra bygg, slik at funksjonar som ventilasjon berre er på ved bruk av bygget. Samla sett vil alle desse tiltaka bidra til at kommunen reduserer utslepp, og også får innsparingar gjennom blant anna lågare straumforbruk.

Kommunen har utarbeidd det første klimarekneskapet for kommunal drift i 2023. Framover skal dette arbeidet vidareutviklast, og vil vera vesentleg for å målretta tiltak enda meir. I økonomiplanperioden skal det også arbeidast vidare med å merka Øygarden kommune som eit berekraftig reisemål. I dette ligg det blant anna å starta opp miljøfyrtårn-sertifisering for administrasjonsbygget. Det vert også arbeidd for å ivareta klima- og miljøperspektivet i andre viktige prosessar, som arealdelen til kommuneplanen og arbeidet med overordna risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS).

### Øygarden kommune er handlekraftig og innovativ

Det femte og siste hovudmålet i samfunnsdelen handlar om kommunen som organisasjon, og rolla vår som arbeidsgjevar og samfunnsutviklar. Samarbeid og samskaping er eit av hovudgrepa i samfunnsdelen, og er heilt nødvendig dersom vi skal lukkast i samfunnsutviklinga. Som kommune og samfunnsutviklar har vi eit særskilt ansvar for å ta initiativ, mobilisera og vera ein pådrivar for samfunnsutviklinga. Etableringa av Framtidssamfunnet er slik sett eit godt døme på dette.

Å vera ein ansvarleg samfunnsaktør handlar også om å arbeida systematisk med samfunnssikkerheit og beredskap. Vi lever i ei uroleg tid, med både klimaendringar og ein sikkerheitspolitisk krevjande situasjon i Europa og verden. Det er nyleg tilsett ein beredskapssjef som vil vidareutvikla beredskapsarbeidet til kommunen. Samarbeid med statlege aktørar, frivillige organisasjonar og næringsliv er særleg viktig for å møte dagens utfordringar.



Det systematiske sjukefråværsarbeidet i kommunen vert også vidareført i økonomiplanperioden. Sjukefråværet i kommunen har vore høgt over tid, noko som også er ei nasjonalt trend. Arbeidet med sjukefråvær og nærværsarbeid vil framleis ha tydeleg fokus framover.

I økonomiplanen vert det også prioritert å styrka vikarbudsjetet.

### Når vi måla ?

Det er viktig å følgja med på om Øygarden kommune er på riktig veg i for å nå dei politisk vedtekne måla. Kommunen følgjer utviklinga gjennom fleire måtar:

- Gjennom kvartalsvise rapporteringar vert det gitt status på oppdraga i økonomiplanen
- Det er også utarbeidd nøkkeltal på utvalde område, som det vert rapportert på i månadlege og kvartalsvise rapporteringar. Det gjeld mellom anna for Helse og Velferd og Samfunnsutvikling



- Det vert også årleg rapportert på indikatorar knytt til levekår og folkehelse. Desse vert også gjort greie for i årsmeldinga.

I økonomiplanperioden skal det jobbast ut betre system for måltal/ indikatorar både for det einssilde kommunalsjefsområdet og for organisasjon som heilskap, for å følgja med på om Øygarden kommune sine oppdrag og aktivitetar fører til ønska resultat.

## Budsjettvedtak



### Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettvedtak

1. Øygarden kommunestyre vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til driftsbudsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 slik det ligg føre.
2. Øygarden kommunestyre vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til investeringsbudsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 slik det ligg føre.
3. Skatt til kommunen vert utskrive med maksimalsatsane.
4. Øygarden kommunestyre vedtek låneopptak til diverse investeringar med kr 110 mill i 2025.
5. Øygarden kommunestyre vedtek låneopptak til vidare utlån (startlån) med kr 100 mill i 2025.
6. Øygarden kommunestyre vedtar låneopptak til vidare utlån (startlån, forsøksordning for startlån til førstegangsetablerarar) med kr 40 mill i 2025.
7. Med heimel i eigedomsskattelova (esktl) § 2 skriv kommunestyret ut eigedomsskatt for året 2025. For eigedomsskatteåret 2025 skal det skrivast ut eigedomsskatt berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. esktl § 3 første ledd bokstav c. Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf esktl § 4 tredje ledd.

Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2025 er 7 promille, jf esktl § 11 første ledd.

Takstvedtekter for eigedomsskatt i Øygarden kommune vedteke i kommunestyret 19.12.2019 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2025, jf. esktl § 10.

Eigedomsskatten vert skriven ut i fire terminar jf. esktl § 25 første ledd.

Siste alminnelege taksering i kommunen vart gjennomført i 2023.

8. Gebyr og brukarbetaling, som ligg som vedlegg til budsjettet, vert gjort gjeldande for budsjett 2025.
9. Tilskot til Øygarden bustadutvikling KF er på kr 700 000 for 2025.
10. Tilskot til Øygarden kyrkjelege fellestråd er på kr 33 388 000 for 2025. I tillegg vert reinhaldstenester (verdi kr 720 000) gjeve som tenesteyting.
11. Øygarden kommunestyre vedtek budsjett for kontrollutvalet, kr 2 063 000, for 2025 i tråd med framlegg frå kontrollutvalet.

## Økonomisk oversikt drift etter § 5-6

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Rev. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028
Rammetilskot	-1 261 155	-1 291 000	-1 291 000	-1 375 000	-1 375 000	-1 375 000	-1 375 000
Skatt på inntekt og formue	-1 340 921	-1 418 000	-1 418 000	-1 512 000	-1 512 000	-1 512 000	-1 512 000
Eigedomsskatt	-176 966	-175 000	-176 200	-188 000	-188 000	-188 000	-188 000
Andre overføringer og tilskot frå staten	-140 452	-177 535	-177 535	-183 800	-205 650	-185 250	-218 950
Overføringer og tilskot frå andre	-403 472	-241 654	-285 131	-231 044	-230 844	-227 113	-228 613
Brukarbetalingar	-92 728	-84 203	-84 203	-80 110	-80 110	-80 110	-80 110
Sals- og leigeinntekter	-82 560	-84 525	-84 898	-86 972	-86 972	-86 972	-86 972
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-3 498 254</b>	<b>-3 471 916</b>	<b>-3 516 967</b>	<b>-3 656 926</b>	<b>-3 678 576</b>	<b>-3 654 445</b>	<b>-3 689 645</b>
Utgifter til løn	1 846 279	1 885 267	1 878 608	1 946 015	1 937 915	1 926 144	1 940 836
Sosiale utgifter	415 091	433 988	452 319	507 429	508 081	504 626	497 435
Kjøp av varer og tenester	847 326	769 036	785 069	802 815	799 058	784 658	793 456
Overføringer og tilskot til andre	265 793	205 266	220 877	215 843	214 568	213 193	215 093
Avskrivningar	147 990	157 000	157 000	150 000	150 000	150 000	150 000
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>3 522 479</b>	<b>3 450 557</b>	<b>3 493 873</b>	<b>3 622 102</b>	<b>3 609 622</b>	<b>3 578 621</b>	<b>3 596 821</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>24 225</b>	<b>-21 359</b>	<b>-23 094</b>	<b>-34 824</b>	<b>-68 954</b>	<b>-75 824</b>	<b>-92 824</b>
Renteinntekter	-49 618	-60 886	-60 886	-54 786	-43 656	-42 786	-44 786
Utbytte	-62 161	-37 300	-37 300	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	-13 677	-14 000	-14 000	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000
Renteutgifter	156 760	171 000	171 000	170 000	166 000	160 000	164 000
Avdrag på lån	112 297	111 000	111 000	106 000	108 000	115 000	120 000
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>143 601</b>	<b>169 814</b>	<b>169 814</b>	<b>166 214</b>	<b>175 344</b>	<b>177 214</b>	<b>184 214</b>
Motpost avskrivningar	-147 990	-157 000	-157 000	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>19 836</b>	<b>-8 545</b>	<b>-10 280</b>	<b>-18 610</b>	<b>-43 610</b>	<b>-48 610</b>	<b>-58 610</b>
<b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>							
Overføring til investering	359	0	0	0	0	0	0
Avsetningar til bundne driftsfond	17 961	0	8 158	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-21 025	-1 066	-7 490	-1 390	-1 390	-1 390	-1 390
Avsetningar til disposisjonsfond	0	16 000	16 000	20 000	45 000	50 000	60 000
Bruk av disposisjonsfond	-18 523	-6 389	-6 389	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års meirforbruk	1 392	0	0	0	0	0	0
<b>Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>-19 836</b>	<b>8 545</b>	<b>10 280</b>	<b>18 610</b>	<b>43 610</b>	<b>48 610</b>	<b>58 610</b>
<b>Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Rev. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028
Rammetilskot	-1 261 155	-1 291 000	-1 291 000	-1 375 000	-1 375 000	-1 375 000	-1 375 000
Inntekt- og formuesskatt	-1 340 921	-1 418 000	-1 418 000	-1 512 000	-1 512 000	-1 512 000	-1 512 000
Eigedomsskatt	-176 966	-175 000	-176 200	-188 000	-188 000	-188 000	-188 000
Andre generelle driftsinntekter	-140 452	-177 535	-177 535	-183 800	-205 650	-185 250	-218 950
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>-2 919 494</b>	<b>-3 061 535</b>	<b>-3 062 735</b>	<b>-3 258 800</b>	<b>-3 280 650</b>	<b>-3 260 250</b>	<b>-3 293 950</b>
<b>Korrigert sum løyvingar drift, netto</b>	<b>2 795 729</b>	<b>2 883 176</b>	<b>2 882 642</b>	<b>3 073 976</b>	<b>3 061 696</b>	<b>3 034 426</b>	<b>3 051 126</b>
Avskrivningar	147 990	157 000	157 000	150 000	150 000	150 000	150 000
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>2 943 719</b>	<b>3 040 176</b>	<b>3 039 642</b>	<b>3 223 976</b>	<b>3 211 696</b>	<b>3 184 426</b>	<b>3 201 126</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>24 225</b>	<b>-21 359</b>	<b>-23 094</b>	<b>-34 824</b>	<b>-68 954</b>	<b>-75 824</b>	<b>-92 824</b>
Renteinntekter	-49 618	-60 886	-60 886	-54 786	-43 656	-42 786	-44 786
Utbytte	-62 161	-37 300	-37 300	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	-13 677	-14 000	-14 000	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000
Renteutgifter	156 760	171 000	171 000	170 000	166 000	160 000	164 000
Avdrag på lån	112 297	111 000	111 000	106 000	108 000	115 000	120 000
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>143 601</b>	<b>169 814</b>	<b>169 814</b>	<b>166 214</b>	<b>175 344</b>	<b>177 214</b>	<b>184 214</b>
Motpost avskrivningar	-147 990	-157 000	-157 000	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>19 836</b>	<b>-8 545</b>	<b>-10 280</b>	<b>-18 610</b>	<b>-43 610</b>	<b>-48 610</b>	<b>-58 610</b>
<b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>							
Overføring til investering	359	0	0	0	0	0	0
Avsetningar til bundne driftsfond	17 961	0	8 158	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-21 025	-1 066	-7 490	-1 390	-1 390	-1 390	-1 390
Avsetningar til disposisjonsfond	0	16 000	16 000	20 000	45 000	50 000	60 000
Bruk av disposisjonsfond	-18 523	-6 389	-6 389	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	1 392	0	0	0	0	0	0
<b>Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>-19 836</b>	<b>8 545</b>	<b>10 280</b>	<b>18 610</b>	<b>43 610</b>	<b>48 610</b>	<b>58 610</b>
<b>Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Rev. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028
Politisk	17 235	20 934	20 934	23 609	21 859	23 609	21 859
Kommunedirektør	46 147	48 112	48 172	43 622	41 808	39 958	39 883
Finans og økonomi	89 214	93 859	95 131	103 686	103 947	103 940	103 733
Organisasjon og beredskap	374 166	369 950	368 103	372 159	372 959	373 609	373 802
Helse og velferd	1 046 193	1 052 585	1 070 120	1 096 966	1 114 389	1 114 289	1 138 020
Oppvekst	1 097 682	1 061 309	1 091 009	1 125 252	1 100 903	1 088 090	1 072 898
Samfunnsutvikling	347 061	332 709	342 190	354 260	351 409	336 509	346 509
Finans	-225 070	-97 347	-152 347	-46 968	-46 968	-46 968	-46 968
Utgåtte ansvar	410	0	0	0	0	0	0
<b>Sum løyvingar drift, netto</b>	<b>2 793 036</b>	<b>2 882 110</b>	<b>2 883 310</b>	<b>3 072 586</b>	<b>3 060 306</b>	<b>3 033 036</b>	<b>3 049 736</b>
Av dette:							
Netto renteutgifter og - inntekter	13	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	17 961	0	8 158	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-20 666	-1 066	-7 490	-1 390	-1 390	-1 390	-1 390
<b>Korrigert sum løyvingar drift, netto</b>	<b>2 795 729</b>	<b>2 883 176</b>	<b>2 882 642</b>	<b>3 073 976</b>	<b>3 061 696</b>	<b>3 034 426</b>	<b>3 051 126</b>

## Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Rev. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028
Investeringar i varige driftsmidlar	232 274	155 856	362 560	208 680	435 320	513 400	332 840
Tilskot til andre sine investeringar	2 820	1 240	1 240	4 180	5 300	5 300	1 950
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	942	1 000	1 000	1 100	1 100	1 100	1 100
Utlån av egne midlar	5 495	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0	0
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>241 531</b>	<b>158 096</b>	<b>364 800</b>	<b>213 960</b>	<b>441 720</b>	<b>519 800</b>	<b>335 890</b>
Kompensasjon for meirverdiavgift	-41 497	-31 571	-72 912	-41 736	-87 064	-102 680	-66 568
Tilskot frå andre	-41 603	-10 200	-10 200	-7 500	-25 000	0	-166 000
Sal av varige driftsmiddel	-2 673	0	0	-17 000	-15 000	-20 000	-10 000
Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne middel	-5 316	0	0	0	0	0	0
Bruk av lån	-117 738	-115 325	-280 688	-114 624	-297 556	-380 020	-92 222
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>-208 829</b>	<b>-157 096</b>	<b>-363 800</b>	<b>-180 860</b>	<b>-424 620</b>	<b>-502 700</b>	<b>-334 790</b>
Vidareutlån	124 044	70 000	120 000	140 000	100 000	100 000	100 000
Bruk av lån til vidareutlån	-120 254	-70 000	-120 000	-140 000	-100 000	-100 000	-100 000
Avdrag på lån til vidareutlån	42 955	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på vidareutlån	-44 534	0	0	0	0	0	0
<b>Netto utgifter vidareutlån</b>	<b>2 212</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Overføring frå drift	-359	0	0	0	0	0	0
Avsettingar til bundne investeringsfond	30 969	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	-33 182	0	0	0	0	0	0
Avsetningar til ubunde investeringsfond	556	0	0	0	0	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	-32 900	-1 000	-1 000	-33 100	-17 100	-17 100	-1 100
<b>Sum overføring frå drift og netto avsettingar</b>	<b>-34 915</b>	<b>-1 000</b>	<b>-1 000</b>	<b>-33 100</b>	<b>-17 100</b>	<b>-17 100</b>	<b>-1 100</b>
<b>Framført til inndekning i seinare år (udekt)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

### 1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Rev. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan Sum 2025- 2028
Ombygging/ rehab. bygg	1 548	0	0	0	0	0	0	0
Kommunale kaier - påkostning	641	0	0	0	0	0	0	0
Samlepost samferdsletiltak	1 441	0	0	0	0	0	0	0
Veglys, skifting til LED lys	660	0	5 940	4 500	4 500	5 000	4 500	18 500
Sundheimen	150	0	0	0	0	0	0	0
Ekerhovd skule Riving og tilrettelagging (4374)	2 590	0	0	0	0	0	0	0
Kjøpmannsvågen - Parkeringsplass FV561	0	0	481	0	0	0	0	0
Tednebakkanen - ombygging	2 259	0	0	0	0	0	0	0
Arseta - VA Rongøy - sentrumsplan	14 486	0	22 507	0	0	0	0	0
Aresta - Kryss del 2 m/kulvert	4 858	0	0	0	0	0	0	0
Vik kryss - Trafikksikring Toftøy FV 561	0	0	625	0	0	0	0	0
Spildepollen skule, idrettshall, fotballbane, infrastruktur og turveg	1 226	0	0	0	0	0	0	0
Spildepollen barnehage, forprosjekt og bygging	95	0	0	0	0	0	0	0
Teknisk servicebygg - Områdeutvikling sør	41 297	0	0	0	0	0	0	0
Porsvika fiskerihamn - lagerbygg	776	0	12 664	0	0	0	0	0
Brattholmen skule - oppgradering uteområde (5410)	4 974	0	1 992	0	0	0	0	0
Brattholmen - overvatn	677	0	0	0	0	0	0	0
Rode aust	434	0	0	0	0	0	0	0
Landro gravplass	0	0	988	0	0	0	0	0
IKT investeringar	3 396	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000	12 000
Kulvert/ busstopp - Idrettsvegen	3 820	0	0	0	0	0	0	0
Bil sone Straume MMNF	856	0	0	0	0	0	0	0
Velferdsteknologi sjukeheim	3 753	0	13 152	4 000	0	0	0	4 000
Grønapplassen	17 127	0	9 121	0	0	0	0	0
Snarveg til Varden frå Grønapplassen	3 150	0	0	0	0	0	0	0
Chromebooks	1 497	8 500	8 500	1 500	1 500	16 000	1 500	20 500
Grønmyrsvegen - ombygging av sentrumsgate	3 885	7 200	37 909	0	0	0	0	0
Liljevatnet barnehage, kulturskule - fase 2	0	0	270	0	0	0	0	0
Ombygging Øyg.rådhus U.etg og 2. etg til PPT	948	0	391	0	0	0	0	0
Ny skule vestsida (Ulveset)	12 096	0	6 335	0	0	0	15 000	15 000
Veten dagsturhytte	434	0	0	0	0	0	0	0
Blomvågen dagsturhytte	295	0	0	0	0	0	0	0
Fjell kyrkje, rehabilitering	12 521	15 000	29 755	0	0	0	0	0
Nytt datasystem barnevernet	708	0	491	0	0	0	0	0
Kolltveit skule, ombygging	24 188	0	0	0	0	0	0	0
Snusløyfe for buss - Torsvik	69	0	9 931	0	0	0	0	0



	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Rev. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan Sum 2025- 2028
Ågotnes skule - utbetring av uteområda	300	1 000	5 049	0	0	0	0	0
Varmepumper Tranevågen skule og Brattholmen skule	0	0	1 640	0	0	0	0	0
Asfaltering	4 004	8 000	11 996	5 000	8 000	8 000	8 000	29 000
Steinsland kai, rehabilitering	0	0	200	0	0	0	0	0
Døsjø kai	0	0	700	0	0	0	0	0
Knappskog molo	0	0	250	0	0	0	0	0
Toftøy kai	0	0	140	0	0	0	0	0
Selstø kai	0	0	230	0	0	0	0	0
Sulo kai - spesialinspeksjon	167	0	82	0	2 000	0	0	2 000
Vik kai - spesialinspeksjon	0	0	250	0	4 800	0	0	4 800
Rongesundet kai (ferjekai) - spesialinspeksjon	100	0	150	0	6 000	0	0	6 000
Ulvøyna bru, oppgradering	0	0	1 080	0	0	0	0	0
Rotevågsund bru, oppgradering	0	1 000	1 300	0	0	0	0	0
Dåvøy bru, oppgradering	0	400	650	0	0	0	0	0
Vestresundet bru, spesialinspeksjon	0	0	250	0	3 500	0	0	3 500
Oni bru, spesialinspeksjon	0	0	250	0	2 800	0	0	2 800
Nygårdsvegen, ny støttemur	0	0	2 100	0	0	0	0	0
Reservepost samferdsel/trafikktryggleik	493	4 000	8 506	0	0	0	0	0
Sund ungdomsskule, to nye stasjonar på skulekjøkken	0	0	600	0	0	0	0	0
Blomvåg skule, moglegheitsstudie etterbruk	827	0	473	0	0	0	0	0
Kunstgressbanar, maskiner og utstyr	0	500	500	0	0	0	0	0
Stranda barnehage, skifte ventilasjonsanlegg	8	0	991	0	0	0	0	0
Brattholmen gamle skule, planlegging flytting	186	0	113	5 000	0	0	0	5 000
Blærescanner	0	0	150	0	0	0	0	0
Velferdsteknologisk knutepunkt	4	0	496	0	0	0	0	0
Tednebakane, solskjerming	721	0	129	0	0	0	0	0
Tednebakane omsorgssenter, takheis	191	0	309	0	0	0	0	0
Led-lys, kommunale bygg	933	5 000	6 066	5 000	5 000	10 000	10 000	30 000
Nye Fjell ungdomsskule	809	10 000	11 191	15 000	180 000	193 000	0	388 000
Oppvekstadministrativt system (OAS)	0	0	2 000	0	0	0	0	0
Helsestasjonen, fagsystem	422	0	777	0	0	0	0	0
Gamle Fjell skule, moglegheitsstudie	24	0	476	0	0	0	0	0
Reinholdsmaskiner	500	500	500	500	500	0	0	1 000
Brattholmen skule, leikeområde og overvatn	0	0	4 000	0	0	0	0	0
Bil, hjelpemiddellager	631	0	0	0	0	0	0	0
Energikartlegging av bygg	0	3 000	6 000	0	0	0	0	0
Skålevik idrettsanlegg	464	0	953	0	0	0	0	0
Kulturhuset, opprustning	739	4 000	6 160	0	0	0	0	0
Brannbil - mannskapsbil	6 334	0	0	0	0	0	0	0

	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Rev. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan Sum 2025- 2028
Innsatslederbil - ØBR	1 149	0	0	0	0	0	0	0
Bil ØBR forebyggende avdeling	444	0	0	0	0	0	0	0
Båtmotor til Ø.3.BÅT	308	0	0	0	0	0	0	0
Ombygging rådhuset (1. og 3. etg)	1 329	0	170	0	0	0	0	0
Turnusplanleggingssystem	0	0	600	0	0	0	0	0
Oppgradering uteområde skular	185	0	12 314	10 000	0	0	0	10 000
Pyttane, parkeringsplass	0	0	2 700	0	0	0	0	0
Varebil Crafter 50 - SV94923 (5412)	340	0	0	0	0	0	0	0
Varmepumpe Hjelteryggen skule	360	0	0	0	0	0	0	0
Lastebil MAN TGL - JV 27637	750	0	0	0	0	0	0	0
Fjell festning, parkering	3 948	0	0	0	0	0	0	0
Kunstbanerenser ATA 1200	574	0	0	0	0	0	0	0
Kompaktlaster Avant 520	411	0	0	0	0	0	0	0
Hjortefaret - Kleivane AS (Justeringsavtale)	1 921	0	0	0	0	0	0	0
Straumsfjellet avlastning, bil	0	1 150	1 150	0	0	0	0	0
Straume bu og servicesenter, bil	0	1 100	1 100	0	0	0	0	0
Straume bu- og servicesenter, heildøgns plassar	0	5 400	5 400	16 900	0	0	0	16 900
Nye omsorgsplassar	0	1 200	1 200	10 000	60 000	180 000	178 800	428 800
Moglegheitstudieutviklingshemma/ psykisk helse	0	1 200	1 200	0	0	0	0	0
Sundheimen, heis	0	913	913	0	0	0	0	0
Fjell sjukeheim, heis	0	913	913	0	0	0	0	0
Fjell sjukeheim, ventilasjonsanlegg	0	0	0	3 000	0	0	0	3 000
Kjøll, Fjell sjukeheim	0	300	300	0	0	0	0	0
Storkjøkken, større kjøkkenmaskiner	0	700	700	1 000	700	700	0	2 400
Sundheimen, nødstrømsaggregat	0	550	550	0	0	0	0	0
Fjell sjukeheim, moglegheitsstudie	0	1 000	1 000	0	0	0	0	0
ejournal lege	0	1 000	1 000	0	0	0	0	0
ejournal omsorgstenesta	0	2 500	2 500	2 500	0	0	0	2 500
Nørce feedback verktøy	0	150	150	0	0	0	0	0
Omsorgsbustader for unge vaksne	0	600	600	5 000	35 000	0	0	40 000
Sansehage Tednebakkane	0	500	500	0	0	0	0	0
Rådhuset, kontoroptimalisering	0	2 000	2 000	0	0	0	0	0
Ternholmvegen 4, miljøsanering og riving	0	400	400	0	0	0	0	0
Fotballmål, kommunale kunstgressbanar	0	250	250	750	250	250	0	1 250
Fliskutter	0	750	750	0	0	0	0	0
Møvik, overvass-system og sikring flom	0	2 500	2 500	0	0	0	0	0
Overvasssystem ulike stader	0	2 000	2 000	2 000	0	0	0	2 000
Steinsvikvegen bru, nytt rekkverk	0	150	150	0	0	0	0	0
Gartnarutstyr	0	600	600	0	0	0	0	0
Sotra Arena, prosjektering varmeanlegg	0	0	0	1 000	0	0	0	1 000
Ågotnes kunstgressbane, bytte til lysarmatur	0	1 000	1 000	0	0	0	0	0
Rong kunstgressbane, bytte til lysarmatur	0	1 000	1 000	0	0	0	0	0

	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Rev. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan Sum 2025- 2028
Møvik, sanering av kommunal leikeplass med brakkerigg	0	300	300	0	0	0	0	0
Adgangskontroll, kommunale bygg	0	500	500	2 000	500	500	500	3 500
Møvik kai	0	500	500	0	0	0	0	0
Etablering av ny veglys og intensivbelysning	0	500	500	1 000	1 000	500	500	3 000
Oppgradering aggregat for basseng, Rong	0	600	600	0	0	0	0	0
Reinhaldsrobot	0	800	800	1 150	1 150	1 150	1 150	4 600
Sanering kommunale leikeplassar	0	600	600	0	0	0	0	0
Prosjektoppfølgjing kommunale vegar	0	1 200	1 200	1 200	1 200	1 200	1 200	4 800
Transaksjonskostnader eigedomsoverføringer	0	500	500	500	500	500	500	2 000
Kameraovervåking, gangtunnel Straume sjøfront	0	150	150	0	0	0	0	0
Idrettshaller, utstyr for halltelling	0	150	150	200	0	0	0	200
Sund ungdomsskule, utbetring av uteområde	0	5 000	5 000	0	0	0	0	0
Fjell ungdomsskule, styring av varmeanlegg	0	800	800	0	0	0	0	0
Skålevik kunstgressbane, fjellsikring	0	550	550	0	0	0	0	0
Landro skule, inngangsparti gammel SFO	0	125	125	0	0	0	0	0
Fallunderlag leikeplassar	0	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
Brattholmen skule, varmpumper	0	2 000	2 000	0	0	0	0	0
Foldnes skule, tak	0	3 500	3 500	0	0	0	0	0
Foldnes skule, fasadeoppgradering blått bygg	0	800	800	0	0	0	0	0
Skogsvåg skule, glasstak	0	700	700	0	0	0	0	0
Stranda skule, varmpumpe fellesbygg	0	1 200	1 200	0	0	0	0	0
Tranevågen skule, varmpumpe	0	1 500	1 500	0	0	0	0	0
Stranda barnehage, varmpumpe	0	900	900	0	0	0	0	0
Ekerhovd, nærmiljøtiltak	0	1 100	1 100	0	0	0	0	0
Misje, nærmiljøtiltak	0	1 100	1 100	0	0	0	0	0
Pollen, nærmiljøtiltak	0	0	0	1 100	0	0	0	1 100
Glesnes skule, miljøsanering og riving	0	1 800	1 800	0	0	0	0	0
Telavåg skule, miljøsanering og riving	0	3 000	3 000	0	0	0	0	0
Hjelteryggen skule, ventilasjonsanlegg	0	2 000	2 000	0	0	0	0	0
Ulveseth skule, strakstiltak for å oppretthalde minimumsnivå for elevar og tilse	0	2 000	2 000	0	0	0	0	0
Skålevik skule, strakstiltak for å oppretthalde minimumsnivå for elevar og til	0	1 000	1 000	0	0	0	0	0
Ulveseth, sikring av brønn	0	200	200	0	0	0	0	0
Foldnes skule, uteområde	0	4 000	4 000	0	0	0	0	0
Arbeidsbåt brann (feiging)	0	925	925	0	0	0	0	0
Pusteluftsyttem, røykdykkarar	0	400	400	0	0	0	0	0

	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Rev. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan Sum 2025- 2028
Kantine rådhus, kjøle- og fryserom	0	800	800	0	0	0	0	0
Innbyggjartorg/ bibliotek, mobil teleslynge	0	280	280	0	0	0	0	0
Oppmålingsutstyr	0	1 600	1 600	0	0	0	0	0
Hydrogenbil	0	350	350	0	0	0	0	0
Ågotnes innfartsparkering	359	3 000	3 000	0	0	0	0	0
Robustbustader	0	1 000	1 000	0	0	0	0	0
Infrastruktur sentrumsområde	0	0	10 000	0	0	0	0	0
Infrastruktur kommunesenter: Nygata	0	2 000	2 000	0	0	0	0	0
Utbetring Foldnes skule	1 884	0	0	0	0	0	0	0
Foldnesvegen BT2	1 183	0	0	0	0	0	0	0
Fjellsikring	0	500	1 100	800	800	800	800	3 200
Blomvåg vest	7 939	0	0	0	0	0	0	0
Blomvåg infrastruktur	87	0	7 506	0	0	0	0	0
Opprusting kommunale vegar	85	0	0	0	0	0	0	0
Rundkøyring Sotra Arena	18 732	0	0	0	0	0	0	0
Tilstandskartlegging av bruksbygg	0	3 000	6 000	0	0	0	0	0
El-skap og brannsentralutskifting på alle bygg	300	0	0	0	0	0	0	0
Miljøretta helsevern(5410)	227	0	0	0	0	0	0	0
Sanering av Misje skule	1 644	0	155	0	0	0	0	0
Ombygging varmelegg ØLMS - kjølebehov	883	0	0	0	0	0	0	0
Ombygging av Bildøy barnehage	2 444	0	0	0	0	0	0	0
Kjøp av tomter	15	0	0	0	0	0	0	0
Sal av Tveitane 13	64	0	0	0	0	0	0	0
Sundhallen, tak og fasade	0	0	0	3 000	0	0	0	3 000
Turøy kai og molo	0	0	0	0	0	1 000	0	1 000
Misje kai	0	0	0	0	0	260	0	260
Åse kai	0	0	0	100	0	0	0	100
Solsvik kai	0	0	0	100	0	0	0	100
Nautnes kai	0	0	0	240	0	0	0	240
Blomgangstø kai	0	0	0	0	190	0	0	190
Dalseidet kai	0	0	0	0	100	0	0	100
Rongesundet kai	0	0	0	0	220	0	0	220
Dalsneset kai	0	0	0	0	100	0	0	100
Brevik kai	0	0	0	0	130	0	0	130
Alvheim kai	0	0	0	500	0	0	0	500
Lyngøyna kai	0	0	0	0	240	0	0	240
Hernar kai	0	0	0	1 350	0	0	0	1 350
Svellingen bru	0	0	0	0	0	0	1 050	1 050
Alvheimsundet bru	0	0	0	0	0	1 000	0	1 000
Nålura bru	0	0	0	0	200	0	0	200
Infrastruktur kommunesenter: Lonavegen	0	0	0	2 500	0	0	0	2 500
Infrastruktur kommunesenter: Straumsallm frå Gjertrudvegen mot Sartorparken	0	0	0	2 000	1 000	4 000	0	7 000
Straume helsestasjon, bytte tak	0	0	0	0	12 300	0	0	12 300
Skogsvåg barnehage, uteområde	0	0	0	250	3 000	0	0	3 250
Landro skule, tak	0	0	0	0	4 400	0	0	4 400
Sanering oljetanker	0	0	0	600	1 500	0	0	2 100

Rekneskap	Opph.	Rev.	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
2023	budsjett	budsjett	2025	2026	2027	2028	Sum	
	2024	2024					2025-	
							2028	
Sund ungdomsskule, fasadeoppgradering	0	0	0	1 500	0	0	0	1 500
Sund ungdomsskule, ventilasjonsanlegg	0	0	0	2 000	0	0	0	2 000
Røykdykkarbil	0	0	0	3 200	0	0	0	3 200
Tednebyggane, heildøgnsplassar	0	0	0	0	4 200	6 200	0	10 400
Misje, mur	0	0	0	900	0	0	0	900
Busskur, kommunale vegar	0	0	0	800	500	500	500	2 300
Stranda skule, varmpumpe	0	0	0	1 500	0	0	0	1 500
Liljevatnet barnehage, varmpumpe	0	0	0	2 250	0	0	0	2 250
Fjell sjukeheim, kjøll og fryseanlegg	0	0	0	650	0	0	0	650
Straume helsesenter, rehabilitering	0	0	0	3 000	0	0	0	3 000
Knappskog skule, SD anlegg	0	0	0	1 500	0	0	0	1 500
Ågotnes skule, varmpumpe	0	0	0	5 000	0	0	0	5 000
Ågotnes skule, legionellaanlegg	0	0	0	500	0	0	0	500
Øygarden ungdomsskule, brannalarmanlegg	0	0	0	1 700	0	0	0	1 700
Tednebyggane, legionella-anlegg	0	0	0	500	0	0	0	500
Ladeinfrastruktur	0	0	0	2 000	0	0	0	2 000
Leikeplassar utanfor skular og barnehagar	0	0	0	500	0	0	0	500
Avfallscontainere	0	0	0	2 000	2 000	2 000	0	6 000
Trafikksikring	0	0	0	1 500	1 500	1 500	1 500	6 000
Gamle Straumsundet bru, forprosjekt	0	0	0	1 500	0	0	0	1 500
Dala, utbetring av kommunalt kryss	0	0	0	1 500	0	0	0	1 500
Tednebyggane, uteområde	0	0	0	2 000	0	0	0	2 000
Tussetjødna barnehage, riving	0	0	0	600	0	0	0	600
Ulveset barnehage, riving	0	0	0	700	0	0	0	700
Algrøy skule, riving	0	0	0	0	1 900	0	0	1 900
Fjell skule, rive gymsal	0	0	0	1 300	0	0	0	1 300
Straume terapiserter, varmpumpe	0	0	0	0	5 000	0	0	5 000
Skogsskiftet, turveg	0	0	0	250	0	0	0	250
Heimetenesta, Keyless tilgang	0	0	0	1 500	1 500	0	0	3 000
Kompetansesentrum	0	0	0	500	0	0	0	500
Gangstø ressurssenter, etableringskostnader ved flytting til gamle Blomvåg skule	0	0	0	1 000	0	0	0	1 000
Parkeringsløyving rådhuset og helselandsbyen	0	0	0	1 500	0	0	0	1 500
Legevaktstelefon	0	0	0	300	0	0	0	300
Automatiske senger	0	0	0	340	340	340	340	1 360
Krossleitet, riving av lagerbygg	0	0	0	500	0	0	0	500
Infrastruktur Straume	0	0	0	0	12 000	14 000	0	26 000
Adgangskontroll, Skogsskiftet	0	0	0	2 000	0	0	0	2 000
Frihuset på Ågotnes, rive	0	0	0	0	1 300	0	0	1 300
Universell utforming av offentlege areal	0	0	0	1 500	1 500	1 500	1 500	6 000
Bilar	0	0	0	40 000	20 000	20 000	0	80 000
Sportsutstyr i idrettshallar	0	0	0	1 000	500	500	500	2 500
Veglysl langs kommunale vegar	0	0	0	1 000	0	0	0	1 000

	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Rev. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan Sum 2025- 2028
Robotgressklippere	0	0	0	300	0	0	0	300
Overføringskostnader ved Sund skule	0	0	0	500	0	0	0	500
Ny skule Bildøy	0	0	0	0	12 000	38 000	100 000	150 000
Tednebakkane, bil	0	0	0	1 150	0	0	0	1 150
Tednebakkane, kjøkken	0	0	0	0	3 000	0	0	3 000
Straume bu- og servicesenter, tak	0	0	0	0	13 000	0	0	13 000
Oppgradera styringseiningar på ulike bygg	0	0	0	0	1 500	0	0	1 500
Tednebakkane omsorgssenter, nye ventilasjonsanlegg	0	0	0	0	4 150	0	0	4 150
Tednebakkane omsorgssenter, sirkulasjon av varmt tappevatn	0	0	0	0	350	0	0	350
Angelvik, utbetre bussnuplass inkl nytt busskur	0	0	0	500	1 000	0	0	1 500
<b>Investeringar i varige driftsmidlar</b>	<b>232 274</b>	<b>155 856</b>	<b>362 560</b>	<b>208 680</b>	<b>435 320</b>	<b>513 400</b>	<b>332 840</b>	<b>1 490 240</b>

## 2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Rev. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan Sum 2025- 2028
Gravemaskin, kyrkja	400	0	0	0	0	0	0	0
Landro kyrkje, varmpumper	200	0	0	0	0	0	0	0
Kausland kyrkje, varmpumpe	200	0	0	0	0	0	0	0
Varmestyringssystem, kyrkjer	1 000	0	0	0	0	0	0	0
Foldnes kyrkje, tilbake stille lokale etter barnehagedrift	0	600	600	0	0	0	0	0
Kausland kyrkje og kykjelydhus, alarmanlegg	0	320	320	0	0	0	0	0
Sund kyrkje, alarmanlegg	0	320	320	0	0	0	0	0
Rundkøyning Sotra Arena	1 000	0	0	0	0	0	0	0
Justeringsavtale mva	20	0	0	0	0	0	0	0
Investeringar, kyrkja	0	0	0	4 180	5 300	5 300	1 950	16 730
<b>Tilskot til andre sine investeringar</b>	<b>2 820</b>	<b>1 240</b>	<b>1 240</b>	<b>4 180</b>	<b>5 300</b>	<b>5 300</b>	<b>1 950</b>	<b>16 730</b>

### 3. Investeringar i aksjer og andelar i selskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Rev. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan Sum 2025- 2028
Kjøp av aksjar og andelar	942	1 000	1 000	1 100	1 100	1 100	1 100	4 400
<b>Investeringar i aksjar og andelar i selskap</b>	<b>942</b>	<b>1 000</b>	<b>1 000</b>	<b>1 100</b>	<b>1 100</b>	<b>1 100</b>	<b>1 100</b>	<b>4 400</b>

### 4. Utlån av egne midler

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Rev. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan Sum 2025- 2028
Utlån til KF	5 495	0	0	0	0	0	0	0
<b>Utlån av egne midlar</b>	<b>5 495</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum del 1-4</b>	<b>241 531</b>	<b>158 096</b>	<b>364 800</b>	<b>213 960</b>	<b>441 720</b>	<b>519 800</b>	<b>335 890</b>	<b>1 511 370</b>

## Folketalsutvikling




### Demografisk utvikling

Ein viktig føresetnad for økonomiplanen er folketalsutviklinga i kommunen og alderssamansetninga. Per 30. juni 2024 var 40 033 personar busett i Øygarden kommune. I løpet av første halvår 2024 var folkeveksten på 0,67 prosent. Prognosar for folketalet i Øygarden (Elevtals- og folketalsrapport – Norconsult:2024) tilseier at vi 15 år fram i tid kan rekna med å vera rundt 45 000 innbyggjarar. Dette er om lag tilsvarande framskrivinga i høgvekstalternativet (HHMH) frå Statistisk sentralbyrå (2024).

Nasjonale og globale trendar påverkar korleis demografien ser ut i Øygarden kommune, og korleis folketalet vil utvikla seg framover. Slike trendar og utviklingstrekk må kommunen kjenna til, for å vera i forkant og ha moglegheit til å tilpassa seg utviklinga. Sentralisering og urbanisering er tydelege trendar nasjonalt, der folk i større grad busett seg i og nær større byar og tettstader enn tidlegare. Små kommunar opplever i større grad fråflytting, medan det er dei større kommunane som opplever vekst. Nasjonalt ser ein også både aukande globalisering (men avtakande vekst i innvandring), ei aldrende befolkning (særskild i distrikta), og avtakande fødselsratar. Ein kan også sjå at stadig fleire bur åleine, og at det er fleire par utan barn enn tidlegare. Den same utviklingsretninga ser vi også i Øygarden.

Veksten i folketalet vert påverka av fødselsoverskot (fødde minus døde), netto innanlandsk flytting (innflytting minus utflytting), samt netto innvandring (innvandring minus utvandring). Figuren under viser fødselsoverskot og nettoinnflytting (inkl. nettoinnvandring) over tid.






Figur 1: Kjelde - SSB, tabell 06913


Kommunen har lenge hatt ei ung befolkning, men dette er i ferd med å endra seg. Vi står ovanfor ei endring i den demografiske samansetnaden. Øygarden har lenge vore attraktiv for barnefamiljar, og over tid har vi hatt høg innanlandsk nettoinnflytting. Dette har bidratt til den høge prosentdelen barn og unge i kommunen. I figuren over kan vi sjå at nettoinnflytting er den komponenten som har svinga mest over tid, men den langsiktige utviklinga viser ein nedgåande trend. Også fødselsoverskotet er svakt nedgåande over tid. Som følge av dette er det venta lågare vekst i talet på barn og unge dei neste 20 åra enn det vi har hatt fram til no.

Samstundes fører betre helse og levkår til stadig aukande levealder. Saman med store kull etter andre verdskrig som no har nådd pensjonsalder, fører dette til at vi blir fleire eldre. Utviklinga skjer raskt, og allereie om ti år vil det vera dobbelt så mange personar over 80 år som i dag. 20 år frå no vil folketallet i denne aldersgruppa ha tredobla seg samanlikna med i dag.



Figur 2: Befolkningspyramide som viser aldersfordeling i dag og 20 år fram i tid. Høgvekstalternativet (HHMH) Kjelde: SSB, tabell 14288.


For kommunen vil dette bety eit aukande behov for helse- og omsorgstenester i åra framover. Samstundes vil det per eldre innbyggjar bli færre i arbeidsfør alder, noko som inneber mindre skatteinntekter til å finansiera tenestene. Figuren under viser forsørgarbyrde for høvesvis barn og eldre.



Figur 3: Forsørgarbyrde barn: Talet på personar under 20 delt på talet på personar i aldersgruppa 20-64. Forsørgarbyrde eldre: Talet på personar 65 år eller eldre delt på talet på personar 20-64 år. Kjelde: SSB tabell 14293.

## Demografi

### Befolkningsprognose




	2024	2029	2034	2039	2044	2049
0 - åringar	377	403	432	446	438	419
Barnehage (1-5 år)	2 274	2 061	2 198	2 330	2 343	2 278
Grunnskole (6-15 år)	5 442	5 037	4 569	4 532	4 791	4 920
Videregående (16-19 år)	2 117	2 131	2 050	1 843	1 749	1 844
Voksne (20-66 år)	23 717	24 477	24 886	24 795	24 592	24 377
Eldre (67-79 år)	4 430	4 816	5 326	6 119	6 556	6 661
Eldre (80-89 år)	1 184	1 786	2 241	2 446	2 770	3 314
Eldre (90 år og eldre)	227	256	386	612	777	900
<b>Total</b>	<b>39 768</b>	<b>40 967</b>	<b>42 088</b>	<b>43 123</b>	<b>44 016</b>	<b>44 713</b>

Prognose type : Middels nasjonal vekst

Prognose periode : 25

## Prognose vekst



	2024	2029	2034	2039	2044	2049
0 - åringer	100,0 %	106,9 %	114,6 %	118,3 %	116,2 %	111,1 %
Barnehage (1-5 år)	100,0 %	90,6 %	96,7 %	102,5 %	103,0 %	100,2 %
Grunnskole (6-15 år)	100,0 %	92,6 %	84,0 %	83,3 %	88,0 %	90,4 %
Videregående (16-19 år)	100,0 %	100,7 %	96,8 %	87,1 %	82,6 %	87,1 %
Voksne (20-66 år)	100,0 %	103,2 %	104,9 %	104,5 %	103,7 %	102,8 %
Eldre (67-79 år)	100,0 %	108,7 %	120,2 %	138,1 %	148,0 %	150,4 %
Eldre (80-89 år)	100,0 %	150,8 %	189,3 %	206,6 %	234,0 %	279,9 %
Eldre (90 år og eldre)	100,0 %	112,8 %	170,0 %	269,6 %	342,3 %	396,5 %
Total	100,0 %	103,0 %	105,8 %	108,4 %	110,7 %	112,4 %

Prognose type : Middels nasjonal vekst

Prognose periode : 25

## Klima og miljø



### Innleiing

Endringar i klima og miljøpåverknad på naturen er ei av dei største utfordringar vi står overfor, både som verdssamfunn, nasjon og lokalsamfunn. Gjennom Parisavtalen har Noreg forplikta seg til å redusera klimagassutsleppet med minimum 55 prosent samanlikna med nivået i 1999. Det forsterka klimamålet som vart meldt inn i 2022 er eit teikn på at regjeringa ønsker å vidareføra klimasamarbeidet med EU.

For å nå det forsterka klimamålet er det naudsynt med større grep i nær framtid. Øygarden kommune spelar også ei viktig rolle i dette arbeidet.

Øygarden kommune har ikkje vedtatt eit konkret måltal for kor mykje klimagassutslepp vi skal redusera. Samfunnsdelen til kommuneplanen har likevel eit eige hovudmål som omhandlar klima og miljø; *Øygarden er eit klima- og miljøvenleg samfunn*. Her ligg også tre delmål:

- Øygarden kommune er ein klimaansvarleg og miljøbevisst organisasjon
- Øygarden er eit berekraftig lågutsleppsamfunn
- Øygarden er staden for gode naturopplevingar, fordi vi tek vare på naturen vår, på land og i sjø

Samarbeid er eit viktig premis for å nå desse målsetjingane. Det handlar både om samarbeid på tvers av kommuneorganisasjonen, men også ut mot næringsliv, lag, organisasjonar og innbyggjarar.

Måla og strategiane i samfunnsdelen er overordna og retningsgivande. Det er difor behov for å konkretisera strategiane ytterlegare i det vidare arbeidet. I 2025 startar arbeidet med strategisk plan for klima og miljø. Planen blir viktig for at kommunen skal gjera viktige klima- og miljøval, og setta konkrete mål med tiltak for å nå desse.

### Sentrale arbeidsområde i 2024

Overalt i kommuneorganisasjonen vert det gjort store og små val som fremjar klima og miljø. Strategiane i første delmål vert slik sett følgd godt opp. Med etablering av rådgjevarstilling for klima og miljø i kommunalsjefområde Samfunnsutvikling, er målet å samordna og målretta innsatsen betre. Det vert også arbeid med meir overordna oppgåver:

- Klimarekneskap 2023 for den kommunale drifta vart offentleggjort i juni 2024. Meir enn 90 % av kommunen sitt klimautslepp er knytt til kjøp av varar og tenester (kroner brukt). Det vert jobba med å henta ut statistikk frå leverandørsystem slik at endring i atferd og klimafotavtrykk vert meir nøyaktig. Det vert også arbeid med å finna form og omfang på ein berekraft rapport for kommunen. Dette er per i dag ikkje eit krav, og det føreligg ikkje analyse- og rapporteringsverktøy, slik det gjer for næringsverksemdar av ein viss storleik. Arealrekneskap viser endringar av arealbruk over tid. I arbeidet med arealdelen til kommuneplanen vil arealrekneskap kunna nyttast til å visa forskjell på arealbruk i gjeldande og ny arealplan. I tillegg vil vi kunna visa kor mykje meir areal vi planlegg å bygga ut, enn det vi har bygd ut til no, og kvar vi har konflikter mellom arealreserven i gjeldande arealdel og til dømes viktige natur- og friluftsområde.
- Klimaendring og klimatilpassing er viktig tema i arbeidet med arealplanen. Vi må kjenna til dei forventa klimaendringane og tilpassa arealbruken vår. Klimatilpassing kan også krevja tiltak knytt til etablert arealbruk for å førebyggja skade. Kunnskap om klimaendringar må også leggjast til grunn i overordna kommune-ROS som er under utarbeiding.
- Miljøkrav i offentlege innkjøp med minimum 30 % vektning, vart gjort gjeldande frå 1. januar 2024, og kommunen har gjennomført dei første innkjøpa med slike krav. Det er eit utfordrande arbeid, og kommunen må etablere gode rutinar og retningslinjer. Mellom anna er det viktig å identifisera kva aspekt ved anskaffinga som gir utslepp, og formulere krav som er mogleg å evaluere og kontrollere.
- Klima- og miljøvennlege investeringar gir moglegheit for grønne lån med rabbertert rente gjennom Kommunalbanken. Dette gjeld ei lang rekke ulike investeringsprosjekt innan mellom anna bygg, energi, transport, sirkulærøkonomi og arealbruk. Det vert no sett nærare på korleis kommunen kan ta dette verkemiddelet i bruk for å setta krav og visa retning i sine investeringar.
- Regionsenter Straume står framfor store endringar og arbeidet med både Strategisk planprogram for Straume og Områdeplan for Stovevatnet, er i full gang. Fornybar energi, gjenbruk og sirkularitet, klimatilpassing og bevaring av natur er sentrale tema som vert drøfta. Arbeidet byggjer mellom anna på Parallelloppdraget som vart gjennomført i 2022/23.

### Sentrale arbeidsoppgåver som kjem i økonomiplanperioden

Dei mange overordna arbeidsområda som er omtalt krev langsiktig og kontinuerleg arbeid som vil halda fram i økonomiplanperioden. Arbeidsområda krev samhandling på tvers i organisasjonen, og det vil bli sett nærare på mogleg etablering av eit klima- og miljønettverk.

Hovudaktiviteten i 2025 og 2026 vil naturlegvis vera arbeidet med strategisk plan for klima og miljø. Utarbeiding av planen krev eit godt kunnskapsgrunnlag, og det vil vera behov for ekstern bistand mellom anna knytt til utarbeiding av mål om klimagassreduksjon, referansebaner, klimabudsjett og naudsynete tiltak.


Kommunen arbeidar også for å sertifisera Øygarden som eit berekraftig reisemål. Dette krev at administrasjonen (rådhuset) vert miljøfyrtårnsertifisert. Ei slik sertifisering har ein førsteårs kostnad på om lag kr 100 000. Det kjem årlege kostnader knytt til rapportering og resertifisering.

## Klimastatistikk

### Utslepp i den kommunale verksemda

Klimarekneskap for 2023 er det første Øygarden kommune har laga og publisert i den nasjonale portalen til Klimapartnere: [klimapartnere.klimakost.no](https://klimapartnere.klimakost.no). I klimakost-systemet har kommunen lagt inn forbruk av drivstoff (liter) og energi (kWh), samt kjøp av varer, tenester mm. (kroner). Systemet reknar tala om til *tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar* (CO<sub>2</sub>-e).

Klimarekneskapen viser klimagassutslepp i tre nøkkelindikatorar; omsetning, årsverk og energibruk per oppvarma areal. Nøkkelindikatorar gir eit betre grunnlag for å samanlikne klimaforavtrykk frå år til år for eigen kommune og mellom kommunar.



Figur henta frå [Klimaregnskap](https://klimaregnskap.no)

I klimarekneskapen vert utslepp kategorisert i tre ulike «scope»:

- Scope 1: direkte utslepp frå eige utstyr (bruk av drivstoff i bilar og maskinar).
- Scope 2: utslepp frå energibruk (straum, fjernvarme etc.).
- Scope 3: andre indirekte utslepp (kjøp av varer og tenester).

## Nøkkelresultat 2023

Utslipp scope 1	Utslipp scope 2	Utslipp scope 3	Total utslipp
<b>621</b>	<b>1 240</b>	<b>19 088</b>	<b>20 949</b>
Differanse fra 2022	Differanse fra 2022	Differanse fra 2022	Differanse fra 2022
-	-	-	-

\* Oppgitt i tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter

Klimarekneskap gir oss oversikt over kvar vi finn små og store klimagassbidrag i drifta vår. Det er dermed eit godt kunnskapsgrunnlag for å identifisera kvar vi bør iverksetta tiltak for å redusera utsleppa. Nøkkelresultat 2023 viser at utslepp frå scope 1 og 2, utgjer 8,9 % av berekna klimagass-utslepp, medan scope 3, det indirekte forbruket, utgjer 91,1 % av berekna klimagassutslepp. Det ser difor ut til at det største potensialet for reduksjon i klimagassutslepp er knytt til tiltak for å redusera forbruket til kommunen i form av kjøp av varer og tenester. Det indirekte forbruket er sett saman av fleire kategoriar; varekjøp, bygg, transport og reiser, tenestekjøp og avfall.

Scope	Bidrag	Mengde	Eining	Tonn CO <sub>2</sub> e
Scope 1: Direkte utslepp	Bensinforbruk	4 418	liter	14
	Dieselforbruk	81 323	liter	272
	Biogass	222 200	Kw	5
	Naturgass	1 077 184	Kwh	295
Scop 2: Utslepp frå energibruk	Elektrisitet	23 327 016	Kwh	1094
	Fjernvarme	1 871 544	Kwh	146
	Bioenergi	442 565	Kwh	35
Scope 3: Indirekte utslepp	Varekjøp	154 173 453	Kr	4210
	Bygg	162 530 397	Kr	2612
	Transport og reise	47 160 185	Kr	1646
	Tenestekjøp	751 254 143	Kr	10489



### Geografisk utslepp

I Miljødirektoratet sitt klimarekneskap for kommunar er utsleppa geografisk avgrensa til kommunen, altså utslepp som finn stad innanfor det geografiske området til kommunen. Nyaste tilgjengelege data er frå 2022.

Utsleppsrekneskapen inkluderer ikkje utslepp knytt til produksjon og transport av varer og tenester som er produsert utanfor kommunen, men brukt her (indirekte utslepp). Derimot inkluderar rekneskapen produksjon av varer og tenester som finn stad i kommunen, uavhengig av om dei vert konsumert i eller utanfor kommunen. Dei geografiske klimagassutsleppa i Øygarden gjenspeglar dermed i stor grad næringsstrukturen i kommunen, med høge utslepp knytt til Industri, olje og gass, og sjøfart, og ingen utslepp knytt til luftfart.

Sektor / år	2009	2020	2021	2022
Annan mobil forbrenning	8 473	8 588	8 271	7 228
Avfall og avløp	33 178	20 335	18 790	18 644
Energiforsyning	20 918	19 304	21 649	22 276
Industri, olje og gass	209 486	161 881	153 888	123 277
Jordbruk	4 863	4 210	4 380	4 553
Luftfart	0	0	0	0
Oppvarming	5 918	3 171	3 510	4 198
Sjøfart	120 255	111 285	133 736	146 431
Vegtrafikk	55 070	36 891	36 454	35 338
<b>Totalt</b>	<b>458 702</b>	<b>365 664</b>	<b>3 800 677</b>	<b>361 943</b>

Statistikken viser at geografisk utslepp i Øygarden er redusert med 21,1 prosent sidan 2009. For dei fleste sektorane har det vore ein reduksjon i utsleppa. For Industri, olje og gass er utsleppa redusert med 41,2 prosent, medan utslepp frå avfall og avløp er redusert med nesten 45 prosent. På den andre sida har utslepp frå sjøfart auka med 21,8 prosent. Det reelle talet er truleg lågare, då skip som ligg til kai med landstrøm er gitt same utsleppsfaktor som skip som ikkje nyttar landstraum. Nedgang i utslepp knytt til vegtrafikk kan forklarast med utskifting av fossile bilar til elbilar, og ikkje ein reduksjon i tal bilar.


Kommunen vil arbeida for å få meir konkrete og nøyaktige tall for utsleppa, både i verksemda vår og for samfunnet vårt. Det er også eit mål å få betre oversikt over klimagassutslepp knytt til arealbruk og arealbruksendring. Gjennom arbeidet med strategisk plan for klima og miljø skal kommunen setta seg konkrete mål for utsleppsreduksjon, utarbeida referansebaner (framtidig utslepp utan tiltak) og berekna utsleppsreduksjon for ulike tiltak for å nå reduksjonsmåla. Med fastsett mål og kvantifiserbare tiltak kan vi setta opp eit klimabudsjett for verksemda vår.

## Organisering



### Politisk organisering

Følgjande politiske styringsstruktur er vedteke for Øygarden kommune frå hausten 2023:




Kommunestyret utgjer den politiske leiinga i kommunen. Kommunestyret har 45 medlemmer frå følgjande parti: Høgre (14), Arbeiderpartiet (7), Fremskrittspartiet (7), Industri- og Næringspartiet (4), Sotralista -TVØ (3), Kristeleg Folkeparti (3), Sosialistisk Venstreparti (2), Raudt (1), Senterpartiet (1), Venstre (1), Pensjonistpartiet (1) og Miljøpartiet De Grønne (1).

Formannskapet utgjør økonomiutvalet til kommunen. Ansvars- og oppgåvefordeling mellom utvala går fram av det politiske delegeringsreglementet.

Kontrollutvalet skal på kommunestyret sine vegne føra tilsyn med heile den kommunale verksemda. Sekretariatstenester vert kjøpt frå Vestland fylkeskommune.

## Administrativ organisering

Øygarden kommune har følgjande administrative organisering:



Kommunedirektør og fem kommunalsjefar utgjør leiargruppa til kommunedirektøren.

Einingsleiarane er ansvarlege for sine einingar innan rammene av dei fullmakter som er delegert frå kommunedirektøren.

Framtidige utfordringar og strammare økonomiske rammer vil krevja nye arbeidsprosessar og ny teknologi. Øygarden kommune må møte utfordringane gjennom kunnskapsbasert utvikling, innovasjon og digitalisering innafor alle tenesteområde. Tilgang på og bruk av kompetanse vert avgjerande for å levera gode og effektive tenester.

## Bemanning

Øygarden kommune starta ny kommune med 2 420 årsverk. I budsjettet for 2023 er bemanninga redusert til 2 359 årsverk, ein reduksjon på 91 årsverk på tre år. I løpet av 2023 er bemanninga auka igjen med 40 årsverk grunna styrking av Helse og velferd knytt til vekst i brukarar. Dette gjeld mellom anna Sundheimen, Fjell sjukeheim, opptrapping av heimetenesta og ny bustad Foldnes.

Årsverka er fordelt på dei ulike områda som vist i tabellen under:

Kommunalsjefområde	Årsverk 1.1.2020	Årsverk 1.1.2021	Årsverk 1.1.2022	Årsverk 1.1.2023	Årsverk 1.1.2024	Årsverk 1.1.2025
Kommunedirektør	22	11	3	1	1	1
Finans og økonomi	128	119	108	55	47	48
Organisasjon og beredskap				53	76	63*
Oppvekst	1 246	1 217	1 200	1 194	1 199	1 182
Helse og velferd	769	779	791	810	853	874
Samfunnsutvikling	256	253	255	246	246	256*
<b>Sum</b>	<b>2 420</b>	<b>2 379</b>	<b>2 357</b>	<b>2 359</b>	<b>2 422</b>	<b>2 424</b>

\*Bibliotek/ innbyggjartorg er flytta frå Organisasjon og beredskap til Samfunnsutvikling i 2024

## Eigarskap

Delar av den kommunale drifta er lagt til kommunale føretak eller aksjeselskap. Vatn, avløp og renovasjon er organisert i ØyVAR AS, og utleige av bustader er lagt til eit kommunalt føretak (Øygarden bustadutvikling KF). Eigarskapsmelding for Øygarden kommune er utarbeidd i 2022 og vil bli revidert no i 2024. Det vil her bli tilrådd å selja seg ut av selskapa Norsk bane, Scalpro og Ågotnes næringspark. Selskapet Sambygg AS vert tilrådd avvikla. Kommunedirektøren vil følgja opp arbeidet med ein mogleg fusjon mellom Naturgassparken Vest AS og CCB Kollsnes i 2025.

## Framlegg til statsbudsjett



Regjeringa sine hovudprioriteringar i framlegget til statsbudsjett for 2025 er:

- Tryggleik for folk sin økonomi og grunnleggjande veldferdstenester
- Tryggleik for landet og solidaritet med verda i ei uroleg tid
- Utvikla heile Noreg vidare

Satsingsområda i budsjettframlegget for Kommunal- og distriktsdepartementet i 2025 er:

- **Ein heilskapleg politikk for heile Noreg.** Noreg er eit langstrakt land med store lokale forskjellar i samfunns- og næringsliv. Vi har eit velutvikla nasjonalt, regionalt og lokalt folkestyre og eit samfunn med høg tillit og relativt små forskjellar. Det er ein bærande idé i samfunnet vårt at innbyggjarane, folket, skal kunna påverka utviklinga i samfunnet, nasjonalt, regionalt og lokalt. Det lokale folkestyret, både i kommunar og fylkeskommunar, gir innbyggjarane innverknad på utviklinga av sine lokalsamfunn og si framtid. Motivasjonen for å delta i lokalpolitikken og i det lokale organisasjonslivet er ei gjensidig avhengigheit og solidaritet i samfunnet. Dei lokale folkevalde har òg den kunnskapen om dei lokale forholda som gjer det mogleg å tilpassa politikken til innbyggjarane sine ønskjer og lokalsamfunnet sine føresetnader. Difor er det viktig at eingane ikkje blir for store, og at dei omfattar eit geografisk område som er hensiktsmessig og som har lokal oppslutning. Dette fører til ein variasjon som er verdifull og som avspeglar ulike preferansar i befolkninga. Slik variasjon og mangfald er eit sjølvstendig mål.

Tenester nær folk i heile landet er eit grunnleggjande mål for denne regjeringa. Kommunane har ansvar for mange av dei viktigaste velferdsoppgåvene, og bidrar til å sikra gode levekår og tilgang til grunnleggjande tenester både i bygd og by i heile Noreg. Det er kommunane som er best i stand til å vurdera kva som trengs mest i kommunen deira. Det kommunale sjølvstyret gir rom for skreddarsydde løysingar for kvart enkelt lokalsamfunn, tilpassa dei utfordringane ein står overfor. Difor skal kommunesektoren i all hovudsak vera rammefinansiert og hovudsakeleg bli gitt frie midlar. Øyremerka tilskot skal som hovudregel berre gå til viktige nasjonale prioriteringsområde i ein oppstartsfase, eller finansiering av oppgåver som få kommunar har ansvar for. Regjeringa er oppteken av å gi kommunane handlingsrom til å løysa oppgåvene lokalt.

- **Ein aktiv distriktpolitikk.** Målet for distrikts- og regionalpolitikken er at folk skal kunna leva eit godt liv i heile Noreg, at alle lokalsamfunn skal ha rom for utvikling og verdiskaping, og at folketalet skal auka i distriktskommunar. Regjeringa arbeider for at folk har tilgang på arbeid, bustad og gode tenester nær der dei bur, og vil leggja til rette for trygge, berekraftige og levande lokalsamfunn i heile landet gjennom desentraliserte løysingar, jf. Meld. St. 27 (2022–2023) *Eit godt liv i heile Noreg – Distriktpolitikk for framtida*. Ein velfungerande bustadmarknad er ein føresetnad for nærings- og samfunnsutvikling i alle kommunar, og bustadmeldinga, som vart lagt fram våren 2024, inneheld derfor fleire tiltak for å styrkja bustadtilbodet og gjera det enklare å etablera seg i distrikta. Forslag til nye statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet har ei tydelegare differensiering mellom regionar med større byar og distriktsområde. Kommunane skal ha handlingsrom til å kunna bestemme kvar nye bustader skal kunna byggjast ut frå lokale føresetnader. I mindre tettstader og spredtbygde område skal det bli lagt til rette for å utvikla gode og attraktive lokal-samfunn med tilgang til bustader og tenester.
- **Ein heilskapande bustadpolitikk.** Våren 2024 la regjeringa fram Meld. St. 13 (2023–2024) *Bustadmeldinga – ein heilskapleg og aktiv bustadpolitikk for heile landet*. Målet for den fornya bustadpolitikken er at folk skal kunna bu i ein eigna bustad i heile landet. Gjennom bustadpolitikken vil regjeringa leggja til rette for velfungerande bustadmarknadar slik at terskelen for å kunna skaffa seg ein eigna bustad ikkje blir for høg. Bustadpolitikken skal bidra til å redusera og jamna ut sosiale og geografiske forskjellar og leggja til rette for at bustadmarknaden gir minst mogleg miljø- og klimabelastning. Dei fleste bur godt og trygt i Noreg i dag, og regjeringa meiner at den norske bustadmodellen i all hovudsak er vellukka. Fire av fem bur i ein bustad dei eig. Fram til starten av 2022 var det òg ei positiv utvikling i den bustadsosiale politikken. Færre vart vanskelegstilte på bustadmarknaden, og talet på bustadlause var historisk lågt.
- **Berekraftig samfunnsutvikling.** Kommunar og fylkeskommunar er avgjerande for å realisera ei berekraftig utvikling, gjennom ansvaret deira for mellom anna samfunnsutvikling, tenesteyting og planlegging. Regjeringa la i juni 2023 fram nye nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging for perioden 2023–2027. Regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane legg berekraftsmåla, nasjonale klima- og miljømål og lokalt folkestyre til grunn for samfunns- og arealplanlegginga, og legg til rette for trygge, berekraftige og levande lokalsamfunn i heile landet. Gode lokalsamfunn er grunnsteinane i ei berekraftig utvikling, og det er viktig å motverka sentralisering som svekker lokale tenester og tilbod. Levande distrikt er òg avgjerande for å sikra matproduksjon og at jordbruksareala blir halde i drift. Godt kommunalt og regionalt planarbeid er viktig for å få til ønska

samfunnsutvikling. Målet er å praktisera ein differensiert arealpolitikk slik at den er tilpassa lokale og regionale forhold, og leggja til rette for ny vekst og sterkare utvikling i område med svak eller negativ befolkningsutvikling.

Regjeringa legg opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane og fylkeskommunane frå 2024 til 2025 med kr 6,8 mrd. Denne veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Veksten i dei frie inntektene er realauke slik at priskompensasjonen frå 2024 til 2025 vil koma som eit tillegg i inntektene. Veksten i dei frie inntektene må blant anna dekkja auka kostnader som følgje av befolkningsutviklinga. Pårekna meirkostnader demografi i 2025 er rekna til om lag kr 2,5 mrd for primærkommunane. Dette er den delen av meirkostnadane som må bli dekte av veksten i dei frie inntektene. Nominell vekst for Øygarden kommune er rekna til 6,1 %.

Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret vert auka frå 10,95 % i 2024 til 12,75 % i 2025. Bakgrunnen for auken i skatteøyret er at skattedelen av kommunane sine samla inntekter framleis skal vera om lag 40 % også for 2025. Skatteøyret vert auka i 2025 for å gi kommunane høgare inntektsskatt som kompensasjon for lågare formuesskatt og bortfall av utbytteskatt.

### Tilskot per grunnskule

Frå 2022 er det gitt eit tilskot per kommunal grunnskule. Tilskotet er gitt med ei særskilt fordeling i rammetilskotet, basert på talet for grunnskular og finansiert med eit likt beløp per innbyggjar innafør innbyggjartilskotet til kommunane. Tilskotet er vidareført i framlegget for 2025 med om lag kr 1,36 mrd samla for kommunane i landet. Tilskotet inngår i beløp for rammetilskotet. Tilskotssats blir prisjustert for 2025 til kr 563 511 per grunnskule. For Øygarden kommune er kr 11,3 mill av innbyggjartilskotet knytt mot talet på grunnskular.

### Helsestasjon og skulehelseteneste

Den delen av rammetilskotet som er grunngitt med satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta blir vidareført frå 2024 til 2025, med priskompensasjon på 4,1 %. For 2025 er rammetilskotet samla til dette føremålet kr 1 114 mill. Midlane blir fordelte mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i alderen 0–19 år, med eit minstenivå på kr 100 000 per kommune. For Øygarden kommune utgjer auken frå 2024 til 2025 kr 302 000.

### Ressurskrevjande tenester

Kommunane får tilskot for personar under 67 år som mottar omfattande tenester innan helse, sosial og pleie- og omsorg frå kommunen. Dette kan mellom anna gjelda psykisk utviklingshemma, fysisk utviklingshemma, rusmisbrukarar, personar med psykiske lidningar og personar med omfattande pleiebehov.

Føremålet med toppfinansieringa er å sikra at tenestemottakarar som krev stor ressursinnsats frå det kommunale tenesteapparatet, får eit best mogleg tilbod uavhengig av kommunen sin økonomiske situasjon.

Det er lagt opp til følgjande for 2025:

- Innslagnivået for å få kompensasjon blir auka per tenestemottakar frå kr 1,608 mill til kr 1,692 mill for netto utgifter i 2024. Auken i innslagnivå er lik pårekna lønsvekst i prosent i 2024 (5,2 %).
- Kompensasjonen som vert utbetalt frå staten til kommunane i 2025 skal inntektsførast i kommunane sine rekneskap i 2024. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i rekneskapen for det same året som utgiftene har vore.
- Tilskot for personar med psykisk utviklingshemming (16 år og eldre) i rammetilskotet blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle statlege øyremerkte tilskot blir også trekt frå berekningsgrunnlaget.

I tilskotsordninga har kommunane sin eigendel vore 20 % av netto utgiftene over innslagspunktet per tenestemottakar. Kompensasjonsgraden har vore 80 % av netto utgifter over innslagspunktet. Det vart i kommuneproposisjonen for 2025 lagt opp til ein ny berekningsmodell for ressurskrevjande tenester, som no inngår i statsbudsjettet.

Den nye modellen vil ha to eigendelar:

1. Det blir først berekna ein eigendel over innslagspunktet som er lik per innbyggjar for alle kommunane i landet. Eigendel per innbyggjar blir multiplisert med innbyggjartalet i kommunen for å finne summen for den første eigendelen i kommunen.
2. Den andre eigendelen vil vera 10 prosent av netto utgiftene over innslagspunktet etter at den første eigendelen er trekt frå.

I denne modellen vil det vere to eigendelar som til saman blir eigendel over innslagspunktet. Eigendelane vil framleis utgjera 20 prosent av utgiftene på landsbasis, men vil i den nye modellen variera mellom kommunane. Ny modell skal i større grad kompensera kommunar med høge utgifter til tenestene per innbyggjar.

For 2025 har vi budsjettert med ei inntekt vedkomande ressurskrevjande tenester på kr 53 mill. Dette er ein nedgang frå 61,2 mill i 2024.

### Integreringstilskot

Integreringstilskotet for å ta imot flyktningar i 2025 er prisjustert i forhold til satsane i 2024 og er følgjande:

Busetjingsår	Satsar 2022	Satsar 2023	Satsar 2024	Satsar 2025
år 1 (einslege vaksne)	234 900	241 100	241 100	250 500
År 1 (andre vaksne)	189 400	194 400	194 400	202 000
År 1 (einslege mindreårige)	182 300	187 000	187 000	194 300
År 1 (barn)	189 400	194 400	194 400	202 000
År 2	243 100	249 500	249 500	259 200
År 3	172 900	177 400	177 400	184 300
År 4	85 700	88 000	88 000	91 400
År 5	70 200	72 000	72 000	74 800



Sum (einslege vaksne)	806 800	828 000	828 000	860 200
Sum (andre vaksne)	761 300	781 300	781 300	811 700
Sum (einslege mindreårige)	754 200	773 900	773 900	804 000
Sum (barn)	761 300	781 300	781 300	811 700

Øygarden kommune har budsjettert med kr 151,4 mill i integreringstilskot i 2025. Dette er berekna med føresetnad om at vi tar imot 100 nye flyktningar i 2025.

### Heildøgns omsorgsplassar – investeringstilskot

Regjeringa gjer framlegg om ei tilsegnsramme i 2025 for investeringstilskot som legg til rette for om lag 1 500 heildøgns omsorgsplassar.

### Barnevernsreforma

Barnevernsreforma trådde i kraft 1. januar 2022. Reforma gir kommunane auka fagleg og økonomisk ansvar for barnevernet. Det er overført kompensasjon gjennom auke i rammetilskotet for det auka ansvaret. Alle midlane vil frå og med 2025 bli fordelt etter kostnadsnøkkelen for barnevern. Det inneber at ikkje noko av midlane lenger vil bli fordelt særskilt på grunnlag av tidlegare bruk.

### Kompensasjon for endringar i regelverket for eigedomsskatt

Kommunar som taper eigedomsskatt som følgje av regelendring (bortfall skatt frå 2019 på produksjonsutstyr og installasjonar) vil få kompensasjon også i 2025, som særskilt fordeling. Det blir siste året i overgangsperioden på sju år. Det er ikkje gitt signal om kompensasjon for åra etter 2025. Øygarden kommune får ein kompensasjon gjennom rammetilskotet på kr 7,7 mill grunna tap av eigedomsskatt som følgje av regelendring.

### Investeringar og kjøp av utstyr i skulen

Det vart frå 2024 innført ei ny rentekompensasjonsordning til kommunar for investeringar som kan bidra til meir praktisk og variert opplæring i skulen. Det er lagt opp til ei samla investeringsramme som grunnlag for rentekompensasjon på kr 8 mrd, fordelt med kr 1 mrd i året i 8 år

Det er framlegg om å auke tilskot til utstyr og arenaer for meir praktisk og variert læring i skulen, frå kr 127 mill til kr 160 mill i 2025.

### Løns- og prisvekst

Berekna løns- og prisvekst (deflator) i statsbudsjettet for 2024 er 4,1 %. Av dette utgjer pårekna lønsvekst 4,5 % og prisvekst 3,5 %.

### Pensjon

Det er pårekna ein reduksjon i pensjonskostnader (utover pårekna lønsvekst) i 2025 for kommuneforvaltninga samla med kr 0,5 mrd. Primærkommunane sin del av denne reduksjonen kan reknast til om lag kr 0,45 mrd (90 prosent). I overslaget for pensjonskostnader er det ikkje teke omsyn til verknad av ny offentleg AFP frå 1. januar 2025. Regjeringa vil kome attende til verknader av dette og kompensasjon i revidert nasjonalbudsjett for 2025.

## Hovudtala i budsjettframlegget



### Samla oversikt over tiltak

Sjølv i eit krevjande budsjett har kommunedirektøren funne rom for å leggja inn prioriterte nye tiltak.

#### Samla oversikt over nye tiltak i budsjett 2025/ økonomiplan 2025-2028:

Sjølv i eit krevjande budsjett har kommunedirektøren funne rom for å leggja inn prioriterte nye tiltak.

Kommunalsjefområde	Tiltak	2025	2026	2027	2028
Finans og økonomi	Lisensar Keyless - nøkkelfri adgang for brukarar, heimetenesta (driftskonsekvens av investering)	100	100	100	100
	Lisensar nye RoomMates institusjonar (driftskonsekvens av investering)	852	852	852	852
Organisasjon og beredskap	Utsifting av nødnett terminalar	60	60	60	60

Helse og velferd	Straume bu- og servicesenter, opptrapping drift	2 000	2 000	2 000	2 000
	Buoppfølging, bustad Blombakkane	1 728	1 728	1 728	1 728
	Heildøgns omsorgsbustader, Hidlamyrsvegen	4 000	4 000	4 000	4 000
	Prosjekt "Vår nye ressurs"	3 600	3 600		
	Auke økonomisk sosialhjelp	3 500	3 500	3 500	3 500
	Styrka avlastningstiltak for barn og unge	2 528	2 528	2 528	2 528
Oppvekst	Auka budsjettnivå til opplæring i grunnleggjande norsk i skule	850	1 700	1 700	1 700
	Spesialpedagogar i barnehage - satsing på tidleg innsats og førebygging	850	1 700	1 700	1 700
	Styrke arbeidet med utsette born og familiar	2 500	2 500	2 500	2 500
	Auke budsjett til statlege fosterheimspassar i barnevernet	5 500	5 500	5 500	5 500
	KS-sak 123/24 Krisesenteret for Bergen og omland	580	580	580	580
Samfunnsutvikling	Auka bruk av rammeavtaler innan park og grønt	1 000	1 000	1 000	1 000
	Tilstands- og vedlikehaldsplan for anlegget over bakken, Fjell festning	300			
	Tilskot til drift av festningsanlegget Fjell festning	2 100	2 100	2 100	2 100
	Opptrapping planlagt vedlikehald	4 500	10 000	5 000	15 000
<b>Sum</b>		<b>36 548</b>	<b>43 448</b>	<b>34 848</b>	<b>44 848</b>

Nye tiltak vert nærare kommentert under det enkelte kommunalsjefområde.

### Samla oversikt over innsparingstiltak i budsjett 2025/ økonomiplan 2025-2028:

Kommunalsjefområde	Tiltak	2025	2026	2027	2028
Kommunedirektør	Tilskot til kyrkja, harmonisering Kostra	-2 000	-3 000	-4 500	-4 500
	Oppseiing medlemskap Industrikommunane		-58	-58	-58
	Oppseiing medlemskap Transparency International Norge		-31	-31	-31
	Oppseiing medlemskap GCE Ocean Technology			-275	-275
	Reduksjon tilskot Radio Sotra	-75	-150	-225	-300
Helse og velferd	Justering bemanningsfaktor institusjon	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
	Betaling av transport til og frå arbeid og aktivitetssentra for personar med nedsett funksjonsevne	-200	-200	-200	-200
	Redusert legeteneste kveld og helg	-832	-832	-832	-832
	Redusert betaling til andre kommunar	-650	-650	-650	-650
Oppvekst	Skuleturar for ungdomstrinnet - utvikling av lokalt opplegg	-900	-900	-900	-900
	Driftstilpassing barnehage, inkl. nedlegging av Terna og Ulveseth barnehage frå august 2025	-2 702	-5 568	-5 568	-5 568
	Reduksjon i ressursar knytt til spesialpedagogikk/ individuell tilrettelegging i barnehage	-313	-1 063	-1 813	-1 813
	Reduksjon i vedtak spesialpedagogikk skule	-625	-2 125	-3 625	-5 125
	Driftstilpassing skule - færre elevar i skulen	-3 000	-8 400	-10 330	-10 330
	Omprioritering av midlar avsett til undervisningsopplegg og	-1 141	-1 141	-1 141	-1 141

	overnatting for 5. klasse Fjell festning				
	Redusert budsjettnivå digitale læringsmidlar i skulen	-500	-500	-500	-500
Samfunnsutvikling	Redusert tal tilsette i byggdrift, veg, park og forvaltning	-3 523	-3 523	-3 523	-3 523
	Reduserte straumutgifter grunna ENØK-tiltak	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
<b>Sum</b>		<b>-27 461</b>	<b>-39 141</b>	<b>-45 171</b>	<b>-46 746</b>

Innsparingstiltaka vert nærare kommentert under det enkelte kommunalsjefområde.

## Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. i fjor 2024	Rev. bud. i fjor 2024	Økonomiplan			
				2025	2026	2027	2028
Innteks- og formuesskatt	-1 340 921	-1 418 000	-1 418 000	-1 512 000	-1 512 000	-1 512 000	-1 512 000
Rammetilskot	-1 261 155	-1 291 000	-1 291 000	-1 375 000	-1 375 000	-1 375 000	-1 375 000
Eiendomsskatt	-176 966	-175 000	-176 200	-188 000	-188 000	-188 000	-188 000
Andre generelle driftsinntekter	-140 452	-177 535	-177 535	-183 800	-205 650	-185 250	-218 950
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>-2 919 494</b>	<b>-3 061 535</b>	<b>-3 062 735</b>	<b>-3 258 800</b>	<b>-3 280 650</b>	<b>-3 260 250</b>	<b>-3 293 950</b>


## Frie inntekter (skatt og rammetilskot)

Frie inntekter er midlar kommunane fritt kan disponera utan andre føringar frå staten enn gjeldande lover og reglar.


KS sin prognosemodell er brukt ved berekning av dei frie inntektene (skatt og rammetilskot).

Framlegget til statsbudsjett for 2025 legg opp til ein skatteauke frå 2024 til 2025 med 7,5 %. Samla skatteanslag i Noreg er kr 234,8 mrd i 2025. Høg påreknna skattevekst frå 2024 til 2025 har bl.a. samband med at skatteprognosen i år er blitt svakare.

Skattøyre er kor stor del av skatt på alminneleg inntekt for personlege skattyttarar som skal gå til kommunane. Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skattøyre vert justert frå 10,95 % i 2024 til 12,75 % i 2025. Skatteøyret vert auka i 2025 for å gi kommunane høgare inntektsskatt som kompensasjon for lågare formuesskatt og bortfall av utbytteskatt. Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vera om lag 40 % også for 2025.



Skatteutjamninga jamnar delvis ut skilnadar i skatteinntekter mellom kommunane. Skatteutjamninga omfattar inntekts- og formuesskatt frå personlege skattytarar og naturressursskatt frå kraftføretak. Kommunar med skatteinntekter under landsgjennomsnittet vert kompenserte for 62 % av differansen mellom eigen skatteinnang og landsgjennomsnittet. Kommunar med skatteinntekter under 90 % av landsgjennomsnittet vert i tillegg kompenserte for 35 % av differansen mellom eigne skatteinntekter og 90 % av landsgjennomsnittet.



Øygarden kommune har eit skattenivå som er lågare enn landsgjennomsnittet. Det er rekna med at skattenivået vil liggja på omlag 89,8 % av landsgjennomsnittet i 2025.

År	Skattenivå i % av landsgj.sn	Skattevekst Øygarden	Skattevekst landet
R-2019		4,5 %	4,7 %
R-2020	89,0 %	-1,4 %	-0,7 %
R-2021	87,8 %	15,0 %	16,1 %
R-2022	87,1 %	12,1 %	12,8 %
R-2023	88,8 %	-3,1 %	-4,5 %
B-2024	89,8 %	5,3 %	5,8 %
<b>B-2025</b>	<b>89,8 %</b>	<b>10,4 %</b>	<b>9,3 %</b>

Vi har lagt til grunn ein lokal skatteinngang i 2025 som er noko betre enn landsgjennomsnittet og ei folketalvekst på 1 %.

Dei einiskilde elementa i rammetilskotet for 2025 er vist i tabellen under:

Rammetilskot (mill kr)	Budsjett 2025
Innbyggjartilskot	1 259 922
Utgiftsutjamning	-52 320
INGAR	-4 851
Saker med særskilt fordeling	39 136
Inndelingstilskot	34 877
Regionsentertilskot (kommunereform)	
Ordinært skjønn	5 000
<b>Sum rammetilskot ekskl. inntektsutjamning</b>	<b>1 281 764</b>
Netto inntektsutjamning	92 773
<b>Sum rammetilskot</b>	<b>1 374 537</b>

## Eigedomsskatt

I 2019 vart eigedomsskattelova endra. For Øygarden kommune er verknaden av endringa totalt om lag kr 11 mill per år i redusert eigedomsskatt etter overgangsperioden på sju år. Kompensasjonen for 2025 er kr 7,746 mill og vert gitt over rammetilskotet.

Siste alminnelege taksering vart gjennomført i 2023. For 2025 vert eigedomsskatt i Øygarden kommune skrive ut etter eigedomsskattelova § 3 første ledd c "berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum".

Kommunedirektøren meiner framleis at ein først må ta ut potensiale i høve kostnadar før ein ser på auka inntekter gjennom eigedomsskatt på bustader, fritidsbustader eller næring. Dette heng også saman med forventninga om at kommunesamanslåinga skal gje meir effektiv drift både politisk, administrativt og i tenestene. I intensjonsavtalen står det at det ikkje skal vera eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader, men at konsekvensar ved eigedomsskatt på næring må utgreiast.


Vi anslår at eigedomsskatt på næring kan gje ei årleg inntekt på om lag kr 20-30 mill, mens eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader kan gje ei årleg inntekt på om lag kr 55-65 mill. Dette er basert på eit grovt estimat. Det har vore kontakt med fagfolk på feltet som meiner det er vanskeleg å gje eit estimat på eigedomsskatt på næring ut frå registrerte næringsseigedommar i kommunen. I samband med ei eventuell taksering kan vi gje ein meir nøyaktig kalkyle på kor stort inntekspotensialet er. Det vil ta omlag eit år å gjennomføra taksering. Dette betyr at eigedomsskatt på næring og eventuelt bustader og fritidsbustader kan tidlegast innførast frå 2026 dersom det vert vedteke i budsjettet for 2025.

## Havbruksfond

Øygarden kommune får årlege inntekter frå Havbruksfondet.

Figuren under syner korleis kommunesektoren sine inntekter frå havbruk er samansett og korleis dei vert fordelte. I statsbudsjettet er produksjonsavgifta auka frå 90 øre pr kg til 93,6 øre pr kg.

## Kommunesektorens inntekter fra havbruk



 Kommunal- og distriktsdepartementet

Det er budsjettert med desse inntektene i økonomiplanen:

	R-2020	R-2021	R-2022	R-2023	R-2024	B-2025	B-2026	B-2027	B-2028
Havbruksfond	32 416	10 335	42 169	18 617	57 627	26 400	50 300	29 900	63 600



## Driftsutgifter per tenesteområde (1B)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. i fjor 2024	Rev. bud. i fjor 2024	Økonomiplan			
				2025	2026	2027	2028
Politisk	17 235	20 934	20 934	23 609	21 859	23 609	21 859
Kommunedirektør	46 147	48 112	48 172	43 622	41 808	39 958	39 883
Finans og økonomi	89 214	93 859	95 131	103 686	103 947	103 940	103 733
Organisasjon og beredskap	374 166	369 950	368 103	372 159	372 959	373 609	373 802
Helse og velferd	1 046 193	1 052 585	1 070 120	1 096 966	1 114 389	1 114 289	1 138 020
Oppvekst	1 097 682	1 061 309	1 091 009	1 125 252	1 100 903	1 088 090	1 072 898
Samfunnsutvikling	347 061	332 709	342 190	354 260	351 409	336 509	346 509
Finans	-215 386	-97 347	-152 347	-46 968	-46 968	-46 968	-46 968
Utgåtte ansvar	410	0	0	0	0	0	0
<b>Driftsutgifter per tenesteområde</b>	<b>2 802 720</b>	<b>2 882 110</b>	<b>2 883 310</b>	<b>3 072 586</b>	<b>3 060 306</b>	<b>3 033 036</b>	<b>3 049 736</b>

## Lønsutgifter

I statsbudsjettet er det lagt opp til ein årslønsvekst på 4,5 %. I budsjettet for 2025 er det lagt inn ein avsetning på kr 52 mill til dekking av lønsoppgjøret i 2025.

	R-2023	B-2024	B-2025	Endr 24-25
Lønsutgifter	1 846 476	1 878 608	1 946 015	4 %
Sosiale utgifter	415 091	452 319	507 429	12 %
<b>Sum</b>	<b>2 261 567</b>	<b>2 330 927</b>	<b>2 453 444</b>	<b>5 %</b>

Frå opphavelag budsjett 2024 til budsjett 2025 har lønsutgiftene inkl. sosiale utgifter auka med 5 %. Løn utgjør 68 % av driftsutgiftene i budsjett 2025.

## Pensjon

Pensjon er budsjettert i samsvar med gjeldande reglar og med 7 års amortisering av premieavvik. Kommunane skal etter gjeldande regelverk rekneskapsføre netto pensjonskostnad. Dette er eit anna beløp enn det som vert innbetalt i premie. Avviket mellom premien og den rekneskapsførte kostnaden vert kalla premieavvik. For 2025 vil pensjonskostnadane utgjera om lag kr 215 mill for Øygarden kommune.

Det er venta ei kraftig auke i pensjonskostnadane frå 2026 grunna innføring av ny offentlig AFP. Regjeringa vil kome attende til verknader av dette og kompensasjon i revidert nasjonalbudsjett for 2025.

Vi har brukt kr 70 mill av premiefondet til å betala pensjonspremie i 2024. Effekten er ein kostnadsreduksjon i pensjonskostnadene med kr 11,4 mil kvart år i økonomiplanperioden.

## Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. i fjor 2024	Rev. bud. i fjor 2024	Økonomiplan			
				2025	2026	2027	2028
Renteinntekter	-49 617	-60 886	-60 886	-54 786	-43 656	-42 786	-44 786
Utbytte og eieruttak	-62 161	-37 300	-37 300	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000
Renteutgifter	153 367	171 000	171 000	170 000	166 000	160 000	164 000
Avdrag på lån	111 655	111 000	111 000	106 000	108 000	115 000	120 000
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidler	-17 947	-14 000	-14 000	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000
<b>Netto finansinntekter/finansutgifter</b>	<b>135 297</b>	<b>169 814</b>	<b>169 814</b>	<b>166 214</b>	<b>175 344</b>	<b>177 214</b>	<b>184 214</b>
Finansutgifter i tenestoområda	8 304	0	0	0	0	0	0
<b>Totale finansutgifter</b>	<b>143 601</b>	<b>169 814</b>	<b>169 814</b>	<b>166 214</b>	<b>175 344</b>	<b>177 214</b>	<b>184 214</b>
Motpost avskrivninger	0	0	0	0	0	0	0

## Utbytte

	R-2023	R-2024	B-2025	B-2026	B-2027	B-2028
Utbytte frå Eviny AS	61,0	44,8	40	40	40	40
Utbytte frå BIR AS	1,1	0,05	0	0	0	0
<b>Sum utbytte</b>	<b>62,1</b>	<b>44,8</b>	<b>40</b>	<b>40</b>	<b>40</b>	<b>40</b>

### Eviny

Eviny leverte eit resultat på kr 3,8 mrd for 2023, og Øygarden kommune mottok i 2024 eit utbytte frå selskapet på kr 44,8 mill. Hovudårsaka til det gode resultatet i 2023 var redusert grunnrenteskatt som følgje av lågare kraftprisar i 2023, i tillegg til positive verdiendringar på finansielle kontraktar. Øygarden kommune har ein eigarandel på 3,43 % i Eviny.

Eviny har nyleg lansert ein ny konsernstrategi, som markerer eit takstskifte i jakta på meir fornybar energi. Dei neste ti åra skal Eviny investera om lag like store verdiar som er bygd opp over 100 år. Ambisjonen er å investera i overkant av kr 40 mrd i ny fornybar energi, straumnett og tiltak for energiomstilling/ elektrifisering.

### BIR

Øygarden kommune mottok i 2024 eit mindre utbytte frå BIR, og vi har etter dette ikkje budsjettert med utbytte frå selskapet i økonomiplanperioden.

## Renteutgifter

	2025	2026	2027	2028
Renteføresetnad	4,75 %	4,5 %	4,0 %	4,0 %

Det er lagt til grunn at ei gjennomsnittleg budsjettrente på 4,75 % i 2025 som gradvis fell til 4,0 % i 2028. Det er forventning om tre rentenedsettingar på 0,25 prosentpoeng i 2025. Kommunen er følsam for endringar i rentenivået. Ein stress-test som er utarbeida viser at ein renteoppgang på eitt prosentpoeng gir auka renteutgifter på omlag kr 30 mill årleg.

Budsjetterte låneopptak vert tatt opp så seint på året som mogleg dersom kommunen sin likviditet gir rom for dette.

## Avdrag

I kommunelova er det fastsett korleis kommunen skal berekne minimumsavdrag av låna til kommunale investeringar. Minimumsavdraget skal minst vera lik avskrivningane justert for storleiken på lånegjelda og verdien på avskrivbare anleggsmidlar. Det er i budsjett 2025 budsjettert med kr 106 mill i avdrag, noko som er innanfor kommunelova sine krav om minimumsavdrag.

## Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar

Det er budsjettert med gevinst på finansielle omløpsmidlar på kr 15 mill i økonomiplanperioden. Dette ut frå at kravet til avkastning på obligasjonar og aksjar minst skal tilsvare avkastning ved å plassera midlane i bank.

## Avskrivningar

Avskrivningane i budsjettet er berekna til kr 150 mill. Kommunar rekneskapsfører avskrivningar, men desse påverkar ikkje netto driftsresultat då det i rekneskapan vert ført ein tilsvarande motpost.

## Avsetnader og årsoppgjersdisposisjonar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. i fjor 2024	Rev. bud. i fjor 2024	Økonomiplan			
				2025	2026	2027	2028
Til ubundne avsetningar	0	16 000	16 000	20 000	45 000	50 000	60 000
Bruk av ubundne avsetningar	-18 523	-6 389	-6 389	0	0	0	0
<b>Netto avsetningar</b>	<b>-18 523</b>	<b>9 611</b>	<b>9 611</b>	<b>20 000</b>	<b>45 000</b>	<b>50 000</b>	<b>60 000</b>
Netto avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar i tenesteområda	-1 313	-1 066	669	-1 390	-1 390	-1 390	-1 390
<b>Totale avsetningar</b>	<b>-19 836</b>	<b>8 545</b>	<b>10 280</b>	<b>18 610</b>	<b>43 610</b>	<b>48 610</b>	<b>58 610</b>

## Disposisjonsfond

Kommunestyret vedtok i KS-sak 043/24 følgende:

*“Kommunestyret har som målsetting i arbeidet med omstillings- og effektiviseringsarbeid å få kontroll på meirforbruket i budsjettet, samstundes som det er ein intensjon å fase ut 30 % av eigedomsskatten frå driftsbudsjettet i løpet av økonomiplanperioden”.*

30 % av eigedomsskatten utgjer omlag kr 60 mill. Kommunedirektøren har lagt vedtaket til grunn for budsjettarbeidet, og innarbeidd den naudsynte avsetnaden i budsjettet for 2025 og økonomiplanen for 2025-2028. Det er etter dette budsjettet med kr 20 mill til avsetnad til disposisjonsfond i kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett for 2025. I resten av økonomiplanen er det lagt opp til ei avsetning på kr 45 mill i 2026, kr 50 mill i 2027 og kr 60 mill i 2028.

Disposisjonsfondet er på kr 108 mill per 31.12.2023. Målet er at disposisjonsfondet skal vera på omlag kr 150 mill, som utgjer 5 % av brutto driftsinntekter. På sikt bør fondet vera på omlag kr 300 mill for å ivareta ein økonomisk berekraftig utvikling.

## Gebyr og brukarbetaling

Gebyr og brukarbetaling er generelt justert i forhold til lønsvekst med 6 %. Unntak frå dette er:

- Barnehage (følgjer makspris)
- Kulturskulen 0 %
- Feiing 0 %
- Plan og byggesak 8 %

Maksprisen i barnehage er kr 2 000.

For kulturskulen er det ikkje lagt inn auke. Grunngevinga for dette er å ha eit rimeleg aktivitetstilbod som femner om dei som ikkje er oppteken av idrett.

Oversikt over alle gebyr og brukarbetalingar i budsjett 2025 ligg som vedlegg til budsjettet.

### ØyVAR:

- Vatn 7,0 %
- Avløp -7,1 %
- Tømming av private tankar/ slamavskiljar 26,5 %
- Hushaldningsrenovasjon 16,0 %
- Kontroll og tilsyn av private avløpsanlegg 15,0 %

## Økonomisk utvikling i planperioden



### Ei berekraftig økonomisk utvikling

#### Økonomiske handlingsreglar

Øygarden kommune har vedtatt følgjande økonomiske handlingsreglar:

- Netto driftsresultat 1,75 % av brutto driftsinntekter
- Disposisjonsfond 5 % av brutto driftsinntekter
- Lånegjeld skal ikkje overstiga 100 % av brutto driftsinntekter

Dei økonomiske måltala er kommentert i alle budsjett og årsmeldingar sidan 2020 samt i mange politiske saker. Status per 2023 er følgjande:


	Mål	Resultat 2019	Resultat 2020	Resultat 2021	Resultat 2022	Resultat 2023
Netto driftsresultat	1,75 %	-4,7 %	-0,5 %	-0,3 %	1,36 %	-0,6 %
Disposisjonsfond	5 %	3,6 %	2,7 %	2,3 %	3,8 %	3,1 %
Lånegjeld	100 %	100,7 %	104,1 %	86,7 %	87,5 %	84,1 %

Netto driftsresultat er -0,6 % i 2023. Disposisjonsfondet er redusert i 2023 og er no på 3,1 % av brutto driftsinntekter. Dette skuldast at kommunen gjekk med underskot i 2023. Lånegjelda er redusert i høve 2022, og er i tråd med handlingsregelen. Den reelle lånegjelda er høg når ein tar omsyn til at verksemda for vatn, avløp og renovasjon, med tilhøyrande lånegjeld, er lagt til eit eige aksjeselskap ØyVAR. Lånegjelda i ØyVAR utgjer omlag kr 1 mrd per 31.12.2023.

### Effektivitet og omstilling

Det vert stadig fleire eldre som betyr eit aukande behov for helse- og omsorgstenester i åra framover. Øygarden 2024 viser at investeringsbehova til kommunen er vesentleg høgare enn det investeringsramma per i dag kan handtera. Det betyr at det framover må arbeidast med tiltak for å redusera investeringsbehovet og med å skapa eit større økonomisk handlingsrom. Øygarden 2040 legg grunnlaget for eit viktig omstillingsarbeid i kommunen, med føremål om å sikra ei økonomisk berekraftig og ansvarleg styring av kommunen.

### Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter




Tabell	KOSTRA 2020	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	Budsjett 2024	Økplan 2025	Økplan 2026	Økplan 2027	Økplan 2028
Øygarden	-0,5 %	-0,3 %	1,4 %	-0,6 %	0,3 %	0,5 %	1,2 %	1,3 %	1,6 %
Handlingsregel	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %

Netto driftsresultat viser kva kommunen sit igjen med av løpande inntekter etter at løpande utgifter er trekt ifrå, og er eit uttrykk for kva kommunen har til disposisjon til avsetningar og investeringar. Netto driftsresultat er såleis eit uttrykk for økonomisk handlefridom og er rekna for å vera den viktigaste indikatoren i kommuneøkonomien. Over tid bør netto driftsresultat liggja over 1,75 % av inntektene for at den økonomiske utviklinga skal vera sunn i følgje Teknisk berekningsutval og Statsforvaltaren.

Kommunedirektøren sitt budsjettframlegg legg opp til eit netto driftsresultat på 0,5 % i 2025, 1,2 % i 2026, 1,3 % i 2027 og 2,5 % i 2028. Denne planen inneber ei stram prioritering i heile økonomiplanen,

og der det ikkje er rom for auka utgifter ut over det økonomiplanen for 2025-2028 legg opp til. Under desse føresetnadane vil målsettinga om eit netto driftsresultat på 1,75 % vera nådd innan utgangen av 2028.

### Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter



Tabell	KOSTRA 2020	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	Budsjett 2024	Økplan 2025	Økplan 2026	Økplan 2027	Økplan 2028
Øygarden	2,7 %	2,3 %	3,8 %	3,1 %	3,4 %	3,8 %	5,0 %	6,4 %	7,9 %
Handlingsregel	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %

Disposisjonsfond er oppsparte midlar som fritt kan nyttast til finansiering av drifts- eller investeringsutgifter. Øygarden kommune har per 31.12.2023 kr 108 mill i disposisjonsfond, noko som utgjer 3,1 % av brutto driftsinntekter. Norske kommunar har gjennomsnittleg 13,4 % av brutto driftsinntekter i disposisjonsfond. Kostragruppe 10 har gjennomsnittleg 12,6 % av brutto driftsinntekter i disposisjonsfond.

Øygarden kommune har vedtatt at disposisjonsfondet skal aukast til 5 % (omlag kr 150 mill) av brutto driftsutgifter. Dette for å kunne handtera svingingar i inntektene og ha stabilitet i tenestene. Statsforvaltaren i Vestland har uttalt at fondet bør aukast til omlag kr 300 mill.

## Vurdering av den økonomiske utviklinga

	Budsjett 2024	Økonomiplan			
		2025	2026	2027	2028
Sum inntekter	-3 471 916	-3 656 926	-3 678 576	-3 654 445	-3 689 645
Sum utgifter	3 450 557	3 622 102	3 609 622	3 578 621	3 596 821
<b>Brutto resultat</b>	<b>-21 359</b>	<b>-34 824</b>	<b>-68 954</b>	<b>-75 824</b>	<b>-92 824</b>
Netto finansutgifter og inntekter	169 814	166 214	175 344	177 214	184 214
Motpost avskrivinger	-157 000	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000
<b>Netto resultat</b>	<b>-8 545</b>	<b>-18 610</b>	<b>-43 610</b>	<b>-48 610</b>	<b>-58 610</b>
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	8 545	18 610	43 610	48 610	58 610
<b>Årsresultat</b>	<b>0</b>	<b>-0</b>	<b>-0</b>	<b>-0</b>	<b>-0</b>
Netto resultat i prosent av sum inntekter	0,2 %	0,5 %	1,2 %	1,3 %	1,6 %



## Medlemsskap og søknadar



### Medlemsskap

Oversikta viser ulike medlemsskap med framlegg om endringar i økonomiplanperioden

Organisasjon	Årleg kontingent	Framlegg til økonomiplan/ budsjett
Kommunenes sentralforbund	2 160 447	
Bergensalliansen	56 178	
Nettverk for petroleumskommunar	200 000	
Industrikommunene	57 843	Oppseiing av medlemsskap frå 2026, oppseiingsfrist er 1. juni året før medlemskapet opphøyrer.
Klimapartnere Vestland	50 000	
Vest Norges Brusselkontor	204 245	
Vest næringsråd	750 024	
Gründerparken Vest	1 500 000	
Bergen næringsråd	5 335	
GCE Ocean Technology	275 000	Partneravtale. Oppseiing av medlemsskap frå 2027 når nåverande avtale opphøyrer.

Radio Sotra	425 000	Gradvis nedtrapping til kr 125 000 frå 2028.
Visit Bergen	708 268	
Stiftinga Kystkultur.no	20 000	
Landssamanslutninga av nynorskkommunar	68 775	
Norges frivilligsentralar	12 000	
Stiftelsen Miljøfyrtårn	10 700	
Transparency International Norge	31 000	Oppseiing av medlemskap frå 2026
Bergen og omland friluftsråd	977 680	
Norsk kulturforum	17 750	
Norsk kulturskoleråd	50 000	
Norsk fyrforening	1 000	
Landsforeningen ungdom og fritid	5 200	
BUA-partneravtale	25 000	
Norske kjernekræftkommuner	20 000	
Invest in Bergen og Etablerersenteret	275 576	
Sund senterforening	1 000	
DigiVestland kommunesamarbeid	500 000	
Kunnskapskommunen Helse Omsorg Vest	98 762	

## Søknadar

Oversikta viser mottekne søknadar i samband med budsjett 2025 og kommunedirektøren si innstilling til søknadane.

Organisasjon	Tekst	Søknad	Budsjett 2025	Budsjett 2024
HomeStart Familiekontakten	Driftsmidlar	1 800 000	1 200 000	1 200 000
KFUK-KFUM KomSammen	Driftsmidlar	500 000	0	
Basecamp	Grunnfinansiering regulert etter vedtektene		664 000	647 000

Organisasjon	Tekst	Søknad	Budsjett 2025	Budsjett 2024
Basecamp	Driftstilskot til oppsøkjande arbeid "Tett på"	300 000	112 000	112 000
Basecamp	Driftstilskot til Arbeidspraksis	1 500 000	1 400 000	1 000 000
Basecamp	Vognpatrolje og Matbank	1 000 000	500 000	500 000
Basecamp	Ope hus fredagar	600 000	600 000	
Fjell festning lysfestival	Driftstilskot	75 000	75 000	75 000
Sotra Sportsklubb	Søknad om midlar til nytt kunstgras i fotballhallen	4 000 000	0	
Rong Brass	Driftstilskot	ikkje spesifisert beløp	0	100 000
Treff+	Driftstilskot		25 000	25 000
Aktiv+	Driftstilskot		25 000	25 000
<b>Nordsjøfartmuseet</b>				
Museum Vest	Driftstilskot	471 000	450 000	450 000
Stiftinga Nordsjøfartmuseet	Vedlikehald	371 000	250 000	250 000
<b>Fjell festning</b>	Tilskot til drift av festningsanlegget		2 100 000	0
<b>Kystmuseet</b>				
Museum Vest	Driftstilskot	2 946 800	2 632 000	2 632 000
	Taremare Hav og berekraftsenter (Nybygg)	45 000	0	0
Stiftinga Kystmuseet	Vedlikehald	185 000	170 000	170 000
	Prosjektmidlar utviding av Kiø	150 000	0	

Tilskota her kjem i tillegg til tilskotsordningar på kulturfeltet.

## Investeringar i økonomiplanen



Framlegg til Investeringsprogram inneber ein investeringskostnad på kr 1,5 mrd i økonomiplanperioden 2025-2028.

Investeringsramma for 2025 er kr 214 mill, noko som er ein auke på kr 56 mill frå 2024. Kr 7,5 mill er finansiert via midlar frå Miljøløftet. KLP eigenkapitaltilskot gjeld sjukepleiarar og er finansiert ved bruk av ubundne investeringsfond. Kjøp av bilar er også finansiert ved bruk av ubundne investeringsfond og det er budsjettert med sal av eigedommar på kr 17 mill. Resten av investeringane er lånefinansiert.

Bruk av lån er kr 114,6 mill. Dette er i tråd med vedteke handlingsregel om at lånegjelda ikkje skal aukast. I 2026 og 2027 vil ein ikkje greia å overhalda handlingsregelen med mindre ein aukar sal av eigedom.

Kommunedirektøren gjer framlegg om at låneopptaket i 2025 vert kr 110 mill.

Kommunen legg opp til å ta opp eit lån på kr 100 mill i Husbanken for vidareutlån til vanskelegstilte på bustadmarknaden. I tillegg vert det tatt opp lån på kr 40 mill til vidareutlån som gjeld ny forsøksordning for førstegangsetablerarar.

Det er større behov i organisasjonen for investeringar enn det som er mogleg å prioritera i 2025, både kostnadmessig, men også ressursmessig i form av prosjektleiarar.

Investeringsbudsjettet er laga etter følgjande prioriteringar:

- Tidlegare forpliktingar (investeringar som er i gang og som det vert lagt inn midlar til for å fullføra)
- Pålegg/ HMS-krav
- Naudsynt rehabilitering
- Oppbygging av kapasitet innan pleie og omsorg
- Skulestruktur

Tidlegare løyvingar som ikkje er brukt kjem i tillegg til dei budsjetterte investeringane i økonomiplanperioden. Desse vert rebudsjettert til 2025 i eiga sak.

## Omtale av dei største investeringane i økonomiplanperioden

Dei største investeringane i økonomiplanperioden er:

- Nye Fjell ungdomsskule
- Ny skule på Bildøy
- Ny skule på vestsida
- Nye omsorgsplassar
- Omsorgsbustder for unge vaksne
- Kjøp av bilar

### **Nye Fjell ungdomsskule**

Det er vedtatt bygging av ny Fjell ungdomsskule på Bildøy som skal erstatta dagens bygg. Det er sett av totalt kr 388 mill i økonomiplanen til bygging av ny skule. I tillegg er det tidlegare løyvd kr 12 mill til prosjektet.

### **Ny skule på Bildøy**

I samsvar med barnehage- og skulebruksplanen er det lagt inn investeringsmidlar til bygging av ny barneskule på Bildøy i åra 2026-2029. Skulen vert i første omgang brukt som erstatningsskule for andre skular som skal byggjast eller rehabiliterast, deretter eigen skule med eigen skulekrins.

### **Ny skule på vestsida**

I samsvar med tidlegare politisk vedtak og barnehage- og skulebruksplanen skal det byggjast ny skule på vestsida av kommunen. Kommunedirektøren tilrår at ein i staden for å byggja skulen på Møvik heller bruker eksisterande skuletomt på Ulveset. Det er fleire argument som taler for ei slik endring, mellom anna fokus på gjenbruk og berekraft og reduserte kostnadar i høve infrastruktur. Ei nedlegging av Ulveset barnehage, som er i tråd med framlegg til ny barnehage- og skulestruktur, vil frigjera areal som gjer det mogleg å flytta skulebygget frå Møvik til Ulveset.

### **Nye omsorgsplassar**

I samsvar med Øygarden 2040 er det utarbeidd behovsanalyser for blant anna Helse og velferd. Desse viser at det hastar å byggja fleire heildøgns omsorgsplassar i kommunen. Hausten 2024 er det

ei politisk sak til behandling som gjeld etablering av inntil 80 heildøgns omsorgsplassar på Straume. Totalt er det sett av kr 430 mill i økonomiplanperioden til nye heildøgns omsorgsplassar.

### Kjøp av bilar

Det er berekna at det vil vera lønsamt å eiga bilar framfor å nytta seg av leasing. I 2025 er det omlag 70 leasingavtalar som går ut. I tillegg er det behov for utskifting av bilar som vi allereie eig. Nokre av desse er spesialbilar. I samband med anbod på bilane skal det utarbeidast kravspesifikasjon slik at vi kjøper bilar som er tilpassa tenestene samtidig som prisen er rimeleg. Det vert også vurdert å løysa oppgåver knytt til den kommunale bilparken gjennom samarbeid med Trigger eller tilsvarende verksemd.

### Prosjekt som er tatt ut frå økonomiplanen

#### Robustbustader

Bustadene vert handtert i Øygarden bustadutvikling KF og tas difor ut frå kommunen sin økonomiplan frå og med 2025.

#### Gjeldsutvikling

Øygarden kommune vil per 1.1.2025 ha ei lånegjeld på kr 2,9 mrd. Dette gjeld berre lån til investeringar, i tillegg kjem startlån. I økonomiplanperioden 2025-2028 vil vi ha ei slik utvikling i lånegjelda med dei investeringane som ligg inne i denne planen:

	R-2023	B-2024	B-2025	B-2026	B-2027	B-2028
Saldo 1.1	2 991 864	2 929 567	2 898 567	2 902 567	3 094 567	3 359 567
Nye lån	50 000	80 000	110 000	300 000	380 000	90 000
Avdrag	112 297	111 000	106 000	108 000	115 000	120 000
Renter	132 428	146 000	142 000	138 000	132 000	136 000
<b>Saldo 31.12</b>	<b>2 929 567</b>	<b>2 898 567</b>	<b>2 902 567</b>	<b>3 094 567</b>	<b>3 359 567</b>	<b>3 329 567</b>

Alle tal i heile tusen kr

Lånegjelda varierer i økonomiplanen frå kr 2,9 mrd til kr 3,3 mrd. Renteutgiftene er rekna ut frå dagens forventningar til 3 månadar NIBOR. Vi budsjetterer etter dette med ei lånerente på 4,75 % i 2025, 4,5 % i 2026 og 4,0 % i 2027 og 2028.

#### Startlån

Startlån er lagt inn i investeringsbudsjettet med kr 100 mill kvart år i økonomiplanperioden. I tillegg er det framlegg om å søkja deltaking i forsøksordninga med å tildela startlån til førstegangsetablerarar med kr 40 mill i 2025.

I 2025 gjer kommunedirektøren difor framlegg om at låneopptaket vert totalt kr 140 mill for desse to ordningane.

## Investeringsstabell for kommunen samla

Beløp i 1000

Investeringsprosjekt	Samla prosjektbeløp	Økonomiplan				Sum 2025-28	Sum andre år					
		Tidlegare løyving	2025	2026	2027		2028	2029	2030	2031	2032	2033
<b>Øygarden kommune</b>												
Adgangskontroll, kommunale bygg	500	2 000	500	500	500	3 500	500	0	0	0	0	0
Adgangskontroll, Skogsskiftet	0	2 000	0	0	0	2 000	0	0	0	0	0	0
Algrøy skule, riving	0	0	1 900	0	0	1 900	0	0	0	0	0	0
Alvheim kai	0	500	0	0	0	500	0	0	0	0	0	0
Alvheimsundet bru	0	0	0	1 000	0	1 000	0	0	0	0	0	0
Angelvik, utbetre bussnuplass inkl nytt busskur	0	500	1 000	0	0	1 500	0	0	0	0	0	0
Asfaltering		5 000	8 000	8 000	8 000	29 000	8 000	0	0	0	0	0
Automatiske senger	0	340	340	340	340	1 360	340	0	0	0	0	0
Avfallscontainere	0	2 000	2 000	2 000	0	6 000	0	0	0	0	0	0
Bilar	0	40 000	20 000	20 000	0	80 000	0	0	0	0	0	0
Blomgangstø kai	0	0	190	0	0	190	0	0	0	0	0	0
Brattholmen gamle skule, planlegging flytting	300	5 000	0	0	0	5 000	0	0	0	0	0	0
Brevik kai	0	0	130	0	0	130	0	0	0	0	0	0
Busskur, kommunale vegar	0	800	500	500	500	2 300	500	0	0	0	0	0
Chromebooks	20 000	1 500	1 500	16 000	1 500	20 500	0	0	0	0	0	0
Dala, utbetring av kommunalt kryss	0	1 500	0	0	0	1 500	0	0	0	0	0	0
Dalseidet kai	0	0	100	0	0	100	0	0	0	0	0	0
Dalsneset kai	0	0	100	0	0	100	0	0	0	0	0	0
ejournal	2 500	2 500	0	0	0	2 500	0	0	0	0	0	0
omsorgstenesta												
Eablering av ny veglys og intensivbelysning	500	1 000	1 000	500	500	3 000	500	0	0	0	0	0
Fallunderlag leikeplassar	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000	2 000	0	0	0	0	0
Fjell sjukeheim, kjøll og fryseanlegg	0	650	0	0	0	650	0	0	0	0	0	0
Fjell sjukeheim, ventilasjonsanlegg	0	3 000	0	0	0	3 000	0	0	0	0	0	0
Fjell skule, rive gymsal	0	1 300	0	0	0	1 300	0	0	0	0	0	0
Fjellsikring	1 100	800	800	800	800	3 200	800	0	0	0	0	0
Fotballmål, kommunale kunstgressbanar	250	750	250	250	0	1 250	0	0	0	0	0	0
Frihuset på Ågotnes, rive	0	0	1 300	0	0	1 300	0	0	0	0	0	0
Gamle Straumsundet bru, forprosjekt	0	1 500	0	0	0	1 500	0	0	0	0	0	0

Investeringsprosjekt	Samla prosjektbeløp	Økonomiplan				Sum 2025-28	Sum andre år						
		Tidlegare løyving	2025	2026	2027		2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034
Gangstø ressurscenter, etableringskostnader ved flytting til gamle Blomvåg skule	0	1 000	0	0	0	1 000	0	0	0	0	0	0	
Grønomyrsvegen - ombygging av sentrumsgate	70 400	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	
Heimetenesta, Keyless tilgang	0	1 500	1 500	0	0	3 000	0	0	0	0	0	0	
Hernar kai	0	1 350	0	0	0	1 350	0	0	0	0	0	0	
Idrettshaller, utstyr for halltelling	150	200	0	0	0	200	0	0	0	0	0	0	
IKT investeringar	34 417	3 000	3 000	3 000	3 000	12 000	3 000	0	0	0	0	0	
Infrastruktur kommunesenter:	0	2 500	0	0	0	2 500	0	0	0	0	0	0	
Lonavegen Infrastruktur kommunesenter:	0	2 000	1 000	4 000	0	7 000	0	0	0	0	0	0	
Straumsallm frå Gjertrudvegen mot Sartorparken	0	0	12 000	14 000	0	26 000	0	0	0	0	0	0	
Investeringar, kyrkja	0	4 180	5 300	5 300	1 950	16 730	0	0	0	0	0	0	
Klp eigenkapitaltilskot	43 500	1 100	1 100	1 100	1 100	4 400	0	0	0	0	0	0	
Knappskog skule, SD anlegg	0	1 500	0	0	0	1 500	0	0	0	0	0	0	
Kompetansemodul	0	500	0	0	0	500	0	0	0	0	0	0	
Krossleitet, riving av lagerbygg	0	500	0	0	0	500	0	0	0	0	0	0	
Ladeinfrastruktur	0	2 000	0	0	0	2 000	0	0	0	0	0	0	
Landro skule, tak	0	0	4 400	0	0	4 400	0	0	0	0	0	0	
Led-lys, kommunale bygg	7 000	5 000	5 000	10 000	10 000	30 000	0	0	0	0	0	0	
Legevaktstelefon	0	300	0	0	0	300	0	0	0	0	0	0	
Leikeplassar utanfor skular og barnehagar	0	500	0	0	0	500	0	0	0	0	0	0	
Liljevatnet barnehage, varmepumpe	0	2 250	0	0	0	2 250	0	0	0	0	0	0	
Lyngøyna kai	0	0	240	0	0	240	0	0	0	0	0	0	
Misje kai	0	0	0	260	0	260	0	0	0	0	0	0	
Misje, mur	0	900	0	0	0	900	0	0	0	0	0	0	
Nautnes kai	0	240	0	0	0	240	0	0	0	0	0	0	
Ny skule Bildøy	0	0	12 000	38 000	100 000	150 000	100 000	0	0	0	0	0	
Ny skule vestsida (Ulveset)	20 100	0	0	0	15 000	15 000	50 000	137 000	138 000	0	0	0	



Investeringsprosjekt	Samla prosjektbeløp	Økonomiplan				Sum 2025-28	Sum andre år						
		Tidlegare løyving	2025	2026	2027		2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034
Nye Fjell ungdomsskule	12 000	15 000	180 000	193 000	0	388 000	0	0	0	0	0	0	
Nye omsorgsplassar	1 200	10 000	60 000	180 000	178 800	428 800	0	0	0	0	0	0	
Nålura bru	0	0	200	0	0	200	0	0	0	0	0	0	
Omsorgsbustader for unge vaksne	600	5 000	35 000	0	0	40 000	0	0	0	0	0	0	
Oni bru, spesialinspeksjon	250	0	2 800	0	0	2 800	0	0	0	0	0	0	
Oppgradera styringseiningar på ulike bygg	0	0	1 500	0	0	1 500	0	0	0	0	0	0	
Oppgradering uteområde skular	12 500	10 000	0	0	0	10 000	0	0	0	0	0	0	
Overføringskostnadar ved Sund skule	0	500	0	0	0	500	0	0	0	0	0	0	
Overvassystem ulike stader	2 000	2 000	0	0	0	2 000	0	0	0	0	0	0	
Parkeringsløysing rådhuset og helselandsbyen	0	1 500	0	0	0	1 500	0	0	0	0	0	0	
Pollen, nærmiljøtiltak	0	1 100	0	0	0	1 100	0	0	0	0	0	0	
Prosjektoppfølgning kommunale vegar	1 200	1 200	1 200	1 200	1 200	4 800	1 200	0	0	0	0	0	
Reinholdsmaskiner	1 000	500	500	0	0	1 000	0	0	0	0	0	0	
Reinholdsrobot	800	1 150	1 150	1 150	1 150	4 600	1 150	0	0	0	0	0	
Robotgressklippere	0	300	0	0	0	300	0	0	0	0	0	0	
Rongesundet kai	0	0	220	0	0	220	0	0	0	0	0	0	
Rongesundet kai (ferjekai) - spesialinspeksjon	250	0	6 000	0	0	6 000	0	0	0	0	0	0	
Røykdykkarbil	0	3 200	0	0	0	3 200	0	0	0	0	0	0	
Sanering oljetanker	0	600	1 500	0	0	2 100	0	0	0	0	0	0	
Skogskiftet, turveg	0	250	0	0	0	250	0	0	0	0	0	0	
Skogsvåg barnehage, uteområde	0	250	3 000	0	0	3 250	0	0	0	0	0	0	
Solsvik kai	0	100	0	0	0	100	0	0	0	0	0	0	
Sotra Arena, prosjektering	0	1 000	0	0	0	1 000	0	0	0	0	0	0	
varmeanlegg	0	1 000	500	500	500	2 500	500	0	0	0	0	0	
Sportsutstyr i idrettshallar	700	1 000	700	700	0	2 400	0	0	0	0	0	0	
Storkjøkken, større kjøkkenmaskiner	0	1 500	0	0	0	1 500	0	0	0	0	0	0	
Stranda skule, varmepumpe	5 400	16 900	0	0	0	16 900	0	0	0	0	0	0	
Straume bu- og servicesenter, heildøgns plassar	0	0	13 000	0	0	13 000	0	0	0	0	0	0	
Straume bu- og servicesenter, tak													

Investeringsprosjekt	Samla prosjektbeløp	Økonomiplan				Sum	Sum andre år						
	Tidlegare løyving	2025	2026	2027	2028	2025-28	2029	2030	2031	2032	2033	2034	
Straume helsesenter, rehabilitering	0	3 000	0	0	0	3 000	0	0	0	0	0	0	
Straume helsestasjon, bytte tak	0	0	12 300	0	0	12 300	0	0	0	0	0	0	
Straume terapiserter, varmpumpe	0	0	5 000	0	0	5 000	0	0	0	0	0	0	
Sulo kai - spesialinspeksjon	250	0	2 000	0	0	2 000	0	0	0	0	0	0	
Sund ungdomsskule, fasadeoppgradering	0	1 500	0	0	0	1 500	0	0	0	0	0	0	
Sund ungdomsskule, ventilasjonsanlegg	0	2 000	0	0	0	2 000	0	0	0	0	0	0	
Sundhallen, tak og fasade	0	3 000	0	0	0	3 000	0	0	0	0	0	0	
Svellingen bru	0	0	0	0	1 050	1 050	0	0	0	0	0	0	
Tednebyggane omsorgssenter, nye ventilasjonsanlegg	0	0	4 150	0	0	4 150	0	0	0	0	0	0	
Tednebyggane omsorgssenter, sirkulasjon av varmt tappevatn	0	0	350	0	0	350	0	0	0	0	0	0	
Tednebyggane, bil	0	1 150	0	0	0	1 150	0	0	0	0	0	0	
Tednebyggane, heildøgns plassar	0	0	4 200	6 200	0	10 400	0	0	0	0	0	0	
Tednebyggane, kjøkken	0	0	3 000	0	0	3 000	0	0	0	0	0	0	
Tednebyggane, legionella-anlegg	0	500	0	0	0	500	0	0	0	0	0	0	
Tednebyggane, uteområde	0	2 000	0	0	0	2 000	0	0	0	0	0	0	
Trafikksikring	0	1 500	1 500	1 500	1 500	6 000	1 500	0	0	0	0	0	
Transaksjonskostnadar eigedomsverføringar	500	500	500	500	500	2 000	500	0	0	0	0	0	
Turøy kai og molo	0	0	0	1 000	0	1 000	0	0	0	0	0	0	
Tussetjødna barnehage, riving	0	600	0	0	0	600	0	0	0	0	0	0	
Ulveset barnehage, riving	0	700	0	0	0	700	0	0	0	0	0	0	
Universell utforming av offentlege areal	0	1 500	1 500	1 500	1 500	6 000	1 500	0	0	0	0	0	
Veglys langs kommunale vegar	0	1 000	0	0	0	1 000	0	0	0	0	0	0	
Veglys, skifting til LED lys	7 600	4 500	4 500	5 000	4 500	18 500	4 500	0	0	0	0	0	
Velferdsteknologi sjukeheim	23 400	4 000	0	0	0	4 000	0	0	0	0	0	0	

Investeringsprosjekt	Samla prosjektbeløp	Økonomiplan				Sum 2025-28	Sum andre år						
		Tidlegare løyving	2025	2026	2027		2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034
Vestresundet bru, spesialinspeksjon	250	0	3 500	0	0	3 500	0	0	0	0	0	0	
Vik kai - spesialinspeksjon	-4 550	0	4 800	0	0	4 800	0	0	0	0	0	0	
Øygarden ungdomsskule, brannalarmanlegg	0	1 700	0	0	0	1 700	0	0	0	0	0	0	
Ågotnes skule, legionellaanlegg	0	500	0	0	0	500	0	0	0	0	0	0	
Ågotnes skule, varmepumpe	0	5 000	0	0	0	5 000	0	0	0	0	0	0	
Åse kai	0	100	0	0	0	100	0	0	0	0	0	0	
<b>Sum Øygarden kommune</b>	<b>268 067</b>	<b>213 960</b>	<b>441 720</b>	<b>519 800</b>	<b>335 890</b>	<b>1 511 370</b>	<b>176 490</b>	<b>137 000</b>	<b>138 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	
<b>Sum</b>	<b>213 667</b>	<b>213 960</b>	<b>441 720</b>	<b>519 800</b>	<b>335 890</b>	<b>1 511 370</b>	<b>176 490</b>	<b>137 000</b>	<b>138 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	

#### Adgangskontroll, kommunale bygg

Det er stort behov for å erstatta låssystem og få montert nye adgangskontrollsystem på kommunale bygg.

#### Adgangskontroll, Skogskiftet

I søndre delen av kommunen er det ei anna standard på adgangskontrollsystem. Dette vert planlagt bytta slik at det er likt for heile kommunen.

#### Algrøy skule, riving

Riving av Algerøy skule. Gangstø vert flytta til anna bygg. Det må avklarast med grendalaget om grendadelen av bygget skal stå igjen mot at dei overtek dette.

#### Alvheim kai

Rehabilitering av fundament. Etablering av kantlist, fenderverk, redningsstige og bøye.

#### Alvheimsundet bru

Manglande køyrestert brurekkverk og manglande tilstøtande vegrekkverk etter dagens standard. Fleire utglidingar av stein i begge landkar.

#### Angelvik, utbetre bussnuplass inkl nytt busskur

Svingradiusen er for liten til at bussane kjem seg trygt rundt utan å øydelegge kantstein og køyre i grøfta. Behov for busskur. Ein av dei mest trafikkerte bussnuplassane.

#### Asfaltering

Det er behov for rehabilitering og fullasfaltering på fleire kommunale veger. Fundamenta og bæremna på vegane må rehabiliterast og aukast for å kunne tåla den belastninga som auka trafikk gjev. Behovet vert ofte svært tydeleg etter ein vinter, og vurderinga av kva veg som skal prioriterast må vurderast om våren.

**Automatiske senger**

Automatiske senger for å førebygga trykksår hos pasientar og redusert belastning for personell.

**Avfallscontainere**

Etablering av nedgrave containere ved kommunale bygg. Det er brot på sikkerhetsforskrift ved fleire kommunale bygg når det gjeld oppbevaring av avfall.

**Bilar**

Kjøp av bilar etter kvart som leasingperioden går ut. Det er berekna at det vil vera meir lønsamt å eiga bilar framfor leasing. Kjøpet vert finansiert ved ubundne investeringsfond.

**Blomgangstø kai**

Rehabilitering av kantlist, etablering av lengre redningsstige, ny redningsbøye.

**Brattholmen gamle skule, planlegging flytting**

Flytting av Brattholmen skule. Planlegging og kostnadsestimering av flyttinga.

**Brevik kai**

Etablering av kantlist, redningsstige og bøye. Rehabilitering av kaidekke.

**Busskur, kommunale vegar**

Det er behov for nye busskur langs kommunale vegar samt utskifting av eldre busskur, spesielt betongbusskur.

**Chromebooks**

Chromebooks til bruk i skulane. Supplering ved skulestart samt utskifting av modellar som går ut av support i løpet av perioden.

**Dala, utbetring av kommunalt kryss**

Samarbeidsprosjekt mellom Vestland fylkeskommune, ØyVAR og Øygarden kommune der kommunen bidreg med finansiering av kommunalt kryss på Dala. Dette vil sikra kommunal vassforsyning til Dala, gang/sykkelveg, forbetra vegen mellom Dala og Tellnes og utbetra sikta for kommunal utkøyring til fylkesveg. Prosjektet er avhengig av finansiering hos alle tre partar for å bli gjennomført.

**Dalseidet kai**

Etablere lengre trapp, redningsstige med tilfrestillande rekkverk og kantlist.

**Dalsneset kai**

Etablering av redningsstige og bøye. Mindre rehabilitering av betongplate, frontbjelke og pilar.

**ejournal omsorgstenesta**

Det er behov for å etablere ei framtidretta løysing for pasientjournal for aktuelle tenester.

**Etablering av ny veglys og intensivbelysning**

Det er fleire gangfelt og kommunale vegar som har manglande eller ikkje tilfredsstillande belysning, og særskilt skulevegane er dette eit viktig trafikktryggleikstiltak. Det er og fleire kryssingspunkt som

ikkje tilfredsstillar krava til gangfelt, men som samstundes har behov for betre belysning for at krysset skal bli meir oversiktleg og tryggare.

#### **Fallunderlag leikeplassar**

Utbetre og bytte fallunderlag for å sikra trygge leikeplassar.

#### **Fjell sjukeheim, kjøle og fryseanlegg**

Nytt kjøle- og fryseanlegg til hovudkjøkken. Eksisterande kjøle- og fryseanlegg er over levetid og sluttar å fungera ved høge utetemperaturar.

#### **Fjell sjukeheim, ventilasjonsanlegg**

Ventilasjonsanlegget har havarert og må byttast. Sjukeheimen har per i dag ikkje tilluft. Anlegget er frå 1983, og det har utgått styring og gamle vifter. Det er høgt energiforbruk, og det er ikkje mulig å få tak i resevedelar.

#### **Fjell skule, rive gymsal**

Rive gymsal Fjell skule med tilhøyrande kopling til gamle Fjell skule.

#### **Fjellsikring**

Erfaringstal tilseier at det vil være behov for fjellsikring særskilt etter vinter med t.d frostsprenging.

#### **Fotballmål, kommunale kunstgressbanar**

Kjøp av fotballmål til kommunale kunstgrasbaner.

#### **Gamle Straumsundet bru, forprosjekt**

Gamle Straumsundet bru må byttast. Det vert sett av midlar til eit forprosjekt som tek sikte på å avklara konsept og forprosjekt for totalentreprise.

#### **Gangstø ressurscenter, etableringskostnadar ved flytting til gamle Blomvåg skule**

Tilretteleggingskostnadar ved å flytte Gangstø ressurscenter frå gamle Algrøy skule til gamle Blomvåg skule i samsvar med barnehage- og skulebruksplanen. Gamle Algrøy skule er i særskild dårleg stand, og er ikkje lengre helseverngodkjend. Det er difor behov for å gjera snarlege tiltak for å sikra ein forsvarleg skuledrift. I tilrådinga før høyring var det lagt til grunn investeringskostnader til Gangstø ressurscenter på kr 58,5 mill. Ved å flytte drifta av Gangstø ressurscenter frå gamle Algrøy skule til gamle Blomvåg skule vil det berre vera behov for mindre kostnader knytt til etablering og tilrettelegging.

På sikt kan det vera aktuelt å etablere ny brannstasjon i tilknytning til skulen, noe som vert vurdert som ei god synergieffekt.

#### **Heimetenesta, Keyless tilgang**

Keyless - nøkkelfri adgang til brukarar for heimetenesta. Tiltaket gir ei betre og tryggare tilgang til bustader, og gjer at heimetenesta slepp å ha enkeltnøklar liggande.

#### **Hernar kai**

Rehabilitering av kaidekke og etablering av redningsstige.

### **Idrettshaller, utstyr for halltelling**

Kjøp av utstyr til halltelling for å analysa bruken av hallen og få eit grunnlag for optimal utnytting.

### **IKT investeringar**

Utskiftning av IKT-utstyr, mellom anna digitale tavler i skulane. Etablering av nye møterom med moderne AV utstyr.

### **Infrastruktur kommunesenter: Lonavegen**

Lonavegen: Oppgradering av fortau frå Bildøyvegen til barnehage i Lonavegen, langs Sartorlunden.

### **Infrastruktur kommunesenter: Straumsallm frå Gjertrudvegen mot Sartorparken**

I reguleringsplan S3a : Del av Straumsallmenningen som går frå Grønplassen ned mot Straume sjøfront. Prosjektet gjeld del frå Gjertrudvegen ned mot Sartorparken.

### **Infrastruktur Straume**

Prosjektet skal følgje opp kommunen sine forpliktingar jamfør avtalar om infrastrukturutbygging på Straume. Det er fleire tiltak som kommunen er avtaleforplikta til å gjennomføra, men som ikkje er utført. Fleire av tiltaka heng saman med andre utbyggingstrinn på Straume som krev samkøyring.

### **Investeringar, kyrkja**

Investeringar som gjeld kyrkja er lagt inn i ein rund sum. Investeringsmidlar for 2025 byggjer på tilsendt investeringsplan korrigert for KS-sak 122/24. Her vart det vedtatt at løyvingane til rehabilitering av Fjell kyrkje blei auke med kr 850 000, og at løyvingane til kyrkjelege investeringar i 2025 skal reduserast tilsvarande.

### **Klp eigenkapitaltilskot**

Eigenkapitaltilskot, sjukepleiarar er i økonomiplanperioden budsjettert med kr 900 000.

### **Knappskog skule, SD anlegg**

Det er gjennom tilstandskartlegginga avdekkja at det må på plass nytt SD anlegg ved Knappskog skule.

### **Kompetansemodul**

Kompetansemodul er eit viktig verktøy for tilsette og leiarar. Her kan tilsette dokumentera sin kompetanse, mens leiarar kan ha oversikt over kompetansen som finns i eininga. Leiarar kan mellom anna bruka modulen til å planlegga kompetanseutvikling og ha oversikt over gjennomførte opplæringstiltak.

### **Krossleitet, riving av lagerbygg**

Driftsavdelinga har eldre lagerlokale på Krossleitet. Det vert gjort framlegg om at dette vert rive.

### **Ladeinfrastruktur**

Det vert prioritert å kjøpa elbilar, og det er då nødvendig å etablera ladeinfrastruktur.

### **Landro skule, tak**

Bytte av yttertak på gammel del av skulen.

**Led-lys, kommunale bygg**

Skifte av eldre armatur på diverse bygg. Tilbakebetalingstid er venta å vere 6 månader per lampe.

**Legevaktstelefon**

Implementering av Life X (ny legevaktstelefon).

**Leikeplassar utanfor skular og barnehagar**

Sikring og utvikling av kommunale leikeplassar utanfor skular og barnehagar.

**Liljevatnet barnehage, varmpumpe**

Eksisterande varmpumpe i Liljevatnet barnehage er i ferd med å havarera. Om ikkje varmpumpa vert skifta vil det føra til ein stor auke i energiforbruket.

**Lyngøyna kai**

Etablering av redningsstige og rehabilitering av kantlist og pullert.

**Misje kai**

Rehabilitering av fundament, kantlist, pullert og fenderverk.

**Misje, mur**

Etablering av mur i samsvar med forplikting i eldre avtale som kommunen har med grunneigar.

**Nautnes kai**

Etablering av fenderverk, kantlist, pullert og redningsbøye. Rehabilitering av kaifront.

**Ny skule Bildøy**

Det vert gjort framlegg om å byggja ny skule på Bildøy grunna venta framtidig elevtalsvekst i Straumeområdet. Skulen vert i første omgang brukt som erstatningsskule for andre skular som skal byggast eller rehabiliterast, deretter eigen skule med eigen skulekrins. Vi viser elles til barnehage- og skulebruksplanen.

**Ny skule vestsida (Ulveset)**

Etablering av ny skule på vestsida jf KS-sak 067/22. Skulen vert jf barnehage- og skulebruksplanen lokalisert til Ulveset.

**Nye Fjell ungdomsskule**

Bygging av ny Fjell ungdomsskule på Bildøy til erstatning for dagens ungdomsskule.

**Nye omsorgsplassar**

I samsvar med Øygarden 2040 er det gjort analysar som viser at vi må bygge fleire omsorgsplassar i økonomiplanperioden. Vi viser her til eigen sak om bygging av nye heildøgns plassar på Straume hausten 2024. Midlane som er budsjettert i 2025 er planleggingsmidlar.

Det er berekna at vi vil få tilskot frå Husbanken på kr 166 mill. Dette er lagt inn i 2028.

### **Nålura bru**

Oppgradering for å auke bæreevna og trafikktryggleiken. Manglande køyresterkt brurekkverk og tilstøtande vegrekkverk etter dagens krav.

### **Omsorgsbustader for unge vaksne**

Ombygging av Terna barnehage til bustader til unge vaksne med særskilte behov.

### **Oni bru, spesialinspeksjon**

Bruinspeksjon har avdekka skader med betydning for bæreevne og trafikktryggleik. Trafikktryggleiken er nedsett grunna korrosjon i stolpenes innstøpningssoner, mangelfulle overgangar og skarpe endeavslutningar.

### **Oppgradera styringseiningar på ulike bygg**

Gammal sentral har ikkje støtte for oppgraderingar eller vedlikehald.

### **Overføringskostnadar ved Sund skule**

Overføre Sund skule til bygda tilsvarande som for Tellnes skule.

### **Overvassystem ulike stader**

Etablering av overvassystem der dette manglar.

### **Parkeringsløyising rådhuset og helselandsbyen**

Parkeringsløyising på rådhuset og helselandsbyen for å redusere "villparkering".

### **Pollen, nærmiljøtiltak**

Jamfør politisk vedtak, FS 060/23, skal kommunen bidra med å realisera eit nærmiljøanlegg til bygda.

### **Prosjektoppfølgjing kommunale vegar**

Oppfølging av kommunale vegar som blir bygd av private, men overført til kommunen.

### **Reinholdsmaskiner**

Behov for nye reinholdsmaskiner.

### **Reinholdsrobot**

Kjøp av to reinholdsrobotar. Det er i 2024 gjennomført eit prøveprosjekt der ein ser at reinholdsrobotar gir ein effektivisering av drifta. Investeringa i 2025 er stipulert å kunne redusera lønsutgiftene tilsvarande eit årsverk.

### **Robotgressklippere**

Kjøp av robotgressklippere for å effektivisere drifta.

### **Rongesundet kai**

Etablering av kantlist, fenderverk og redningsbøye. Rehabilitering av kaidekke og fundament.

### **Rongesundet kai (ferjekai) - spesialinspeksjon**

Tilstandskartlegging frå 2019 viser at det er behov for spesialinspeksjon av Rongesundet kai. Det er observert skader av betydning for kaias bæreevne.



### **Røykdykkarbilar**

Kjøp av to nye røykdykkarbilar. Denne bilkategorien vert nytta både ved persontransport og ved brann- og redningsrelaterte oppdrag samt ved First Responder-teneste.

### **Sanering oljetanker**

Sanering av oljetanker på Fjell ungdomsskule, Ulveseth skule og Ågotnes skule.

### **Skogsskiftet, turveg**

Kjøp av tomt 150/18 ved Skogsvatnet for etablering av turveg i detaljplan for Skogsskiftet sentrum.

### **Skogsvåg barnehage, uteområde**

Skogsvåg barnehage har behov for eit oppgradert uteareal. Det vert lagt opp til at ein lagar ein utomhusplan og eit kostnadsestimat i 2025 og utførar arbeidet i 2026. Tal i 2026 er estimat.

### **Solsvik kai**

Etablering av redningsstiger. Rehabilitering av betongelement.

### **Sotra Arena, prosjektering varmeanlegg**

Anlegget er bygget slik at ein ikkje har drift på varmpumper, og samtidig er det underdimensjonert.

### **Sportsutstyr i idrettshallar**

Det er stor slitasje på sportstutstyr i dei eldre idrettshallane, Bildøyhallen, Sundhallen og Ågotneshallen.

### **Storkjøkken, større kjøkkenmaskiner**

Det er behov for å foreta utskiftningar av storkjøkkenutstyr på Sundheimen og Fjell Sjukeheim.

### **Stranda skule, varmpumpe**

Varmepumpa ved mellomtrinnet på Stranda skule er defekt og må skiftast. Om ikkje varmpumpa vert skifta vil det bety store energikostnadar.

### **Straume bu- og servicesenter, heildøgns plassar**

Omgjering av omsorgsbustader ved Straume bu- og servicesenter til heildøgns omsorgsplassar. Det skal gjennomførast naudsynte tilpassingar/ ombygging samt fasadeoppgradering.

### **Straume bu- og servicesenter, tak**

Taket er på Straume bu- og servicesenter er gammalt, og det vert planlagt utskifta i 2026 for å forhindra skade på bygningskroppen. Takstein er dårleg og knekk lett.

### **Straume helsesenter, rehabilitering**

Modernisering og rehabilitering av bygget innvendig for å sikra framtidige leigeinntekter.

### **Straume helsestasjon, bytte tak**

Taket er gammalt og det må planleggast utskifting for å forhindre skade på bygningskroppen. Dagens takstein er dårleg og knekk lett.

#### **Straume terapiserter, varmepumpe**

Ny høytemperatur varmepumpe som erstatning for propan.

#### **Sulo kai - spesialinspeksjon**

Tilstandskartlegging frå 2019 viser at det er behov for spesialinspeksjon av Sulo kai. Det er observert skader av betydning for kaias bæreevne.

#### **Sund ungdomsskule, fasadeoppgradering**

Fasadeoppgradering for å gi bygget eit likt uttrykk.

#### **Sund ungdomsskule, ventilasjonsanlegg**

Anlegget er frå 1990-tallet. Styringa er utgått, og det er gamle vifter og høgt energiforbruk.

#### **Sundhallen, tak og fasade**

Skifting av tak, renner og nedløp, i tillegg til fasadeoppgradering på Sundhallen.

#### **Svellingen bru**

Manglande armering som resulterer i sprekker og riss. Brurekkverk tilfredstiller ikkje dagens krav og må oppgraderast. Rehabilitering av bruplate.

#### **Tednebakkane omsorgssenter, nye ventilasjonsanlegg**

Nye ventilasjonsaggregat på Tednebakkane.

#### **Tednebakkane omsorgssenter, sirkulasjon av varmt tappevatn**

Ein optimalisering av det tekniske anlegget.

#### **Tednebakkane, bil**

Kjøp av ny bil (9 seter) til Tednebakkane omsorgssenter.

#### **Tednebakkane, kjøkken**

Utskiftning av postkjøkken på Tednebakkane omsorgssenter.

#### **Tednebakkane, legionella-anlegg**

Installering av permanent ablegg for legionellakontroll. Prosjektet er eit tilrådd tiltak for legionellaførebygging etter legionellakartlegging.

#### **Tednebakkane, uteområde**

Prosjektet skal gjera uteområda ved Tednebakkane omsorgssenter meir vedlikehaldsvennleg. Gammal belegningstein vert erstatta med asfalt og områda tilrettelagt for robotgrasklippar.

#### **Trafikksikring**

Ny trafikksikkerheitsplan vil avdekka ein del naudsynte tiltak på det kommunale vegnettet. Prosjektet skal rettast mot desse tiltaka får å forbetra trafikktryggleiken.

#### **Transaksjonskostnadar eigedomsoverføringar**

Kommunen skal overta fleire eigedommar der vi er forplikta til å dekke transaksjonskostnadene.

**Turøy kai og molo**

Rebalitering av fundament, kantlist, pullert og fenderverk.

**Tussetjødna barnehage, riving**

Riving av Tussetjødna barnehage.

**Ulveset barnehage, riving**

Viser til barnehage- og skulebruksplanen. Ulveset barnehage er tilrådd avvikla i planen, og beløpet investeringsbudsjettet gjeld riving av bygget i tråd med dette.

**Universell utforming av offentlege areal**

Gjennom dette prosjektet skal universell utforming i sentrumsområde, parkar og offentlege plassar styrkast.

**Veglys langs kommunale vegar**

Kjøp av veglys langs kommunal veg frå Veglys AS. Dette vil rydde i dagens eigarskapsstruktur og opne for utskiftning av armatur til LED-belysning.

**Veglys, skifting til LED lys**

Gamle kvikksølv og natrium-armatur trekkjer svært mykje straum utan at effekten av lyset er særskild god. Ved å skifte ut desse gamle armatura med nye LED-lys med t.d dimming vil ein kunne redusere straumkostnadane med mellom 70-80 %.

**Velferdsteknologi sjukeheim**

Implementering av velferdsteknologi i Helse og velferd.

**Vestresundet bru, spesialinspeksjon**

Bruinspeksjon har avdekket skader med betydning for bæreevne og trafikktryggleik. Trafikktryggleiken er nedsatt grunna mangelfulle overgangar og skarpe endeavslutningar.

**Vik kai - spesialinspeksjon**

Tilstandskartlegging frå 2019 viser at det er behov for spesialinspeksjon av Vik kai. Det er observert skader av betydning for kaias bæreevne.

**Øygarden ungdomsskule, brannalarmanlegg**

Eksisterande brannalarmanlegg må skiftast grunna mykje feil på eksisterande anlegg.

**Ågotnes skule, legionellaanlegg**

Etablering av permanente legionellaanlegg. Prosjektet er tilrådd legionellaførebyggjande tiltak etter legionellakartlegging.

**Ågotnes skule, varmepumpe**

Prosjektering og installasjon av varmepumpe på varmeanlegg. Prosjektet er eit ENØK-tiltak.

**Åse kai**

Manglende fenderverk.

## Oversikt Investering og finansiering

	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Investeringer i varige driftsmidler	208 680	435 320	513 400	332 840
Tilskudd til andres investeringer	4 180	5 300	5 300	1 950
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	1 100	1 100	1 100	1 100
<b>Sum finansieringsbehov</b>	<b>213 960</b>	<b>441 720</b>	<b>519 800</b>	<b>335 890</b>
Kompensasjon for merverdiavgift	-41 736	-87 064	-102 680	-66 568
Tilskudd fra andre	-7 500	-25 000	0	-166 000
Salg av varige driftsmidler	-17 000	-15 000	-20 000	-10 000
Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0
Bruk av lån	-114 624	-297 556	-380 020	-92 222
Videreutlån	140 000	100 000	100 000	100 000
Bruk av lån til videreutlån	-140 000	-100 000	-100 000	-100 000
Bruk av ubundet investeringsfond	-33 100	-17 100	-17 100	-1 100
<b>Sum finansiering</b>	<b>-213 960</b>	<b>-441 720</b>	<b>-519 800</b>	<b>-335 890</b>
<b>Sum finansieringsbehov</b>	<b>213 960</b>	<b>441 720</b>	<b>519 800</b>	<b>335 890</b>
<b>Sum finansiering</b>	<b>-213 960</b>	<b>-441 720</b>	<b>-519 800</b>	<b>-335 890</b>
<b>Udekt finansiering</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Spesifisering av postar i oversikt investering og finansiering

Tilskot frå andre	Type tilskot	2025	2026	2027	2028
Grønomyrsvegen - ombygging sentrumsgate	Miljøløftet	-7 500			
Nye omsorgsplassar	Investeringstilskot Husbanken				-166 000

Sal av varige driftsmidler	2025	2026	2027	2028
Sal av eigedom	-17 000	-15 000	-20 000	-10 000

Eigen sak om sal av eigedom kjem til politisk behandling i slutten av 2024. Her vil det vera med ei liste som spesifiserar kva bygg som kan seljast.

<b>Bruk av ubundne investeringsfond</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>	<b>2027</b>	<b>2028</b>
Eigenkapitaltilskot Klp, sjukepleiarar	-1 100	-1 100	-1 100	-1 100
Finansiering av bilar	-32 000	-16 000	-16 000	

## Kommunen sine tenesteområde

### Politisk



### Driftsbudsjett

#### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2023	2024	2024	2025	2026	2027	2028
<b>Driftsutgifter</b>							
Lønn	9 933	11 221	12 698	14 656	13 696	14 656	13 696
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	3 783	4 584	3 682	4 404	3 614	4 404	3 614
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	385	621	621	599	599	599	599
Overføringsutgifter	3 816	5 439	4 644	4 846	4 646	4 846	4 646
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>17 918</b>	<b>21 865</b>	<b>21 645</b>	<b>24 505</b>	<b>22 555</b>	<b>24 505</b>	<b>22 555</b>
<b>Driftsinntekter</b>							
Refusjoner	-683	-931	-711	-896	-696	-896	-696
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-683</b>	<b>-931</b>	<b>-711</b>	<b>-896</b>	<b>-696</b>	<b>-896</b>	<b>-696</b>
<b>Sum</b>	<b>17 235</b>	<b>20 934</b>	<b>20 934</b>	<b>23 609</b>	<b>21 859</b>	<b>23 609</b>	<b>21 859</b>

## Fordeling på eining (tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2023	2024	2024	2025	2026	2027	2028
Sentrale folkevalde	17 235	20 934	20 934	23 609	21 859	23 609	21 859
<b>Sum</b>	<b>17 235</b>	<b>20 934</b>	<b>20 934</b>	<b>23 609</b>	<b>21 859</b>	<b>23 609</b>	<b>21 859</b>

## Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
<b>Opprinnelig budsjett</b>	<b>20 934</b>	<b>20 934</b>	<b>20 934</b>	<b>20 934</b>
Sum Tekniske justeringer	341	341	341	341
Sum Vedtak forrige periode	584	584	584	584
Konsekvensjusteringer	925	925	925	925
<b>Konsekvensjustert ramme</b>	<b>21 859</b>	<b>21 859</b>	<b>21 859</b>	<b>21 859</b>
<b>Nye tiltak</b>				
Val	1 750	0	1 750	0
<b>Sum Nye tiltak</b>	<b>1 750</b>	<b>0</b>	<b>1 750</b>	<b>0</b>
<b>Nye tiltak og realendringer</b>	<b>1 750</b>	<b>0</b>	<b>1 750</b>	<b>0</b>
<b>Budsjettendringer</b>				
Sum Budsjettendringer	0	0	0	0
<b>Ramme 2025-2028</b>	<b>23 609</b>	<b>21 859</b>	<b>23 609</b>	<b>21 859</b>

## Nye tiltak

### Val

Det er stortingsval i 2025 og det er lagt inn midlar til å avvikle valet.

## Kostra-analyse


Prioritet	Øygarden 2022	Øygarden 2023	Alver	Askøy	Bjørnafjorden	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
Netto driftsutgifter per innbygger (100) politisk styring (B) *) **)	305	325	520	426	291	367	497

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*) Justert for utgiftsbehov

Netto driftsutgifter per innbyggjar til politisk styring er lågare enn gjennomsnittet i kostragruppe 10 og landsgjennomsnittet.

## Kommunedirektør



### Omtale av kommunalsjefområdet

Utgifter som ligg på dette ansvarsområdet er tilskot til eksterne samarbeidspartnarar innan næring, kommunale føretak, kyrkja og kommunale medlemsskap.

Oversikt over budsjetterte tilskot og medlemsskap er omtala i eige kapittel.

### Hovudutfordringar

Øygarden kommune og Øygardssamfunnet står overfor store endringar og omstillingar som følgje av blant anna endra demografi. Med ein auke i den eldre delen av befolkninga, samtidig som det ikkje vert fleire yngre, vil det medføre eit vesentleg auka tenestebehov. Det betyr at kommunen framover ikkje vil klara å levera tenester på same nivå som vi gjer i dag, og vi treng å finna nye måtar å arbeida og samarbeida på.

Samfunns- og næringsutvikling heng tett saman, og er avhengig av kvarandre for å lukkast. Gjennom å tilby gode tenester som barnehage, skule og eldreomsorg, vert samfunnet vårt ein attraktiv plass å bu og leva i. Dette skapar også attraktivitet for næringsverksemda. Ein kommune med gode basistjenester og føreseielege rammevilkår, er også ein god kommune å driva næring i. På same måte er samfunnsutviklinga og kommunale tenester avhengig av eit godt næringsliv. Det sikrar arbeid, aktivitet og inntekt til den enkelte, og bidreg også til fellesinntekter til samfunnet.



Framover vert det nødvendig at kommunen samarbeider enda tettare med næringslivet. Saman skal vi finna gode løysingar til beste for alle. For å få dette til, treng vi også bidrag frå kunnskapsinstitusjonar, som skule og akademia, men også frivilligheita.

Framtidssamfunnet skal vera nettopp ein slik arena der dei ulike aktørar kan løfta inn prosjekt og idear for å løysa morgondagens utfordringar. Ved å løfta nokre felles og komplekse samfunnsutfordringar inn til Framtidssamfunnet, skal vi sikra nok kraft og ressursar for å testa og vidareutvikla gode løysingar for morgondagens utfordringar. Dette skal også vera berekraftige løysingar som er relevante utover Øygardssamfunnet.

Framtidssamfunnet er ein av dei viktigaste satsingane i økonomiplanperioden. Med ny næringsssjef vert Framtidssamfunnet no rigga som arena, og vi ventar prosjekt i drift allereie frå første året i økonomiplanperioden.

### Dette skal vi oppnå

- Næringsarbeidet i kommunen skal styrkast blant anna gjennom å etablera Framtidssamfunnet, som ein viktig arena der privat og offentleg sektor kan samarbeida om eit meir innovativt og berekraftig samfunn.
- Vi skal ta ei aktiv rolle i vidareutvikling av regionsenteret både gjennom rolla som samfunnsutviklar og eigedomsaktør.
- Vi skal omstilla organisasjonen for å handtera den demografiske utviklinga og kunne levera effektive tenester

### Ressursinnsats

- Framtidssamfunnet, kr 1 mill kvart år i økonomiplanperioden
- Omstillingsmidlar, kr 650 000 i 2025
- Øygarden kyrkjelege fellestråd, kr 33 388 000 kvart år i økonomiplanperioden
- Tilskot Øygarden bustadutvikling KF, kr 700 000 kvart år i økonomiplanperioden

### Oppdrag

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
<b>Etablerer Framtidssamfunnet som arena for innovasjon og samskaping</b>	<p>Juni 2024 vedtok kommunestyret å etablera Framtidssamfunnet som eit prosjekt. I forkant av vedtaket er det gjennomført eit arbeid saman med PwC, der det er utarbeidd ei konkretisering av innhald og aktivitetar for Framtidssamfunnet. Hausten 2024 er det også vedteke mandat og organisering for Framtidssamfunnet. Dette arbeidar får stort fokus framover, det kommunen i første omgang skal arbeida for å rigga arbeidet og få på plass sentrale aktørar i arbeidet. I økonomiplanperioden skal kommunen arbeida for:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Rigga og få på plass dei ulike organa i Framtidssamfunnet. Dette vil ha hovudfokus i første halvdel av 2025</li> <li>• Igangsetting av ulike prosjekt i Framtidssamfunnet. Det første året er</li> </ul>	<p>Vi skal ta rolla som aktiv samfunnsutviklar ved å koordinera, mobilisera og samarbeida for å nå måla våre.</p>	<p>Øygarden kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og ansvarleg samfunnsaktør.</p>

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
	<p>dei ein ambisjon om å ha minimum 2-3 prosjekt i gang.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Gjennomføring av ulike kommunikasjonsiltak og aktivitetar, for å marknadsføra Framtidssamfunnet, og sikra tilgang på aktuelle prosjekt.</li> <li>Sikra jamleg informasjon til politisk nivå.</li> </ul>		

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap			Økonomiplan			
	2023	Budsjett 2024	Rev.budsjett 2024	2025	2026	2027	2028
<b>Driftsutgifter</b>							
Lønn	3 378	2 324	2 384	2 409	2 409	2 409	2 409
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	3 125	3 952	3 952	3 952	3 213	2 938	2 938
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	100	0	0	0	0	0	0
Overføringsutgifter	42 189	43 559	43 083	38 508	37 433	35 858	35 783
Finansutgifter	1	0	0	0	0	0	0
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>48 793</b>	<b>49 835</b>	<b>49 419</b>	<b>44 869</b>	<b>43 055</b>	<b>41 205</b>	<b>41 130</b>
<b>Driftsinntekter</b>							
Salgsinntekter	0	-401	0	-0	-0	-0	-0
Refusjoner	-1 059	-1 322	-1 247	-1 247	-1 247	-1 247	-1 247
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 587	0	0	0	0	0	0
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-2 646</b>	<b>-1 723</b>	<b>-1 247</b>	<b>-1 247</b>	<b>-1 247</b>	<b>-1 247</b>	<b>-1 247</b>
<b>Sum</b>	<b>46 147</b>	<b>48 112</b>	<b>48 172</b>	<b>43 622</b>	<b>41 808</b>	<b>39 958</b>	<b>39 883</b>

### Fordeling på eining (tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap			Økonomiplan			
	2023	Budsjett 2024	Rev.budsjett 2024	2025	2026	2027	2028
Kommunedirektør	46 147	48 112	48 172	43 622	41 808	39 958	39 883
<b>Sum</b>	<b>46 147</b>	<b>48 112</b>	<b>48 172</b>	<b>43 622</b>	<b>41 808</b>	<b>39 958</b>	<b>39 883</b>

## Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
<b>Opprinnelig budsjett</b>	<b>48 112</b>	<b>48 112</b>	<b>48 112</b>	<b>48 112</b>
Sum Investering og finansiering	-1 000	-1 650	-1 650	-1 650
Investering og finansiering	-1 000	-1 650	-1 650	-1 650
Sum Tekniske justeringer	85	85	85	85
Sum Vedtak forrige periode	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500
Konsekvensjusteringer	-1 415	-1 415	-1 415	-1 415

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
<b>Konsekvensjustert ramme</b>	<b>45 697</b>	<b>45 047</b>	<b>45 047</b>	<b>45 047</b>
<b>Innsparingstiltak</b>				
Oppseiing medlemskap Transparency International Norge	0	-31	-31	-31
Oppseiing medlemskap GCE Ocean Technology	0	0	-275	-275
Oppseiing medlemskap Industrikommunene	0	-58	-58	-58
Reduksjon tilskot Radio Sotra	-75	-150	-225	-300
Tilskot til kyrkja, harmonisering Kostra	-2 000	-3 000	-4 500	-4 500
<b>Sum Innsparingstiltak</b>	<b>-2 075</b>	<b>-3 239</b>	<b>-5 089</b>	<b>-5 164</b>
<b>Nye tiltak og realendringer</b>	<b>-2 075</b>	<b>-3 239</b>	<b>-5 089</b>	<b>-5 164</b>
<b>Budsjettendringer</b>				
<b>Sum Budsjettendringer</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Ramme 2025-2028</b>	<b>43 622</b>	<b>41 808</b>	<b>39 958</b>	<b>39 883</b>

## Innsparingstiltak

### Oppseiing medlemskap Transparency International Norge

Transparency International Norge har kompetanse i arbeidet mot korrupsjon og for openheit og integritet i alle typar verksemdar. Dette er eit tema som vi er oppteken av, men meirverdien av medlemskapet er ikkje større enn det vi får på andre område, til dømes gjennom KS.

### Oppseiing medlemskap GCE Ocean Technology

GCE Ocean Technology er ei industridrive klyngja med partnarar og medlemmar frå både industri, akademia, investorar og det offentlege. Dei arbeidar for verdiskaping i havnæringa gjennom å utvikla og levera innovativ havteknologi. GCE Ocean Technology er slik sett først og fremst viktig for næringa.

### Oppseiing medlemskap Industrikommunene

Industrikommunane arbeider for å sikra medlemskommunane sin del av verdiskapinga av lokal næringsverksemd, påverka samfunnet sine haldningar til industrien og ivareta medlemskommunane sine interesser ved fastsetting av industrielle rammevilkår og utvikling. Alle kommunar som er vertskap for industribedrifter kan vera med i organisasjonen. Utmelding må skje innan 1. juni året før medlemskapet opphøyrer.

Øygarden kommune er medlem i Nettverk av Petroleumskommunar og Norske kjernekraftkommuner. Å vera medlem i Industrikommunene gir ingen meirverdi ut over det vi får gjennom desse to organisasjonane.

### Reduksjon tilskot Radio Sotra

Radio Sotra mottok i dag eit tilskot på kr 425 000. Med den omstillinga kommunen er inne i, har kommunedirektøren også vurdert omfanget av driftsstøtte til Radio Sotra (jf. samarbeidsavtale vedteke i formannskapet 08.02.2022). Kommunedirektøren meiner at kunnskapskonkurransen «12 rette» har vore ein god og nyttig programserie som har bidrege til engasjement og gjeve elevane fagleg påfyll.

Ein vesentleg del av tilskotet til Radio Sotra er knytt til direkteoverføring av kommunestyremøta. Storleiken på tilskotet var fram til oppstart av kommune-TV basert på at radioen var til stades i

kommunestyresalen med egne medarbeidarressursar. Dei siste åra har Radio Sotra tappa lyd frå kommune-TV ved overføring av kommunestyremøta. Kommunedirektøren meiner at tilskotet til radioen må stå i forhold til ressursbruk.

Det er også stilt spørsmål om det er rett å halda fram med å støtta redaksjonelle program som trafikkradio om morgonen og ettermiddagen. Hausten 2024 vert det etablert eigen kommunal app som skal gje trafikantane relevant trafikkinformasjon i sanntid.

På bakgrunn av dette føreslår kommunedirektøren ei nedtrapping av driftsstøtta til Radio Sotra slik at støtta vert kr 350 000 i 2025, kr 275 000 i 2026, kr 200 000 i 2027 og kr 125 000 frå 2028. Det framtidige tilskotet til radioen bør først og fremst gå til å dekkja kostnader med kunnskapskonkurransen «12 rette».

### Tilskot til kyrkja, harmonisering Kostra

Øygarden kommune gir betydelege tilskot til kyrkja. Kostra-analyser viser at utgiftene til kyrkja er omlag kr 9 mill høgre enn gjennomsnittet i kostragruppe 10. Kommunedirektøren legg ikkje opp til å ta ut heile dette potensialet, men gjer framlegg om ei nedtrapping der vi i løpet av økonomiplanperioden tar ut om lag halvparten av potensialet.

### Kostra-analyse

	Øygarden 2022	Øygarden 2023	Alver	Askøy	Bjørnafjorden	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
<b>Prioritet</b>							
Administrasjonslokaler korrigerede brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	785	866	521	199	809	529	606
Netto driftsutgifter per innbygger (120) administrasjon (B) *) **)	4 274	4 053	3 350	3 508	2 812	3 886	4 360
Netto driftsutgifter per innbygger (390) den norske kirke (B) *) **)	796	768	1 078	473	643	566	613
Netto driftsutgifter per innbygger (393) gravplasser og krematori er (B) *) **)	83	79	0	239	0	53	107

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*\*) Justert for utgiftsbehov

Øygarden kommune bruker kr 4 053 per innbyggjar til administrasjon, noko som er litt under landsgjennomsnittet, men høgre enn i gruppe 10. Utgiftene per innbyggjar er redusert frå 2022 til 2023.

Øygarden kommune bruker kr 866 per innbyggjar til administrasjonsbygg, noko som er høgre enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Netto driftsutgifter per innbyggjar til kyrke er kr 768. Dette er høgre enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

## Finans og økonomi



### Omtale av kommunalsjefområdet

Kommunalsjefområdet Finans og økonomi har ansvar for finans, rekneskap, løn, budsjett og økonomiplan, verksemdsstyring, innkjøp og IKT og dokumentcenter

Einingar:

- IKT og dokumentcenter
- Rekneskap og løn
- Innkjøp

### Hovudutfordringar

Både private og offentlege verksemdar møter stadig krav til ein effektiv, profesjonell og riktig dimensjonert administrasjon. Det er viktig å ta ut omstillingspotensiale som ein stor kommune gir og som vert underbygga gjennom analyser.

Våren 2024 vart det gjort ein analyse av dimensjonering av administrasjonen i Øygarden kommune (administrasjonsanalyse), samt ein analyse av arbeidsprosessar i administrasjonen. Konklusjonen frå administrasjonsanalysen viste at dei administrative kostnadane i Øygarden kommune ikkje skil seg vesentleg frå gjennomsnittet av samanliknbare kommunar, og at bemanninga innan administrasjon ikkje er særskilt høg. Utfordringa er likevel å optimalisera ressursbruken og heile tida fokusera på korleis forbetra og effektivisera arbeidsprosessane.

Finans og økonomi har ansvar for ei rekke fellesfunksjonar på vegne av heile kommunen. Kommunalsjefområdet har difor ein viktig funksjon knytt til å sikra einskapleg praksis og samhandling i heile organisasjonen. Det vil vera viktig å ha god økonomistyring og auka fokus på effektivitet i økonomiplanperioden.

Det har vore jobba godt med verksemdstyring og samanhengar mellom måla i samfunnsplanen, budsjett og rapportering i 2024. Dette arbeidet må vidareutviklast og styrkast for å sikra at vi når måla som er sett. Gjennom verksemdstyringa kan kommunedirektøren rapportera tilbake til politisk nivå i høve politiske vedtak og bestillingar.

Samfunnet står ovanfor ei rekke store og komplekse utfordringar i åra framover. Innovasjon, digitalisering og bruk av smart teknologi er sentrale verkemidlar for å møte desse, og det er et mål at Øygarden kommune skal vera ein føregangskommune i arbeidet med innovasjon og digitalisering.

Som følge av krigen i Europa, er risikoen knytt til nettangrep og hacking aukande også i vår kommune. Det er viktig at vi tar cybersikkerheit på alvor og gjer tiltak for å beskytta viktig infrastruktur.

### Dette skal vi oppnå

Finans og økonomi skal i fireårsperioden bidra til god samheng mellom dei ulike planane i kommunen, syta for enklare tilgang til styringsdata med god kvalitet og vidareutvikla verksemdsstyringa i organisasjonen. God planlegging, analyser, samanlikningar med andre kommunar og høg kvalitet i verksemdsstyringa skal bidra til ein effektiv og målretta ressursbruk i kommunen.

Utvalde satsingar i økonomiplanperioden:

- Vidareutvikling og styrking av verksemdsstyringa samt utvikling av tydelege samanhengar mellom plan, budsjett og rapportering i styringssystemet til kommunen. Økonomiplan og budsjett skal vera tydeleg kopla mot måla i samfunnsplanen, og visa korleis ressursar påverkar resultat og gir effekt.
- Framleis fokus på økonomistyring og ein effektiv drift av Øygarden kommune.
- Auka fokus på arbeidet med økonomiske analysar
- Leggja til rette for gode økonomiplanprosessar.
- Det skal vurderast å nytta grønt lån ved bygging av ny Fjell ungdomsskule.
- Vi skal satsa på digitale løysingar og datasystem som understøttar tenestene. Auka effektivitet skal brukast til ein ytterlegare forbetring av tenestene.

### Ressursinnsats

- Auka lisensutgifter (driftskonsekvens av investering i Keyless og velferdsteknologi)

### Oppdrag

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
Aktiv eigarstyring	<ul style="list-style-type: none"><li>• Følgja opp revidert eigarskapsmeldinga frå 2024 gjennom aktiv eigarstyring.</li></ul>	-	Øygarden er blant dei mest attraktive kommunane i

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Følgja opp vedtekte tiltak etter eigarskapskontrollen i 2023. Desse er arbeidd med i 2023, 2024 og vil bli følgd opp vidare i 2025.</li> <li></li> </ul>		Noreg, både for lokale, nasjonale og internasjonale etablerarar.
<b>Implementera og følgja opp anskaffingsstrategien for Øygarden kommune</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Iverksetta anskaffingsstrategien som vart revidert i 2024, ved at det m.a. skal utarbeidast ein rettleiar.</li> </ul>	Vi skal aktivt nytta verktøy, som til dømes å stilla krav gjennom offentlege innkjøp, for å sikra inkluderande arbeidsliv, innovasjon og klima- og miljøvenlege løysingar.	Øygarden kommune er ein open, tillitsskapande og tilgjengeleg organisasjon.
<b>Vidareutvikla arbeidet med digitalisering</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vera aktiv deltakar i Digi Vestland</li> <li>Planlegga og implementera nytt legekontorsystem</li> <li>Planlegga og implementera nytt EPJ system (elektronisk pasientjournal)</li> <li>Innføring av SOC sikkerheitsløysing</li> <li>Skanning og digitalisering av byggesakssystem</li> <li>Digitalisering av dokumentsenter</li> </ul>	Vi skal ta i bruk nye teknologiske, brukarvenlege og digitale løysingar.	Øygarden kommune er ein open, tillitsskapande og tilgjengeleg organisasjon.
<b>Vidareutvikla arbeidet med verksemdsstyring i organisasjonen</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vidareutvikla arbeidet med den raude tråden frå samfunnsdelen til økonomiplan og budsjett, og vidare inn i verksemdsplanar. Eit viktig forbetningsområde er organisasjonen sitt arbeid med oppdrag, for å tydeleggjera prioriteringar.</li> <li>Systematisk oppfølginga av verksemdsplanar gjennom styringsdialog/ leiaravtalar og jamlege rapporteringar.</li> <li>Utvikla/ forbeta arbeidet med måltal/ indikatorar (KPI'ar).</li> </ul>	Vi skal arbeida strukturert med økonomiplanlegging for å sikra eit berekraftig tenestetilbod.	Øygarden kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og ansvarleg samfunnsaktør.
<b>Vurdera å ta opp grønne lån</b>	<p>I låne marknaden vert det tilbydd grønne lån med lågare rente til investeringar som løyser framtidens klima- og miljøutfordringar. Kategoriar der Kommunalbanken tilbyr grønne lån er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Bygg: byggeprosjekt med ein tydeleg klimaprofil</li> <li>Fornybar energi: tilrettelegging for bruk av fornybare energikjelder</li> <li>Transport: transportløysingar med minimale eller nullutslepp</li> <li>Avfall og sirkulærøkonomi: tiltak som bidreg til avfallsreduksjon, auka</li> </ul>	Vi skal redusera eige klimaavtrykk gjennom aktiv miljøleing.	Øygarden kommune er ein klimaansvarleg og miljøbevisst organisasjon

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
	ombruk, materialgjenvinning og bedre energiutnytting <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vatn og avlaup: vatn- og avlaupsinvestering med klima- eller miljøprofil</li> <li>• Arealbruk og områdeprosjekt: berekraftig bruk av areal</li> <li>• Klimatilpassing: prosjekt som har klimatilpassing som hovedformål</li> </ul>		
	Det skal ved opptak av lån vurderast om det kan takast opp grønne lån. Eit konkret prosjekt som skal vurderast er bygging av ny Fjell ungdomsskule.		

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap			Økonomiplan			
	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Rev.budsjett 2024	2025	2026	2027	2028
<b>Driftsutgifter</b>							
Lønn	41 957	41 527	42 699	46 981	46 981	46 981	46 981
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	46 581	50 355	50 455	54 879	55 140	55 133	54 751
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	2 585	2 502	2 502	2 526	2 526	2 526	2 526
Overføringsutgifter	11 992	8 264	8 264	8 089	8 089	8 089	8 264
Finansutgifter	1	0	0	0	0	0	0
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>103 116</b>	<b>102 648</b>	<b>103 920</b>	<b>112 475</b>	<b>112 736</b>	<b>112 729</b>	<b>112 522</b>
<b>Driftsinntekter</b>							
Salgsinntekter	-814	-500	-500	-500	-500	-500	-500
Refusjoner	-13 088	-8 289	-8 289	-8 289	-8 289	-8 289	-8 289
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-13 903</b>	<b>-8 789</b>	<b>-8 789</b>	<b>-8 789</b>	<b>-8 789</b>	<b>-8 789</b>	<b>-8 789</b>
<b>Sum</b>	<b>89 214</b>	<b>93 859</b>	<b>95 131</b>	<b>103 686</b>	<b>103 947</b>	<b>103 940</b>	<b>103 733</b>

### Fordeling på eining (tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap			Økonomiplan			
	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Rev.budsjett 2024	2025	2026	2027	2028
Kommunalsjef finans og økonomi	5 764	5 302	6 402	7 299	7 299	7 292	7 085
Rekneskap og løn	12 784	13 088	12 653	13 164	13 164	13 164	13 164
Innkjøp	4 071	3 918	4 001	4 012	4 012	4 012	4 012
IKT og Dokumentsenter	66 595	71 551	72 075	79 211	79 472	79 472	79 472
<b>Sum</b>	<b>89 214</b>	<b>93 859</b>	<b>95 131</b>	<b>103 686</b>	<b>103 947</b>	<b>103 940</b>	<b>103 733</b>



## Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
<b>Opprinnelig budsjett</b>	<b>93 859</b>	<b>93 859</b>	<b>93 859</b>	<b>93 859</b>
Sum Investering og finansiering	-688	-688	-688	-688
<b>Investering og finansiering</b>	<b>-688</b>	<b>-688</b>	<b>-688</b>	<b>-688</b>
Sum Tekniske justeringer	5 091	5 091	5 091	5 091
Sum Vedtak forrige periode	4 472	4 733	4 726	4 519
<b>Konsekvensjusteringer</b>	<b>9 563</b>	<b>9 824</b>	<b>9 817</b>	<b>9 610</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>	<b>102 734</b>	<b>102 995</b>	<b>102 988</b>	<b>102 781</b>
<b>Driftskonsekvens</b>				
Lisens Keyless - nøkkelfri adgang til brukarar, heimetenesta	100	100	100	100
Lisensar nye RoomMates institusjonar	852	852	852	852
<b>Sum Driftskonsekvens</b>	<b>952</b>	<b>952</b>	<b>952</b>	<b>952</b>
<b>Nye tiltak og realendringer</b>	<b>952</b>	<b>952</b>	<b>952</b>	<b>952</b>
<b>Budsjettendringer</b>				
Sum Budsjettendringer	0	0	0	0
<b>Ramme 2025-2028</b>	<b>103 686</b>	<b>103 947</b>	<b>103 940</b>	<b>103 733</b>

## Kostra-analyse

	Øygarden 2022	Øygarden 2023	Alver	Askøy	Bjørnafjorden	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
<b>Prioritet</b>							
Administrasjonslokaler korrigerede brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	785	866	521	199	809	529	606
Netto driftsutgifter per innbygger (120) administrasjon (B) *) **)	4 274	4 053	3 350	3 508	2 812	3 886	4 360

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*\*) Justert for utgiftsbehov

Øygarden kommune bruker kr 4 053 per innbyggjar til administrasjon, noko som er litt under landsgjennomsnittet, men høgere enn i gruppe 10. Utgiftene per innbyggjar er redusert frå 2022 til 2023.

Øygarden kommune bruker kr 866 per innbyggjar til administrasjonsbygg, noko som er høgere enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

## Organisasjon og beredskap



### Omtale av kommunalsjefområdet

Kommunalsjefsområdet organisasjon og beredskap har ansvar for å levera tenester innan: HR, organisasjonsutvikling og kompetanse, brann og redning, HMS, internkontroll, samfunnsikkerheit og beredskap, informasjon/ kommunikasjon, kommuneadvokat samt service- og forvaltningsoppgåver knytt til innbyggjarar og næringsliv. Hovudtillitsvalde og hovudverneombod har også sine arbeidstilhøve organisert i kommunalsjefsområdet.

Einingar:

- Brann og redning
- HR, forvaltning og kvalitet

### Hovudutfordringar

Det er nasjonale utfordringar knytt til bemanning i mange yrke. Denne utfordringa gjeld også for Øygarden, der vi ser særlege utfordringar med å rekruttera personell innanfor helsefag, pedagogikk (både barnehage og skule), IKT, og teknisk/ingeniørar.

I tillegg er det viktig å sikra at vi nyttar kompetansen hos dei tilsette til riktige oppgåver. Det kan til dømes handla om å leggja til rette for at helsepersonell brukar tida si på oppgåver som krev helseutdanning og kompetanse, medan andre oppgåver som til dømes logistikk, reinhald eller serviceoppgåver vert løyst av anna personale. For å arbeida for rett kompetanse til riktig oppgåver

krev dette at organisasjonen har kapasitet og kompetanse til å analysa arbeidsprosessar og å byggja endringskapasitet.

Når vi som organisasjon skal gjennom omstilling og endring krev dette også godt leiarskap, både i toppleiinga, men også blant mellomleiarar. Framover vert det difor viktig å frigjera tid hos leiarar, slik at dei kan vera ein viktig drivar i omstillingsarbeid, og sikra god fag- og kvalitetsutvikling. I dag nyttar ofte einingsleiarane mykje av tida si til å skaffa vikarar. Digital støtte til analysar og prognosar for betre bemanningsplanlegging, er viktige satsingar for å effektivisera arbeidsprosessar, og slik sett frigjera tid til leing.

Sjukefråværsarbeidet krev også at vi har leiarar som både har tid og kompetanse til å arbeida aktivt med nærversarbeid på sine lokale einingar. Sjukefråværet i Noreg har vore høgt over tid sidan pandemien. Dette ser vi også i Øygarden, og sjukefråværsarbeidet har høgt fokus også i komande økonomiplanperiode.

Geopolitiske uro i verda, med krig i Europa, konflikt i Midtøsten og polarisering mellom grupperingar generelt, verkar også inn på både Noreg og Øygdardssamfunnet. Til saman betyr dette behov for eit auka fokus på samfunnsikkerheit. Digitale truslar og risikoar som gjeld GDPR og informasjonssikkerheit er også aukande, samtidig som den generelle kompetansen til tilsette og innbyggjararar ikkje alltid er tilstrekkeleg. Dette medfører ytterlegare risiko. Framover vert det difor viktig å sikra god kompetanse om beredskap, både blant innbyggjarar og tilsette.

### Dette skal vi oppnå

Samfunnsdelen i kommuneplanen er førande for arbeidet med å vidareutvikla berekraftige tenester i åra som kjem, og har viktige ambisjonar for kommunen som organisasjon og arbeidsgjevar. Dette handlar blant anna om å sikra godt leiarskap og kompetente medarbeidarar i ein utviklingskultur, og tilsette som arbeider saman for gode tenester til innbyggjarane.

Utvalde satsingar i økonomiplanperioden:

- Kommunen skal vera ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar. Vi skal leggja til rette for gode og berekraftige vilkår for tilsette og sikra at medarbeidarar og leiarar kjenner til rutinar og retningslinjer, og slik også nyttar det lokale handlingsrommet.
- Kommunen skal sikra god informasjon internt i organisasjonen og til samfunnet elles.
- Kommunen skal arbeida systematisk med å rekruttera, behalda og omstilla kompetanse.
- Kommunen skal utvikla analyseverktøy og kompetanse i bemanningsplanlegging.
- Kommunen skal arbeida systematisk og forskingsbasert med sjukefråværsoppfølging på alle nivå
- Kommunen skal styrka beredskapskompetansen i heile organisasjonen, vera proaktive og best mogleg rusta til å handtera risiko- og utfordringsbilete

### Ressursinnsats

- Utsifting av nødnett-terminalar kr 60 000 kvart år i økonomiplanperioden

## Oppdrag

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
<b>Aktivt og systematisk arbeid sentralt og lokalt i organisasjonen for å redusere sjukefråvær</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Sikra godt lokalt trepartsamarbeid som har fokus på nærvær og sjukefråvær ved einingane.</li> <li>Prosjektet "Jobben gjer frisk" gir støtte og motiverer organisasjonen og einingar i høve systematisk arbeid med sjukefråvær/nærvær.</li> </ul>	Vi skal ta ansvar for å skapa eit godt arbeidsmiljø og utvikla ein kultur prega av openheit, integritet, likeverd og respekt.	Øygarden kommune er ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar.
<b>Auka tilgang/bruk av vikarar frå Kompetanse- og bemanningssenteret</b>	<p>Kompetanse- og bemanningssenteret skal bistå leiarane i å skaffa vikarar sentralt:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Ha tilgjengeleg tilfeldige vikarar, men også ved å koordinera bemanning mellom einingar.</li> <li>Overtallige i einingar kan få arbeid i andre einingar, og basis-kvalifisering og oppgåver i andre fagfelt.</li> <li>Arbeida for at flyktningar med naudsynt basiskompetanse, kan nyttast som vikararar.</li> </ul>	Vi skal arbeida proaktivt for å rekruttera og behalda rett kompetanse, slik at vi til ei kvar tid møter framtidig behov for arbeidskraft innan helse, velferd og oppvekst.	Øygarden kommune er ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar.
<b>Digitalisering for å effektivisera arbeidsflytar og arbeidsprosessar</b>	<p>Utvikla arbeidet etter prinsippa: # Digitalt først #Gjenbruk av data. Prioriterte område:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Skaffa og få i drift digitale arbeidsavtalar på konsernnivå.</li> <li>Drifta nettverket Digitalisering og innovasjon, som skal ha fokus på å identifisera utviklingsområde og forbetra prosessar på tvers av kommunalsjefsområde/ fag.</li> </ul>	Vi skal ta i bruk nye teknologiske, brukarvenlege og digitale løysingar.	Øygarden kommune er ein open, tillitsskapande og tilgjengeleg organisasjon.
<b>Robust og myndiggjort leiarskap</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Leiarutvikling knytt til Digitalisering og transformasjon/ omstilling i samarbeid med DigiVestland.</li> <li>Etablera "Framtidsleiing": Ei felles leiarutvikling for leiarar frå kommunen, lokalt privat næringsliv, lokal frivilligheit og kunnskapsaktørar, som vert gjennomført på følgjande måte: Ei gruppe med 25 deltakarar i 2025. Ei ny gruppe med 25 deltakarar i 2026.</li> </ul>	Vi skal prioritera å utvikla godt leiarskap og medarbeidarskap som fremjar samarbeid og samskaping.	Øygarden kommune er ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar.
<b>Styrka fokuset på beredskap sentralt og lokalt i organisasjonen</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Utvikla heilskaplege beredskapsplanar i tråd med funn gjort i overordna risiko- og sårbarheitsanalyse (kommune-ROS).</li> </ul>	Vi skal arbeida kontinuerleg og kunnskapsbasert med samfunnstryggleik og beredskap for å redusera risiko	Øygarden kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og ansvarleg samfunnsaktør.

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
		for tap av liv eller skade på helse, miljø og materielle verdier.	
<b>Utvikla kunnskap og praksis knytt til gode tiltak for mest mogleg heiltid</b>	HR skal vera: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ein støttespelar for kommunalsjefområda når det gjeld å testa ut ulike arbeidsordningar.</li> <li>• Ein pådrivar for at kommunen byggjer ut stillingar på tvers av einingar, fag og kommunalsjefområde, der det er mogleg.</li> </ul>	Vi skal arbeida proaktivt for å rekruttera og behalda rett kompetanse, slik at vi til ei kvar tid møter framtidig behov for arbeidskraft innan helse, velferd og oppvekst.	Øygarden kommune er ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar.

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap			Økonomiplan			
	2023	2024	Rev.budsjett 2024	2025	2026	2027	2028
<b>Driftsutgifter</b>							
Lønn	115 010	118 977	117 017	118 928	119 728	120 528	120 528
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	17 937	14 183	14 125	11 853	11 853	11 703	11 896
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	261 320	255 808	255 808	260 865	260 865	260 865	260 865
Overføringsutgifter	11 039	8 663	8 693	9 856	9 856	9 856	9 856
Finansutgifter	1 814	0	0	0	0	0	0
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>407 119</b>	<b>397 630</b>	<b>395 643</b>	<b>401 502</b>	<b>402 302</b>	<b>402 952</b>	<b>403 145</b>
<b>Driftsinntekter</b>							
Salgsinntekter	-11 323	-11 537	-11 537	-11 449	-11 449	-11 449	-11 449
Refusjoner	-20 290	-15 077	-14 937	-16 504	-16 504	-16 504	-16 504
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 340	-1 066	-1 066	-1 390	-1 390	-1 390	-1 390
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-32 953</b>	<b>-27 680</b>	<b>-27 540</b>	<b>-29 343</b>	<b>-29 343</b>	<b>-29 343</b>	<b>-29 343</b>
<b>Sum</b>	<b>374 166</b>	<b>369 950</b>	<b>368 103</b>	<b>372 159</b>	<b>372 959</b>	<b>373 609</b>	<b>373 802</b>

### Fordeling på eining (tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap			Økonomiplan			
	2023	2024	Rev.budsjett 2024	2025	2026	2027	2028
Kommunalsjef organisasjon og samfunnsikkerheit	11 432	9 967	12 624	19 945	19 945	19 795	19 795
HR, Forvaltning og kvalitet	0	0	0	299 554	299 554	299 554	299 554
Service	288 062	281 509	277 679	1	1	1	-0
Tryggleik	11 998	12 699	11 722	-1	-1	-1	-1
HR og kompetanse	13 491	17 383	17 022	-0	-0	-0	-0
Øygarden brann og redning	32 028	30 452	31 115	34 121	34 921	35 721	35 915
Læringar	17 155	17 941	17 941	18 539	18 539	18 539	18 539
<b>Sum</b>	<b>374 166</b>	<b>369 950</b>	<b>368 103</b>	<b>372 159</b>	<b>372 959</b>	<b>373 609</b>	<b>373 802</b>

## Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
<b>Opprinnelig budsjett</b>	<b>369 950</b>	<b>369 950</b>	<b>369 950</b>	<b>369 950</b>
Sum Investering og finansiering	1 275	2 075	2 875	2 875
<b>Investering og finansiering</b>	<b>1 275</b>	<b>2 075</b>	<b>2 875</b>	<b>2 875</b>
Sum Tekniske justeringer	-2 015	-2 015	-2 015	-2 015
Sum Vedtak forrige periode	2 888	2 888	2 738	2 931
<b>Konsekvensjusteringer</b>	<b>873</b>	<b>873</b>	<b>723</b>	<b>916</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>	<b>372 099</b>	<b>372 899</b>	<b>373 549</b>	<b>373 742</b>
<b>Nye tiltak</b>				
Utskifting av nødnett terminalar	60	60	60	60
<b>Sum Nye tiltak</b>	<b>60</b>	<b>60</b>	<b>60</b>	<b>60</b>
<b>Nye tiltak og realendringer</b>	<b>60</b>	<b>60</b>	<b>60</b>	<b>60</b>
<b>Budsjettendringer</b>				
Sum Budsjettendringer	0	0	0	0
<b>Ramme 2025-2028</b>	<b>372 159</b>	<b>372 959</b>	<b>373 609</b>	<b>373 802</b>

## Nye tiltak

### Utskifting av nødnett terminalar

Utskifting av nødnett terminalar

## Kostra-analyse

	Øygarden 2022	Øygarden 2023	Alver	Askøy	Bjørnafjorden	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
<b>Prioritet</b>							
Administrasjonslokaler korrigerede brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	785	866	521	199	809	529	606
Netto driftsutgifter per innbygger (120) administrasjon (B) *) **)	4 274	4 053	3 350	3 508	2 812	3 886	4 360

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*\*) Justert for utgiftsbehov

Øygarden kommune bruker kr 4 053 per innbyggjar til administrasjon, noko som er litt under landsgjennomsnittet, men høgre enn i gruppe 10. Utgiftene per innbyggjar er redusert frå 2022 til 2023.

Øygarden kommune bruker kr 866 per innbyggjar til administrasjonsbygg, noko som er høgre enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

## Helse og velferd



### Omtale av kommunalsjefområdet

Helse og velferd er eit kommunalsjefsområde som har ansvar for mange tenester retta mot heile befolkninga. Utover dei lovpålagde tenestene vert det arbeidd med mange ulike prosjekt for å møte framtidens behov på ein innovativ måte, i samskaping med innbyggjarar, frivillige og private aktørar.

Tenesteområde:

- Stabstenester
- Heimetenester
- Omsorgsbustader med og utan heildøgns bemanning
- Sjukeheimar og lokalmedisinsk senter
- Aksjonscenter
- NAV
- Helse, meistring og rehabilitering
- Psykisk helse og rus
- Menneske med nedsett funksjonsevne
- Forvaltning og støttetjenester
- Legetenester og legevakt

### Hovudutfordringar

Kommunen står ovanfor eit stort behov for omstilling, effektivisering og digitalisering innan helse og velferd i åra som kjem. Det er tid for handling meir enn planlegging og vurderingar av ulike løysingar.

Kommunen må i størst mogleg grad leggja til rette for førebyggjande tiltak og helsefremjande tilbod slik at flest mogleg kan bu trygt i eigen heim.

Demografiske endringar og oppgåveforskyving mellom forvaltningsnivå tilseier at vi ikkje kan løysa oppgåvene innan helse og velferdstenestene slik vi gjer i dag. Tilgang på helsepersonell og økonomiske tilhøve forsterkar også utfordringsbilete. Den demografiske utviklinga og framskrivingar viser ei tredobling av innbyggjarar over 80 år i 2040 samanlikna med i dag, samstundes som det vert færre i yrkesaktiv alder. Dersom Øygarden kommune skal oppretthalda ei dekkingsprosent på 16 % heildøgns omsorgsplassar, må det etablerast omlag 80 plassar innan 2027.

Behovet for fleire heildøgns plassar har tiltatt gjennom 2024. Kommunen har hatt ei stor auke i tal utskrivingsklare pasientar og kapasitet innan heildøgns plassar er under sterkt press. Det haster med å starta utbygging av nye plassar, samstundes som det er må trappast opp til heildøgn i tråd med vedtekne planar. For 2025 betyr det konkret auke i tal plassar med heildøgn ved Straume bu og servicesenter og ved Hidlamyra. Samstundes må det innan kommunalsjefsområdet gjerast mellombelse løysingar, som til dømes etablera tomannsrom for korttidspasientar.

Kostratal og PWC rapport viser til at Øygarden har høgare pleiefaktor ved sjukeheim og omsorgsbustader enn kommunar vi naturleg samanliknar oss med. Det er gjennom 2024 arbeid mykje med å redusera pleiefaktor for å frigjera ressursar for å kunne trappe opp fleire heildøgnstenester, og samstundes leggje til rette for ei berekraftig bemanning for framtida.

Vi står nasjonalt og lokalt ovanfor eit paradigmeskifte i korleis og av kven tenestene kan og skal leverast av. For å skapa berekraftige tenester med høg grad av kvalitet og fagleg forsvarligheit må vi fornya, forbetra, effektivisera, digitalisera og utvikla nye tenester.

Helsepersonellkommissjonen sin rapport "Tid for handling" gir tydelege signal om behovet for å tenkja nytt. Store og tidkrevjande omstillingsprosessar må til for å ha nok helsepersonell til å utføra naudsynte oppgåver. Heiltidskultur, fleksibel tenesteyting på tvers av einingar, ny oppgåvedeling og anna kompetanse er nokre av stikkorda for berekraftige tenester i åra som kjem. I tillegg er det naudsynt å avklara forventningsgapet på kva innbyggjarane tenkjer kommunen kan levera av tenester i framtida. Helse og velferd har gjennom 2024 arbeid med oppgåveforskyving, og må ta større grep i 2025 for å synleggjera effekt av omstillingsarbeidet.

Kommunane har fått eit større ansvar for innbyggjarane sine helsetenester dei siste åra, samstundes som at sjukdomsbilete har endra seg. Endringar innan spesialisthelsetenesta, med meir dagkirurgi, færre liggedøgn og tidlegare utskrivingar medfører auka behov for tenester i kommunen, både i omfang og kompetanse. Særs behandlingskrevjande pasientar vert utskrive frå sjukehus for oppfølging og behandling i kommunen. Det er behov for anna finansieringsordning mellom forvaltningsnivåa vedkomande utskrivingsklare pasientar.

Utfordringar knytt til psykisk helse og rus er aukande og ny opptrappingsplan for psykisk helse som skal gå over 10 år, vert viktig for kommunen sitt arbeid. Planen har tre innsatsområde; det helsefremjande og førebyggjande arbeidet, sikra meir tilgjengeleg hjelp der folk bur og tilbod til dei med alvorlege og samansette utfordringar. Den største utfordringa som Øygarden kommune står ovanfor er å ha nok eigna bustader med oppfølging til personar med utfordringar innan psykisk helse og rus.



Behov for avlastning til barn og unge med nedsett funksjonsevne er aukande og tenesta er pressa både i høve til lokalitet og kapasitet. Særskilt vil det vera behov for å auka kapasitet innan avlastning i institusjon. Tal barn med sær samsatte utfordringar og diagnosar er aukande og stiller store krav til samhandling mellom kommunalsjefsområda i kommunen, samt mellom kommunen og spesialisthelsetenesta.

Auka tal flyktningar og usikkerheit om kor mange som skal busetjast i vår kommune byr på utfordringar ved dimensjonering frå år til år i einingar som gir tenester til denne gruppa. I tida som kjem vil det vera avgjerande at vi lukkast med å integrera og busetta flyktningar, samt intensivera innsats for at dei kjem i arbeid på ein effektiv måte.

Øygarden kommune har store utfordringar knytt til langtidsmottakarar av sosialhjelp. Auke i husleige, auke i matvareprisar, renteauke og anna har medført store meirutgifter i 2024, og ser ut til å halda fram i 2025.

### Dette skal vi oppnå

Samfunnsdelen til kommuneplanen, temaplan for bustadsosialt arbeid og temaplan for framtida sine helse- og velferdstenester, er førande for arbeidet med å vidareutvikla berekraftige tenester i åra som kjem. Plan for «Leve heile livet» er følgt opp med mange tiltak og vert erstatta av ny nasjonal satsing “Bu trygt heime”, som gir retning for prioriterte innsatsområde. PWC rapporten sine anbefalingar er teke inn i den strategiske planen for omstilling innan Helse og velferd. Utbygging av berekraftig heildøgns teneste for eldre er eit prioritert område. Ei generell gjennomgåande satsing i økonomiplanperioden er at innsatsar må rettast mot førebygging, tidleg innsats, teknologiske løysingar og tilbod som aukar eigen meistring.

Utvalde satsingar i økonomiplanperioden:

- Innbyggjarar skal ha eigen bustad og kunne bu i eigen heim så lenge som mogleg, trass i helseutfordringar, sjukdom og funksjonssvikt. Eit nytt bustadkontor skal samordna og gje heilskapleg bustadforvaltning og oppfølging, i tillegg til heimetenestene sine tenester.
- Realisera plan for utbygging av heildøgns omsorgstenester for 80+. I tillegg skal det utarbeidast plan for driftskonsept.
- Realisera opptrappingsplan for auke i tal heildøgns plassar ved Straume bu og servicesenter og Hidlamyra.
- Utvikla tenestemodellar med nye former for partnerskap mellom offentlege, private og frivillige aktørar.
- Ved målretta innsats skal talet på sosialhjelpsmottakarar reduserast og fleire skal hjelpast over i utdanning og arbeid.
- Vidareutvikla tiltak for å redusera utanforskap og sikra at flyktningar i løpet av kort tid kan gå ut i løna arbeid gjennom m.a. samarbeid med Vest næringsråd, kommune, NAV m.fl.
- Rekruttera og behalda kvalifisert arbeidskraft og ha rett kompetanse på rette oppgåver. For å sikra dette skal det utarbeidast kompetanseplan, og vedteken plan for heiltidskultur i kommunen skal følgast opp, i tillegg til ny oppgåvedeling.
- Familiar med krevjande omsorgsoppgåver skal bli møtt i høve deira behov. Øygarden kommune skal skissera korleis denne gruppa kan få hjelp når det gjeld behov for bustad, avlastning og andre lågterskeltilbod og det må etablerast gode tilbod til barn og unge.

Samlokalisering av tiltak for å effektivisera drift og redusera sårbarheit i tenesteytinga er sentrale element i satsinga, samt styrka avlastingstilbod.

- Styrka samhandlinga med private og frivillige i levering av ikkje lovpålagde tenester.

### Ressursinnsats

- Tiltaksplan for å auka tal heildøgns plassar og redusera tal utskrivingsklare pasientar :
  1. Etablere heildøgns teneste ved Straume bu og servicesenter - kr 2 mill kvart år i økonomiplanperioden
  2. Ombygging ved Straume bu og servicesenter for å møte behovet for heildøgns drift, investeringsmidlar er lagt i budsjett
  3. Etablere heildøgns teneste ved Hidlamyra omsorgsbustader - opptrappingsplan, kr 4 mill kvart år i økonomiplanperioden
  4. Mellombels tilby korttidsopphald i 2 mannsrom der det er mogleg ved eksisterande institusjon
  5. Fremja sak om etablering av fleire heildøgns omsorgsplassar - jf KS-sak 131/24 "Bygging av nye heildøgns plassar på Straume"
- Tilsette servicemedarbeidarar ved alle institusjonane, gjennom prosjekt "vår nye ressurs" ved hjelp av NAV sine verkemiddel som eit ledd i ny oppgåvedeling, kr 3,6 mill i åra 2025 og 2026
- Styrka avlastingstilbod for barn med nedsett funksjonsevne, kr 2,5 mill kvart år i økonomiplanperioden
- Finansiering av nye lovpålagde tenester og brukarstyrt personleg assistanse som det er gitt vedtak om i løpet av 2024 er lagt inn for 2025. Gjeld avlasting og butenester til barn og unge med ulike diagnosar og funksjonsnedsettingar
- Styrka generelle driftsutgifter - mat og medisinsk forbruksmateriell, til saman kr 4,7 mill kvart år i økonomiplanperioden
- Auka vikarbudsjett med kr 7,5 mill

### Oppdrag

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
<b>Oppfølging av reforma "Bu trygt heime" (St.m 24)</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Reforma skal bidra til eit meir aldersvennleg samfunn, at fleire eldre kan leva aktive liv lenger og oppleve tryggleik ved å bu i eigen heim.</li> <li>• Direktoratet sin gjennomføringsplan er planlagt ferdig 1. juli 2025 og i løpet av komande år vil det bli konkretisert korleis Øygarden kommune skal jobba med reforma. <a href="#">Meld. St. 24 (2022-23) Fellesskap og meistring – Bu trygt heime-reformen</a></li> </ul>	Vi skal leggja til rette for at innbyggjarane kan ta gode val for eiga helse og eigen bustadsituasjon, for å kunna meistra eigen alderdom.	Øygarden er eit inkluderande og aldersvennleg samfunn.
<b>Etablere heildøgns teneste ved Straume bu og servicesenter</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vedtak i gjennomføringsplan for framtidens helse og velferdstenester.</li> <li>• Ein følgje av den demografiske utviklinga med auka tal eldre med</li> </ul>	Vi skal leggja til rette for at innbyggjarane kan ta gode val for	Øygarden er eit inkluderande og aldersvennleg samfunn.

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
	omfattande behov for helsetenester, er at heildøgns omsorgstilbod for eldre må aukast gradvis.	eiga helse og eigen bustadsituasjon, for å kunna meistra eigen alderdom.	
<b>Følgje opp innsatsar i tråd med opptrappingsplan for psykisk helse - St.m 23.</b>	<p>Opptrappingsplanen viser regjeringa sin innsats for heile det psykiske helsefeltet, og har tre innsatsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Helsefremmande og forebyggjande psykisk helsearbeid.</li> <li>• Gode tenester der folk bur.</li> <li>• Tilbod til personar med langvarige og samansette behov.</li> </ul>	Vi skal leggja til rette for aktiv deltaking og involvering av alle innbyggjarar som ressursar i samfunnet, uavhengig av alder og funksjonsnivå.	Øygarden har eit tenestetilbod som fremjar god folkehelse.
<b>Integrering av flyktningar gjennom tilsetningar i Øygarden kommune.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Verkemidlar frå NAV skal settast i system og nyttast til å få flyktningar i ordinært arbeid.</li> <li>• Nye assistentstillingar vert oppretta i eit oppgåveforskyvingsprosjekt etter modell frå Sundheimen. Oppgåva vert løyst i tett samarbeid med NAV for å få flyktningar ut i ordinært arbeid ved hjelp av NAV sine verkemiddel.</li> <li>• Tiltaket kan også omfatte langtids sosialhjelpsmottakarar som kan utgjere ei innsparing på sosialhjelpsbudsjettet med nærare kr 3 mill.</li> </ul>	Vi skal arbeida proaktivt for å rekruttera og behalda rett kompetanse, slik at vi til ei kvar tid møter framtidig behov for arbeidskraft innan helse, velferd og oppvekst.	Øygarden kommune er ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar.
<b>Oppfølging av gjennomføringsplan for helse og velferdstenester</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Planen vart utarbeida og vedteken i 2021, og gir ei strategisk oversikt over korleis kommunen skal møte framtida innanfor helse- og omsorgstenester.</li> <li>• I økonomiplanperioden skal vi arbeida med å realisera dei ulike tiltaka i planen, og sikra eit tenestetilbod som står i takt med dei demografiske endringane.</li> </ul>	Vi skal sikra tilgang til trygge og inkluderande lokalmiljø med funksjonar som dekker daglege behov.	Øygarden er eit inkluderande og aldersvenleg samfunn.
<b>Prøva ut velferdsteknologiske løysingar i kontrollerte miljø.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Aktivt vurderer om teknologiske løysingar kan vera aktuelt å prøve ut, dersom det kan bidra til t.d. auka tryggleik, meistring av oppgåver i dagleglivet, auka sjølvstende, mobilitet og fysisk aktivitet og moglegheit for å delta i sosiale og kulturelle aktivitetar.</li> <li>• Kan utførast ved å vurderer spesifikt om det er aktuelt å ta i bruk velferdsteknologi, ved handsaming av søknadar om helse- og omsorgstenester.</li> </ul>	Vi skal utvikla og ta i bruk innovative tenester og velferdsteknologi, ut i frå behov.	Øygarden er eit inkluderande og aldersvenleg samfunn.

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
<b>Systematisk arbeid for å redusera utanforskap og førebyggja fattigdom.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Styrking av kvalifiseringsprogram.</li> <li>• Effekt av Prosjekt FamiliePluss.</li> <li>• Effekt av Individuell jobbstøtte for personar med moderat til alvorlege psykiske og / eller rusvanskar.</li> </ul>	Vi skal samarbeida med lokalt næringsliv for å mobilisera til meir inkluderande arbeidsliv og høgare yrkesdeltaking.	Øygarden er nasjonal føregangskommune for inkluderande arbeids- og næringsliv.

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2023	2024	2024	2025	2026	2027	2028
<b>Driftsutgifter</b>							
Lønn	986 968	982 795	994 380	998 585	1 016 008	1 012 027	1 035 758
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	72 882	51 618	52 318	57 440	57 440	57 390	57 390
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	120 682	108 175	110 535	119 227	119 227	119 227	119 227
Overføringsutgifter	71 946	68 122	75 107	79 807	79 807	79 807	79 807
Finansutgifter	4 406	0	390	0	0	0	0
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>1 256 885</b>	<b>1 210 709</b>	<b>1 232 730</b>	<b>1 255 059</b>	<b>1 272 482</b>	<b>1 268 451</b>	<b>1 292 182</b>
<b>Driftsinntekter</b>							
Salgsinntekter	-48 796	-47 437	-47 437	-51 422	-51 422	-51 422	-51 422
Refusjoner	-156 261	-110 688	-114 873	-106 671	-106 671	-102 740	-102 740
Overføringsinntekter	-315	0	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-5 319	0	-300	0	0	0	0
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-210 692</b>	<b>-158 125</b>	<b>-162 610</b>	<b>-158 093</b>	<b>-158 093</b>	<b>-154 162</b>	<b>-154 162</b>
<b>Sum</b>	<b>1 046 193</b>	<b>1 052 585</b>	<b>1 070 120</b>	<b>1 096 966</b>	<b>1 114 389</b>	<b>1 114 289</b>	<b>1 138 020</b>

### Fordeling på eining (tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2023	2024	2024	2025	2026	2027	2028
Kommunalsjef helse og velferd	23 653	10 276	13 041	12 754	26 677	26 677	50 408
Forvaltning og støttetjenester	73 840	77 119	77 414	84 785	84 785	84 785	84 785
Heimetenesta	0	1 200	147 421	148 549	148 549	148 549	97 815
Heimetenesta sone sør	39 536	39 014	0	0	0	0	9 305
Heimetenesta sone nord	52 194	57 193	0	0	0	0	23 665
Heimetenesta sone Straume	53 170	47 511	0	0	1 500	3 000	20 765
Teneste til menneske med nedsett funksjonsevne	125 895	115 290	118 409	124 109	124 109	124 109	124 109
Psykisk helse og Rus	66 321	80 101	82 668	83 451	83 451	83 451	83 451
Midlertidig flyktingteneste (ut 2023)	11 060	42 027	12 389	4 789	4 789	1 189	1 189
NAV	118 855	98 977	124 762	127 999	127 999	127 999	127 999
Fjell sjukeheim	66 273	62 486	64 052	64 021	64 021	64 021	64 021
Tednebakane omsorgssenter ink dagsenter og omsorgsbustad	58 857	54 031	55 537	60 907	60 907	60 907	60 907
Sundheimen ink dagsenter og omsorgsbustad	54 602	46 516	47 397	51 184	51 184	51 184	51 184
Kvednatunet ink dagsenter	53 161	53 567	54 666	56 364	56 364	56 364	56 364
Straume bu- og servicesenter ink dagsenter og omsorgsbustad	40 249	45 698	46 507	49 006	51 006	53 006	53 006

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2023	2024	2024	2025	2026	2027	2028
Lokalmedisinsk senter – aksjonscenter	69 958	67 989	69 137	68 420	68 420	68 420	68 420
Legetenesta inkl legevakt og kommunelege	64 797	75 732	76 871	84 464	84 464	84 464	84 464
Helse- meistring og rehabilitering	29 368	33 788	34 560	34 543	34 543	34 543	34 543
Sotra legevakt	44 401	44 068	45 289	41 620	41 620	41 620	41 620
<b>Sum</b>	<b>1 046 193</b>	<b>1 052 585</b>	<b>1 070 120</b>	<b>1 096 966</b>	<b>1 114 389</b>	<b>1 114 289</b>	<b>1 138 020</b>

## Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
<b>Opprinnelig budsjett</b>	<b>1 052 585</b>	<b>1 052 585</b>	<b>1 052 585</b>	<b>1 052 585</b>
<b>Sum Investering og finansiering</b>	<b>-19 164</b>	<b>-19 164</b>	<b>-15 664</b>	<b>-15 664</b>
<b>Investering og finansiering</b>	<b>-19 164</b>	<b>-19 164</b>	<b>-15 664</b>	<b>-15 664</b>
<b>Sum Tekniske justeringer</b>	<b>-466</b>	<b>-466</b>	<b>-466</b>	<b>-466</b>
<b>Sum Vedtak forrige periode</b>	<b>58 338</b>	<b>75 761</b>	<b>75 761</b>	<b>64 492</b>
<b>Konsekvensjusteringer</b>	<b>57 872</b>	<b>75 295</b>	<b>75 295</b>	<b>64 026</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>	<b>1 091 292</b>	<b>1 108 715</b>	<b>1 112 215</b>	<b>1 100 946</b>
<b>Innsparingstiltak</b>				
Betaling av transport til og frå arbeid og aktivitetssentra for personar med nedsett funksjonsevne	-200	-200	-200	-200
Justering bemanningsfaktor institusjon	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
Redusert betaling til andre kommunar	-650	-650	-650	-650
Redusert legeteneste kveld og helg	-832	-832	-832	-832
<b>Sum Innsparingstiltak</b>	<b>-11 682</b>	<b>-11 682</b>	<b>-11 682</b>	<b>-11 682</b>
<b>Nye tiltak</b>				
Buoppfølging, bustad Blombakkane	1 728	1 728	1 728	1 728
Drift nye heildøgns omsorgsplassar	0	0	0	35 000
Heildøgns omsorgsbustader, Hidlamyrsvegen	4 000	4 000	4 000	4 000
Prosjekt "Vår nye ressurs"	3 600	3 600	0	0
Straume bu- og servicesenter, opptrapping drift	2 000	2 000	2 000	2 000
Styrka avlastningstiltak for barn og unge	2 528	2 528	2 528	2 528
Økonomisk sosialhjelp	3 500	3 500	3 500	3 500
<b>Sum Nye tiltak</b>	<b>17 356</b>	<b>17 356</b>	<b>13 756</b>	<b>48 756</b>
<b>Nye tiltak og realendringer</b>	<b>5 674</b>	<b>5 674</b>	<b>2 074</b>	<b>37 074</b>
<b>Budsjettendringer</b>				
<b>Sum Budsjettendringer</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Ramme 2025-2028</b>	<b>1 096 966</b>	<b>1 114 389</b>	<b>1 114 289</b>	<b>1 138 020</b>

## Innsparingstiltak

### Betaling av transport til og frå arbeid og aktivitetssentra for personar med nedsett funksjonsevne

Det vert krevd eigenbetaling for transport for personar med nedsett funksjonshemming, slik det vert gjort ved dei fleste andre transporttenester for eldre og andre grupper.

### Justering bemanningsfaktor institusjon

I tråd med omstillingsprogram og jf PWC rapport vil det bli gjort omdisponering av personell for å kunne etablere nye tiltak for heildøgns tenester. Justering av pleiefaktor innan eksisterande

institusjonar vil i løpet av 2025 nyttast til etablering av til dømes nye heildøgns tenester ved Hidlamyra og Straume bu- og servicesenter.

#### **Redusert betaling til andre kommunar**

Avslutta kjøp frå andre kommunar

#### **Redusert legeteneste kveld og helg**

Redusert vakttid legar måndag til fredag, samt redusera vakttid sjukeheimslege helg

#### **Nye tiltak**

##### **Buoppfølging, bustad Blombakkane**

To årsverk til Psykisk helse og Rus knytta til buoppfølging ved bustad i Blombakkane. Etablering av bustadene vil medføra reduserte kostnader til dyre kjøp av tilbod til bustadlause.

##### **Drift nye heildøgns omsorgsplassar**

I 2028 er det funne rom for å setja av kr 35 mill til drift av nye heildøgns omsorgsplassar. Desse midlane skal brukast til å auka tal årsverk innan Helse og velferd for å bemanna omsorgsplassane som skal byggjast. Med ein kostnad på omlag kr 1,2 mill per plass (ekskl. byggkostnader) vil dette ikkje vera nok til ei oppbemanning av tenestene. Det er difor av stor betydning at omstillingsarbeidet forset med stor tyngde i heile økonomiplanperioden.

##### **Heildøgns omsorgsbustader, Hidlamyrsvegen**

I samsvar med LKU-sak 048/24 vert fire omsorgsbustader i Hildramyrsvegen, Skogsskiftet, tatt i bruk til heildøgns omsorgsplassar. Tiltaket skal frigjera plassar til utskrivingsklare pasientar og bygga opp kapasiteten innan tenesta.

##### **Prosjekt "Vår nye ressurs"**

Det vert gjort framlegg om å starta eit prosjekt som går over to år for å integrera og få flyktningar ut i jobb i Øygarden kommune. Kommunen tilset 12 flyktningar i assistentstillingar ved seks institusjonar. Målet med prosjektet er at flyktningane skal læra seg norsk samstundes som dei er i ordinært arbeid og reduserer belastninga på anna helsepersonell.

Prosjektet vert delvis finansiert gjennom bruk av lønstilskot frå NAV.

##### **Straume bu- og servicesenter, opptrapping drift**

I budsjettet for 2024 vart det budsjettert med kr 2 mill til opptrapping av servicedelen ved Straume bu- og servicesenter. I 2025 vert det foreslått å auka budsjettet med ytterlegare kr 2 mill.

##### **Styrka avlastningstiltak for barn og unge**

Avlastning for barn og unge har hatt ope omlag 50% av mogleg tilbod ved Grønebakkane grunna manglande personalressursar. Avlastningstilbodet vert styrka for å ha tilnærma 100% kapasitet for avlastning.

##### **Økonomisk sosialhjelp**

Det vert foreslått å auka sosialhjelpsbudsjettet noko knytt til større press på desse tenestene.

## Kostra-analyse

	Øygarden 2022	Øygarden 2023	Alver	Askøy	Bjørnafjorden	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
<b>Prioritet</b>							
Ergoterapeut Avtalte årsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	2,3	2,6	2,0	3,2	2,1	1,8	2,3
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunehelse (B) *) **)	5 173	5 460	4 628	5 108	4 829	4 378	4 712
Netto driftsutgifter til tilbud til pers. med rusprobl. pr. innbyggere 20-66 år (B) *) **)	304	1 418	503	1 455	15	560	748
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 80 år og over (B) *)	599 138	583 634	671 455	605 993	616 526	556 504	558 053
<b>Produktivitet</b>							
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B) *)	49 271	52 262	60 263	49 852	41 021	65 683	63 316
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass (B) *)	1 899 847	2 068 487	1 862 317	1 910 459	1 848 311	1 800 824	1 640 650
<b>Dekningsgrad</b>							
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon (B)	8,5 %	8,7 %	10,3 %	10,2 %	5,3 %	9,7 %	9,9 %
Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde (B)	35,5 %	36,8 %	30,0 %	32,6 %	28,8 %	37,0 %	35,5 %
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 18-66 år (B) **)	4,9 %	5,7 %	5,1 %	4,8 %	4,5 %	5,0 %	5,0 %
Gjennomsnittlig stønadslengde for mottakere med sosialhjelp som hovedinntekt (måneder)	6,2	5,9	6,8	5,4	5,9	6,2	6,0
Årsverk av fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (B)	5,9	5,6	9,0	6,1	6,9	7,6	7,8
Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (B)	10,1	10,9	9,6	10,1	11,3	9,5	10,4
<b>Økonomi</b>							
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger, Pleie og omsorg	19 380	21 789	36 565	21 239	29 117	28 638	28 865
<b>Grunnlagsdata (Nivå 3)</b>							
Netto driftsutgifter til tilbud til av personer med rusproblemer *)	5 972						

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*) Justert for utgiftsbehov

**Tilbud til personar med rusproblem:** Øygarden kommune har netto driftsutgifter på kr 1 418 når det gjeld tilbud til personar med rusproblem per innbyggjar 20-66 år. Dette er langt høgare enn både kostragruppe 10 og landsgjennomsnittet.

**Institusjonsplassar:** Korrigerte brutto driftsutgifter per institusjonsplass er på kr 2,1 mill og er høgare enn gjennomsnittet i kostra-gruppe 10 og landsgjennomsnittet. På den andre sida er andel innbyggjarar over 80 år som er bebuarar på institusjon lågare enn i gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

**Sosialhjelp:** Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp per mottakar er kr 52 262 i Øygarden kommune, noko som er lågare enn i gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Andel mottakarar med sosialhjelp som hovudinntektskjelde er 36,8 %. Dette er omtrent likt med både gruppe 10, men høgare enn landsgjennomsnittet. Gjennomsnittleg stønadslengde er 5,9 mot eit gjennomsnitt i gruppe 10 på 6,2 og eit landsgjennomsnitt på 6,0.

**Kommunehelse:** Netto driftsutgifter til kommunehelse per innbyggjar er kr 5 460 i Øygarden kommune mot eit gjennomsnitt i gruppe 10 på kr 4 378 og eit landsgjennomsnitt på kr 4 712. Det er 10,9 legeårsverk per 10 000 innbyggjarar i Øygarden kommune. Dette er høgare enn i gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Det er 5,6 fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggjarar, noko som er mindre enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.



## Oppvekst



### Omtale av kommunalsjefområdet

Oppvekst er kommunen sitt største kommunalsjefområde og leverer viktige og lovpålagte oppgaver til innbyggjarane i kommunen. Saman med dei andre tenestene skal Oppvekst sikra gode levekår og likeverdige tenester, som også skal vera berekraftige i framtida. Oppvekst har tre tenesteområde med følgande einingar:

- Barnehage - 13 kommunale barnehagar
- Skule - 16 kommunale barneskular og 4 ungdomsskular, samt Gangstø ressurscenter som også er ein del av ungdomsskulen og PPR (Pedagogisk- psykologisk ressurscenter)
- Barn- og familie - Barnevern, ungdomsteneste og barn, unge og familietenester (BUFT)

Oppvekst vil frå 01.01.2025 overta ansvaret for flyktning- og integreringsarbeidet i kommunen, og ansvaret for dette vil bli organisert i eit Integrerings- og læringssenter, administrativt organisert under barn- og familiesjefen. I samband med dette vil det bli gjennomført organisatoriske endringar i tenesteområde barn- og familie i 2025.

### Hovudutfordringar

Øygarden kommune sine utfordringar innan kommunalsjefområdet Oppvekst er samansette og komplekse.

Dei økonomiske hovudutfordringane dei siste åra har vore knytt til høg ressursbruk i barnevernstenesta, og høg del av barn og elevar med spesialpedagogiske vedtak i barnehage og

skule. Det vil i økonomiplanperioden vera viktig å jobba målretta og systematisk med desse utfordringane for å redusera nivået og ressursbruken innanfor desse områda.

I 2024 blei det utarbeida framlegg til barnehage- og skulebruksplan, og endeleg vedtak vil bli gjort i desember 2024. Grunna ein forventa nedgang i barne- og elevtalet i åra framover, saman med eit stort vedlikehaldsetterslep, vil det vera viktig å gjera strukturelle grep for å skapa økonomisk handlingsrom og få framtidretta barnehage- og skulebygg.

Mange tilsette opplever ressursituasjonen i barnehage og skule som krevjande. Dette saman med fleire lovpålagde oppgåver og rettighetskrav, krev at det vert tatt val for framtida som medfører at naudsynte oppgåver vert løyst innanfor tildelte økonomiske rammer. Samstundes skal kvaliteten oppretthaldast og det må vera rom for utvikling. Det er difor foreslått strukturelle tilpassingar i samsvar med den administrative tilrådinga i barnehage- og skulebruksplanen.

Sjukefråværet i Oppvekst har over tid vore høgt med eit årleg snitt på ca. 10 % dei tre siste åra. Årsakene er samansette og dette representerer ei stor utfordring i kommunalsjefsområdet. Høgt sjukefråvær over tid gir utfordringar i dagleg drift - både økonomisk og for kvaliteten i tenestene.

Tilgangen på kvalifiserte vikarar er ei utfordring i tenestene, som heng tett saman med sjukefråværet. Det vil vera viktig å styrka og vidareutvikla arbeidet med kompetanse- og bemanningssenter og smidig vikarhandtering, for å kunna møte desse utfordringane i barnehage og skule.

Talet på elevar med bekymringsfullt høgt fråvær og skulevegring har utvikla seg negativt gjennom pandemien, og er eit aukande problem både lokalt, regionalt og nasjonalt. Skulefråvær kan få store konsekvensar for elevane seinare i livet. Difor må det jobbast målretta på system- og individnivå i skulen. Årsakene til skulefråvær og skulevegring er samansette, men kan i ein del tilfelle handla om trivsel og skulemiljø. Det er ei kontinuerleg utfordring å sikra alle born og elevar i barnehage- og skule eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø. Barn er spesielt sårbare og påverkelege i førskulealder, og tryggleik er eit grunnleggjande behov og ein føresetnad for god læring og utvikling.

Øygarden kommune har ein høg andel barn og elevar i barnehage og skule med spesialpedagogiske vedtak, og ligg vesentleg over både nasjonalt snitt og samanliknbare kommunar i kostragruppe 10. I økonomiplanperioden skal det difor jobbast målretta og systematisk med å redusera andelen barn og elevar med spesialpedagogiske vedtak.

Læringsmiljø og trivsel betyr mykje for skuleresultata til elevane. Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø og skulane rapporterer at dei tek mobbing alvorleg. Resultata frå elevundersøkinga viser at mange elevar trivst på skulen, men særleg på ungdomstrinnet har det vore ei negativ utvikling dei siste åra.

Ungdom, unge vaksne og flyktningar som står utanfor utdanning og arbeidsliv, er ei stor utfordring både lokalt og nasjonalt. Øygarden kommune har dei siste åra hatt ei auke i ungdomsutfordringar knytt til psykisk helse og rusbruk. Folkehelseundersøkingar og "subjektive" opplevingar blant tilsette i tenestene, tyder på at Øygarden kommune skil seg negativt ut når det gjeld utanforskap og ungdomsutfordringar, samanlikna med andre kommunar. I tillegg er det sidan krigen i Ukraina starta i 2022 blitt busett mange flyktningar i kommunen. Dette sett tenesteapparatet under press og det vil vera viktig å jobba betre med å integrera denne gruppa i Øygdardssamfunnet for å førebygga

permanent utanforskap. Både på ungdoms- og integreringsfeltet vil det difor vera viktig å setta i gang og vidareføra gode heilskaplege tiltak for å snu utviklinga.

Øygarden har stor auke i flyktningar som følgje av Ukraina-krigen. I 2022 vart etablering og busetting av desse flyktningane organisert i eit eige prosjekt, utanfor den ordinære flyktningtenesta som er organisert i NAV. Erfaringar viser at dagens organisering av flyktning- og integreringsarbeidet, der dette er fordelt på fleire einingar og kommunalsjefsområde, er krevjande og skapar utfordringar. Det er særlege utfordringar knytt til integrering av familiar. I 2025 skal Ukraina-prosjektet avviklast, og arbeidet skal innlemmast i den ordinære kommuneorganisasjonen - då i Integrerings- og læringscenteret som skal etablerast i Oppvekst ved Barn- og familieområdet.

### Dette skal vi oppnå

I økonomiplanperioden vil det overordna målet for oppvekstområdet i Øygarden kommune vera knytt til hovudmålet i samfunnsdelen – *Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet*. I tråd med føringar frå både samfunnsdelen og oppvekstreforma, skal vi arbeida målretta med tidleg innsats og førebyggjande arbeid. For å lukkast med dette skal hovudsatsingane i økonomiplanperioden vera;

- Øygarden kommune som språkkommune
- Nærvær og inkludering
- Inkluderande spesialpedagogikk i barnehage og skule
- Tverrfagleg samarbeid og førebygge utanforskap

For tenesteområda i Oppvekst inneber dette følgjande:

#### Barnehage:

- Effektiv drift av kommunale barnehagar: Det skal arbeidast systematisk for å sikra ein tenleg og framtidsretta barnehage- og skulestruktur. Det inneber å dimensjonera tenestene i tråd med demografiske endringar, og å sikra at effektiv og målretta ressursbruk kjem barna til gode. I planperioden er det i tråd med tilrådingane i barnehage- og skulebruksplanen foreslått nedlegging av Terna og Ulveseth barnehagar frå barnehageåret 2025/26.
- Redusera sjukefråværet: Sjukefråværet skal reduserast gjennom fokus på nærvær og aktiv jobbing med arbeidsmiljø og trepartsarbeid.
- Kvalitetsutvikling: Det skal arbeidast systematisk med kvalitetsutvikling, som sikrar trivsel og læring i barnehagane. I den samanheng skal det fremjast politisk sak om kvalitet i Øygardsbarnehagane, som skal leggja føringar for kommunen sitt arbeid med barnehagen som pedagogisk verksemd.
- Inkluderande spesialpedagogikk med følgjande satsing: Spesialpedagogar skal vera tilknytt barnehagane og jobba førebyggjande rundt barn med særskilde behov.

#### Skule:

- Effektiv drift av kommunale skular: Det skal arbeidast systematisk for å sikra ein tenleg og framtidsretta barnehage- og skulestruktur. Det inneber å dimensjonera tenestene i tråd med demografiske endringar, og å sikra at effektiv og målretta ressursbruk kjem barna til gode. I planperioden er det i tråd med tilrådingane i barnehage- og skulebruksplanen foreslått

krinsjustering mellom Hjelteryggen og Brattholmen frå skuleåret 2025/26 for å sikra tilstrekkeleg kapasitet på Brattholmen skule. I tillegg er det foreslått å flytte Gangstø ressurscenter til tidlegare Blomvåg skule frå skuleåret 2025/26.

- Grunnleggjande ferdigheiter: Halda fokus på dei grunnleggjande ferdigheitene innan lesing, rekning og skriving for at elevane skal ha god meistring i skulefaga. Satsing på språkarbeid, og utarbeiding av ein ny felles språkplan (lesing og skriving) for skule og barnehage, vil vera eit viktig satsingsområde innan feltet.
- Vidareføra og styrka arbeidet med skulevegning og skulemiljø gjennom satsing på nærvær og inkludering. Dette systematiske arbeidet inneber m.a. fokus på læringsmiljø, klasseleing, relasjonsarbeid, foreldresamarbeid og tidleg inngripen.
- Kvalitet i SFO: I tråd med Nasjonal rammeplan for skulefritidsordninga skal det arbeidast for ei god og likeverdig skulefritidsordning, tilpassa våre lokale forhold, kultur og tradisjonar. Leik, kultur og fritidsaktivitetar, i tillegg til omsorg og tilsyn for barna, er viktige innsatsområde. Barn med nedsett funksjonsevne skal få gode utviklingsvilkår.

#### **Barn- og familie:**

- Tydelege mål: Tydelegare mål og tiltak for det førebyggjande arbeidet gjennom heilskapleg planarbeid. Planarbeidet skal bidra til større samanheng mellom utfordringsbilete i barne – og ungdomsgruppa og nivået på ressursinnsatsen frå dei tilsette.
- Effektiv organisering: Gjennom optimal organisering av tenestene skal det sikrast eit kostnadseffektivt tenestetilbod og høg kvalitet på det tverrfaglege samarbeidet. Eit prioritert område er å få ei føremålstenleg organisering av flyktning- og integreringsarbeidet. Ved å organisera fleire av tenestene som arbeider med denne gruppa under dette tenesteområdet, skal ein m.a. sikra god samhandling og heilskapleg arbeid i høve integrering av familiar. I den samanheng er NAV sine tenester viktige, og det må vurderast korleis ein kan optimalisera organisering og samhandling mellom disse tenestene i framtida.
- Tidleg identifisering: Gjennom systematisk arbeid mellom anna på helsestasjonen og i barnehagane for å sikra at vi tidleg identifiserer barn som lever i høg risiko for skeivutvikling på grunn av omsorgstilhøva.
- Utvikling av nye tiltak: Utvikla tenestetilbodet for å sikra tilbod til alle målgrupper. Eit døme på tiltak er utvikling av ressursteam for ungdom som bur på institusjon eller står i fare for å flytta på institusjon med mål om at dei skal kunna bu heime.
- Målretta satsingar: Kartlegga og identifisera områder med særskilde levekårsutfordringar og utarbeida målretta tiltak knytt til desse områda.

#### **Ressursinnsats**

- Auka opplæring i grunnleggjande norsk i skule, kr 0,85 mill i 2025 og kr 1,7 mill i åra 2026-2028
- Spesialpedagogar i barnehage - satsing på tidleg innsats og førebygging, kr 0,85 mill i 2025 og kr 1,7 mill i åra 2026-2028
- Styrka arbeidet med utsette barn og familiar, kr 2,5 mill kvart år i økonomiplanperioden
- Auka budsjett til statlege fosterheims plassar i barnevernet, kr 5,5 mill kvart år i økonomiplanperioden
- Auka budsjett til krisesenteret for Bergen og omland, kr 0,58 mill kvart år i økonomiplanperioden
- Auka vikarbudsjett med kr 7,5 mill

## Oppdrag

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
<b>Betere tverrfagleg samarbeid og organisering i barn- og familie</b>	<p>Ei viktig satsing i Oppvekst er førebyggjande arbeid og betre bruk av desse ressursane. Sentrale grep:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Omorganisering innan barne- og familieområdet for å tydeleggjere ressursane som er satt av til det operative førebyggjande arbeidet. Kvaliteten på det på det tverrfaglege samarbeidet skal betrast ved å utnytte kvarandre sin kompetanse og gjera felles prioriteringar av aktivitetar og oppgåver. Målet er høgare kvalitet på tenestetilbodet og ei tydeleggjering av ansvar og oppgåver.</li> <li>• Parallelt med omstillinga skal det arbeidast med å få god oversikt over hjelpebehova i barne- og ungdomsgruppa slik at tenestetilbodet står i samanheng med behova. Dette skal resultera i at fleire utsette barn og familiar får rett hjelp til rett tid.</li> </ul>	<p>Vi skal arbeida førebyggjande og tverrfagleg for å fremja god fysisk og psykisk helse hos innbyggjarane våre, uavhengig av alder og funksjonsnivå.</p>	<p>Det er godt å veksa opp i Øygarden.</p>
<b>Effektiv drift av kommunale barnehagar</b>	<p>Gjennomføra endring i struktur og organisering av kommunale barnehagar i samsvar med den administrative tilrådinga i barnehage- og skulebruksplanen. Det betyr m.a. etablering av større og meir robuste einingar, med høg fagkompetanse og god kvalitet. I tillegg må drifta i barnehagane optimaliserast gjennom:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fokus på å sikra effektiv drift og låge driftskostnader. Leiar må balansera lønsutgifter mot faktisk barnetal og sikra god intern organisering i barnehagen.</li> <li>• Den enkelte einingsleiar må gjennom verksemdsstyringa synleggjere korleis ein arbeider for å halda budsjettet, også ved eventuelle endringar i rammene.</li> </ul>	<p>Vi skal arbeida systematisk for å sikra at alle barn og unge som veks opp i kommunen har like moglegheiter.</p>	<p>Det er godt å veksa opp i Øygarden.</p>
<b>Effektiv skuledrift</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomføra endring i struktur og organisering av skulane i samsvar med den administrative tilrådinga i barnehage- og skulebruksplanen, som m.a. inneber å gjera driftstilpassingar i skulen i tråd med endringar i elevtal.</li> <li>• Dei siste prognosane fortel at elevmassen blir redusert til omlag 4</li> </ul>	<p>Vi skal arbeida strukturert med økonomiplanlegging for å sikra eit berekraftig tenestetilbod.</p>	<p>Øygarden kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og ansvarleg samfunnsaktør.</p>

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
	<p>700 elevar i 2027. Difor må skulane justera sin ressursbruk knytt til sitt elevtal, og utnytte effektivt dei ressursane skulane får tildelt.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ressurstildeling er basert på å oppfylle lovpålagde krav m.a. knytt til lærarnorm og individuelt tilrettelagt opplæring (spesialundervisning).</li> </ul>		
<b>Etablere integrerings- og læringssenter</b>	<p>Dette er ei viktig satsing i barn- og familie i 2025 og åra framover. Senteret skal sikra at det vert arbeida betre for oppnå god integrering og inkludering av flyktningane i Øygdssamfunnet. Integrerings- og læringssenter skal ha særskild fokus på heilskaplege løysingar som fokuserer på</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Praksis- og arbeidsretta aktivitet.</li> <li>• Effektiv og god integrering av flyktningar som blir busett i kommunen.</li> <li>• Smidige møtepunkt og arenaer som ligg best mogleg til rette for god samhandling og samarbeid mellom dei involverte tenestene.</li> <li>• Samhandling om innhald, opplæring og tiltak for å sikra eit målretta og effektivt introduksjonsprogram.</li> </ul>	<p>Vi skal arbeida førebyggjande og tverrfagleg for å fremja god fysisk og psykisk helse hos innbygarane våre, uavhengig av alder og funksjonsnivå.</p>	<p>Øygarden har eit tenestetilbod som fremjar god folkehelse.</p>
<b>Førebyggja ufrivillig fråvær og utanforskap i barnehage og skule</b>	<p>Generelle tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vidareutvikla Øygarden kommune sitt team som arbeider med nærvær og inkludering i barnehage og skule. Teamet hjelper til i saker der barn og elevar har vanskar med på komma i barnehagen eller på skulen.</li> </ul> <p>Spesielle tiltak for skule:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Skulane skal sikra at dei har god nok oppdagar- og handlingskompetanse knytt til dei elevane som har lågare nærvær enn andre. Mange skular gjer her eigne individuelle tiltak for å hjelpa elevane tilbake.</li> <li>• Elevar som kjem til Noreg som flyktningar er overrepresentert knytt til høgt skulefråvær. Skulane skal difor ha gode rutinar for å fanga opp behov for individuelt tilrettelagt opplæring, og gode samarbeidsrutinar til andre delar av Oppvekst. Det skal vera god kvalitet på den norskspråklege opplæringa slik at elevane har gode</li> </ul>	<p>Gjennom tidleg innsats i barnehage, barne- og ungdomsskule skal vi arbeida for at alle barn og unge i Øygarden er godt rusta til vidare utdanning og arbeidsliv.</p>	<p>Det er godt å veksa opp i Øygarden.</p>

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
	<p>moglegheiter til å lukkast i ordinær opplæring.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Skapa gode klassemiljø der alle elevane blir sett på som viktige i fellesskapet, i kombinasjon med raske tiltak frå skule og andre i hjelpeapparatet i høve elevar som har lågare nærvær enn andre.</li> <li>• Utvikla arbeidet med Betre Tverrfagleg Innsats (BTI), som er eit arbeidsverktøy i dei sakene som blir meir komplekse og som involverer fleire aktørar frå hjelpeapparata.</li> <li>• Skulane skal kunne talfeste korleis nærværssituasjonen har utvikla seg, korleis dei bruker ulike verktøy og kva mål dei sjølv set seg i nærværarbeidet på skulen. Samstundes er det viktig at skulane har gode system og gjer tilpassingar for elevar med normbrytande åtferd, slik at også desse opplever tilhørslse og får utvikla si læring.</li> </ul>		
<p><b>Inkluderande spesialpedagogikk i barnehagane</b></p>	<p>Inkluderande spesialpedagogikk er eit satsingsområde for barnehage og skule og ein del av strategi for førebygging og tidleg innsats.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Barnehagane skal byggja opp kompetanse i det interne støttesystemet, og sjå spesialpedagogikk i samheng med det allmennpedagogiske arbeidet.</li> <li>• I størst mogleg grad skal vi ha faste spesialpedagogar ute i kvar barnehage. Den spesialpedagogiske kompetansen er då tilgjengeleg og nærast mogleg barna.</li> <li>• Pedagogane skal også arbeida førebyggjande og bidra til auka kvalitet i det allmennpedagogiske arbeidet.</li> <li>• PPR har ansvar for å gjennomføra satsinga.</li> </ul> <p>Ein ønska og målbar effekt av desse tiltaka er at andelen av barn i barnehage med spesialpedagogiske vedtak/individuell tilrettelegging skal reduserast med 0,5 prosentpoeng årleg i perioden 2025-2027. Dette inneber ein reduksjon frå 5,8 % i 2024 til 4,3 % innan 2027.</p>	<p>Gjennom tidleg innsats i barnehage, barne- og ungdomsskule skal vi arbeida for at alle barn og unge i Øygarden er godt rusta til vidare utdanning og arbeidsliv.</p>	<p>Det er godt å veksa opp i Øygarden.</p>
<p><b>Inkluderande spesialpedagogikk i skule.</b></p>	<p>Det skal jobbast målretta og systematisk med å redusera andelen barn og elevar med spesialpedagogiske vedtak. Bistanden til desse</p>	<p>Vi skal arbeida systematisk med kvalitetsutvikling som sikrar trivsel og læring</p>	<p>Det er godt å veksa opp i Øygarden.</p>

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
	<p>elevane skal tilpassast innanfor den ordinære undervisninga.</p> <p>Tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Jamlege vurderingar av behovet for individuelt tilrettelagt opplæring.</li> <li>• Gode og spesifikke tiltak tidleg nok, gjennom auka satsing på grunnleggjande ferdigheiter gjennom heile skuleløpet.</li> <li>• Tilrettelegga for elevar med særlege behov og sikra at alle barn blir inkludert i skulemiljøet.</li> </ul> <p>Ein ønska og målbar effekt knytt til dette oppdraget og oppdraga som omhandlar å førebygga fråvær, ha praktisk og variert undervisning og språkarbeid i barnehage og skule er: Andelen av elevar med spesialpedagogiske vedtak skal reduserast med 1 prosentpoeng årleg i skule frå nivået i 2024. Det inneber at andelen elevar skal reduserast frå 12,4 % i 2024 til 9,4 % innan 2027.</p>	<p>i barnehage og grunnskule.</p>	
<p><b>Meir variert og praktisk undervisning i skulane.</b></p>	<p>Ei viktig satsing er å gjera skulen meir relevant og praksisnær, for å auka elevane sin motivasjon for ordinær skule. Føremålet er at elevane får brukt sine styrkar og får oppleva god meistring og utvikling av sine ferdigheiter.</p> <p>For å sikra dette skal vi arbeida for å:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utvikla eit strategisk samarbeid med næringsliv og lokale bedrifter for å gje elevar praksisnære og tilpassa opplæringsløp.</li> <li>• Styrka skulane gjennom å prioritera utstyr til meir praktisk og variert undervisning.</li> <li>• Bruka varierte læringsarenaer som ligg utanfor ordinære klasserom.</li> </ul>	<p>Vi skal arbeida systematisk for å sikra at alle barn og unge som veks opp i kommunen har like moglegheiter.</p>	<p>Det er godt å veksa opp i Øygarden.</p>
<p><b>Språkarbeid i barnehage og skule</b></p>	<p>Dette er eit universelt tiltak for å gi alle barn og unge god språkkompetanse. Føremålet er å redusera skilnader, auka livsmeistringa, sikra likeverd samt gi unge kunnskap og kompetanse til å fullføra vidaregåande opplæring. <a href="https://oygarden.kommune.no">Om oss - Språkkommunen Øygarden (oygarden.kommune.no)</a></p> <p>Språkkommunen Øygarden har tre fokusområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fleispråklege barn og elevar</li> <li>• Språkvanskar</li> </ul>	<p>Vi skal arbeida systematisk for å sikra at alle barn og unge som veks opp i kommunen har like moglegheiter.</p>	<p>Det er godt å veksa opp i Øygarden.</p>



Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Språkmiljø i barnehage og skular</li> </ul> <p>Fokusområda er eit resultat etter kompetansekartlegging utført i 2022, og er eit samarbeid med Skrivesenteret på NTNU og eit partnerskap med Høgskulen på Vestland. Kompetanseheving i ulik form starta i 2023 og vil intensiverast i 2025.</p>		
<b>Styrka fokus på kvalitet i barnehagane.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• I løpet av planperioden skal det fremjast ei politisk sak om kvalitet i Øygardsbarnehagane, som skal leggja føringar for kommunen sitt arbeid med barnehagen som pedagogisk verksemd.</li> <li>• Den nasjonale rammeplanen for barnehagar legg føringar for kvalitetsutviklinga i Øygardsbarnehagane i høve innhald og oppgåver.</li> <li>• Innføring av kvalitetsdialog mellom barnehageeigar og leiinga i den enkelte eining: Dialogen har fokus på korleis den enkelte barnehage jobbar med kvalitet, utvikling og drift.</li> </ul>	<p>Vi skal arbeida systematisk med kvalitetsutvikling som sikrar trivsel og læring i barnehage og grunnskule.</p>	<p>Det er godt å veksa opp i Øygarden.</p>
<b>Styrka fokus på kvalitet i skulane</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppfølging av Plan for framtidens skule: Dette er eit viktig styringsdokument for arbeidet med kvalitetsutvikling og samhandling på alle nivå i skulen, frå skuleeigar til elevar og foreldre.</li> <li>• Skulebasert vurdering skal leggjast til grunn for skulen sitt kvalitetsarbeid og skulane skal gjennomføra elevundersøkinga og nasjonale prøvar. Kvalitetsdialog mellom rektor og administrativ skuleeigar er innført som eit sentralt element i skulebasert vurdering og kvalitetsutvikling.</li> <li>• Sikra kvalitet i Skulefritidsordninga (SFO) ved at skulen følgjer nasjonal og kommunal rammeplan. Tilsette i SFO skal ha eit aktivt forhold til rammeplanen og kunna visa korleis den blir følgd opp.</li> <li>• Fokus på godt og trygt læringsmiljø og nulltoleranse for diskriminering, mobbing og rasisme. Skulen skal leggja godt til rette for elevaktive læringsformer og elevmedverknad, slik at elevane får val, påverknad og medansvar.</li> </ul>	<p>Gjennom tidleg innsats i barnehage, barne- og ungdomsskule skal vi arbeida for at alle barn og unge i Øygarden er godt rusta til vidare utdanning og arbeidsliv.</p>	<p>Det er godt å veksa opp i Øygarden.</p>

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
<b>Systematisera det førebyggjande arbeidet og hindra utanforskap.</b>	<p>Oppvekst/ barnevernreforma skal gi kommunen insentiv og moglegheiter til meir førebygging og meir samarbeid på tvers av tenester. Barn- og familie skal jobba målretta og systematisk med å gjennomføra oppvekst/ barnevernsreforma i kommunen med følgjande tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Implementera og følgja opp plan for førebyggjande arbeid når den er vedteke (polisk handsaming i desember 2024). Planen vil leggja viktige føringar for arbeidet med tidleg innsats, førebyggjing og arbeid med utsette barn og unge.</li> <li>• Styrka det overordna arbeidet med utanforskap, gjennom å identifisera, kartleggja og analysera område med særskilde levekårsutfordringar. Slik skal kommunen få auka kunnskap til å finna målretta tiltak for å møte utfordringane.</li> <li>• Etablering av ressurshus og fleire tiltak for born og unge med åtferdsutfordringar som er i kontakt til barnevernet, for å redusera kjøp av eksterne tenester til denne gruppa.</li> </ul> <p>Ein ønska og målbar effekt av desse tiltaka er å redusera kjøp frå staten knytt til statlege institusjonsplassar og fosterheimar med ein plass i snitt årleg i økonomiplanperioden.</p>	Vi skal arbeida førebyggjande og tverrfagleg for å fremja god fysisk og psykisk helse hos innbyggjarane våre, uavhengig av alder og funksjonsnivå.	Det er godt å veksa opp i Øygarden.

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap			Budsjett				Rev.budsjett				Økonomiplan				
	2023	2024	2024	2024	2025	2026	2027	2028	2025	2026	2027	2028	2025	2026	2027	2028
<b>Driftsutgifter</b>																
Lønn	1 106 147	1 034 636	1 080 628	1 079 580	1 055 231	1 042 418	1 027 226									
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	69 353	57 009	61 775	58 067	58 067	58 067	57 622									
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal egenproduksjon	56 316	47 493	47 340	47 789	47 789	47 789	48 234									
Overføringsutgifter	52 500	36 445	34 562	39 945	39 945	39 945	41 945									
Finansutgifter	7 116	0	6 131	0	0	0	0									
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>1 291 433</b>	<b>1 175 583</b>	<b>1 230 436</b>	<b>1 225 381</b>	<b>1 201 032</b>	<b>1 188 219</b>	<b>1 175 027</b>									
<b>Driftsinntekter</b>																
Salgsinntekter	-51 161	-41 846	-42 150	-35 340	-35 340	-35 340	-35 340									
Refusjoner	-134 160	-72 428	-93 156	-64 789	-64 789	-64 789	-66 789									
Overføringsinntekter	-178	0	-182	0	0	0	0									
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-8 251	0	-3 939	0	0	0	0									
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-193 751</b>	<b>-114 274</b>	<b>-139 427</b>	<b>-100 129</b>	<b>-100 129</b>	<b>-100 129</b>	<b>-102 129</b>									
<b>Sum</b>	<b>1 097 682</b>	<b>1 061 309</b>	<b>1 091 009</b>	<b>1 125 252</b>	<b>1 100 903</b>	<b>1 088 090</b>	<b>1 072 898</b>									

## Fordeling på eining (tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap			Økonomiplan			
	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Rev.budsjett 2024	2025	2026	2027	2028
Kommunalsjef oppvekst	42 077	45 477	23 732	22 173	7 135	-3 428	-35 743
Barnehagesjef	0	600	9 659	10 744	4 239	3 489	22 134
Bjørøy barnehage	11 979	12 648	13 320	15 074	15 074	15 074	15 074
Hamramyra barnehage	18 894	19 145	10 060	-1	-1	-1	-1
Knappskog barnehage	14 031	14 942	15 708	16 550	16 550	16 550	16 550
Klokkevik barnehage	11 629	12 457	12 502	12 288	12 288	12 288	12 288
Leirstaden barnehage	17 021	14 181	13 160	11 315	11 315	11 315	11 315
Marihøna barnehage	10 948	12 050	11 600	11 097	11 097	11 097	11 097
Skogsvåg barnehage	12 413	12 732	12 726	12 393	12 393	12 393	12 393
Stranda barnehage	17 852	17 479	17 291	17 640	17 640	17 640	17 640
Straume barnehage	8 101	7 933	7 889	8 017	8 017	8 017	8 017
Terna barnehage	13 833	12 961	9 325	6 939	6 939	6 939	10 101
Ulveseth barnehage	6 415	5 733	5 620	5 363	5 363	5 363	5 363
Ågotnes barnehage	11 559	10 598	20 420	30 818	30 818	30 818	30 818
Liljevatnet barnehage	15 419	14 979	15 265	16 197	16 197	16 197	16 197
Spildepollen barnehage	16 780	17 435	16 223	14 864	14 864	14 864	14 864
Skulesjef	0	1 820	18 374	27 393	25 643	24 143	23 109
Bjørøy skule	15 113	14 413	14 702	14 566	14 566	14 566	14 541
Brattholmen skule	35 469	34 680	36 270	38 281	38 281	38 281	38 213
Foldnes skule	28 702	27 232	29 376	31 399	31 399	31 399	30 744
Hjelteryggen skule	28 603	29 433	29 829	30 123	30 123	30 123	30 087
Knappskog skule	31 057	28 651	29 297	29 202	29 202	29 202	29 150
Kolltveit skule	28 926	27 755	28 343	29 060	29 060	29 060	29 011
Landro skule	29 633	28 803	31 726	35 634	35 634	35 634	35 582
Rong skule	25 918	24 393	24 755	24 703	24 703	24 703	24 662
Skogsvåg skule	29 730	27 783	29 349	28 671	28 671	28 671	28 624
Skålevik skule	14 720	15 036	15 527	16 450	16 450	16 450	16 423
Spildepollen skule	24 555	23 539	24 782	25 532	25 532	25 532	25 493
Stranda skule	42 276	37 673	38 429	38 694	38 694	38 694	38 627
Tjeldstø skule	14 353	14 060	14 566	14 777	14 777	14 777	14 757
Toftøy skule	17 667	17 304	17 266	16 711	16 711	16 711	16 681
Ulveset skule	24 030	23 771	24 552	24 690	24 690	24 690	24 644
Ågotnes skule	32 724	31 220	32 112	33 465	33 465	33 465	33 408
Fjell ungdomsskule	60 929	56 049	58 302	60 601	60 601	60 601	60 506
Sund ungdomsskule	41 275	40 189	42 462	43 609	43 609	43 609	43 538
Tranevågen ungdomsskule	56 834	52 847	54 516	52 859	52 859	52 859	52 776
Øygarden ungdomsskule	29 820	28 575	28 325	28 904	28 904	28 904	28 865
Gangstø ressurscenter	8 310	6 462	6 918	7 129	7 129	7 129	7 127
Vaksenopplæringa	6 387	8 777	9 183	9 911	9 911	9 911	9 911
Barn og familie	0	1 500	3 901	8 342	8 092	8 092	7 342
Barn, unge og familietenester (BUFT)	55 496	56 005	55 899	56 799	55 971	55 971	55 971
PPT	39 005	42 685	44 218	45 663	45 685	45 685	45 685
Barnevern	147 200	129 303	130 062	136 689	136 689	136 689	137 189
Ungdomsteneste	0	0	3 466	3 924	3 924	3 924	2 124
<b>Sum</b>	<b>1 097 682</b>	<b>1 061 309</b>	<b>1 091 009</b>	<b>1 125 252</b>	<b>1 100 903</b>	<b>1 088 090</b>	<b>1 072 898</b>

## Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskrivelse tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
<b>Opprinnelig budsjett</b>	<b>1 061 309</b>	<b>1 061 309</b>	<b>1 061 309</b>	<b>1 061 309</b>
Sum Investering og finansiering	-16 231	-35 186	-43 819	-43 819
<b>Investering og finansiering</b>	<b>-16 231</b>	<b>-35 186</b>	<b>-43 819</b>	<b>-43 819</b>
Sum Tekniske justeringer	55 750	55 750	55 750	55 750
Sum Vedtak forrige periode	23 325	26 747	26 747	13 055
<b>Konsekvensjusteringer</b>	<b>79 075</b>	<b>82 497</b>	<b>82 497</b>	<b>68 805</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>	<b>1 124 153</b>	<b>1 108 620</b>	<b>1 099 987</b>	<b>1 086 295</b>
<b>Innsparingstiltak</b>				
Driftstilpassing barnehage, inkludert nedleggning av Terna og Ulveseth barnehage frå august 2025 i tråd med tilråding i barnehage- og skulebruksplan	-2 702	-5 568	-5 568	-5 568
Driftstilpassing skule - færre elevar i skulen	-3 000	-8 400	-10 330	-10 330
Omprioritering av midlar avsett til undervisningsopplegg og overnatting for 5. klasse på Fjell festning	-1 141	-1 141	-1 141	-1 141
Reduksjon i ressursar knytt til spesialpedagogikk/ individuell tilrettelegging i barnehage	-313	-1 063	-1 813	-1 813
Reduksjon i vedtak spesialpedagogikk skule	-625	-2 125	-3 625	-5 125
Redusert budsjettnivå digitale læringsmidlar i skulen	-500	-500	-500	-500
Skuleurar for ungdomstrinnet - utvikling av lokalt opplegg	-900	-900	-900	-900
<b>Sum Innsparingstiltak</b>	<b>-9 181</b>	<b>-19 697</b>	<b>-23 877</b>	<b>-25 377</b>
<b>Nye tiltak</b>				
Auka budsjett til statlege fosterheims plassar i barnevernet	5 500	5 500	5 500	5 500
Auka budsjettnivå til opplæring i grunnleggjande norsk i skule	850	1 700	1 700	1 700
Krisesenteret for Bergen og omland	580	580	580	580
Spesialpedagogar i barnehage - satsing på tidleg innsats og førebygging	850	1 700	1 700	1 700
Styrka arbeidet med utsette barn og familiar	2 500	2 500	2 500	2 500
<b>Sum Nye tiltak</b>	<b>10 280</b>	<b>11 980</b>	<b>11 980</b>	<b>11 980</b>
<b>Nye tiltak og realendringer</b>	<b>1 099</b>	<b>-7 717</b>	<b>-11 897</b>	<b>-13 397</b>
<b>Budsjettendringer</b>				
Sum Budsjettendringer	0	0	0	0
<b>Ramme 2025-2028</b>	<b>1 125 252</b>	<b>1 100 903</b>	<b>1 088 090</b>	<b>1 072 898</b>

### Innsparingstiltak

#### Driftstilpassing barnehage, inkludert nedleggning av Terna og Ulveseth barnehage frå august 2025 i tråd med tilråding i barnehage- og skulebruksplan

Det er estimert omlag 40 færre barn i dei kommunale barnehagane frå barnehageåret 2025/2026. Tiltaket inneber difor ei driftstilpassing med reduksjon av tilsette i samsvar med færre barn. Estimaten er berekna ut frå fødselstal og historiske tal.

Tiltaket inneber og nedleggning av Terna og Ulveseth barnehage i samsvar med den administrative tilrådinga i barnehage- og skulebruksplanen.

**Driftstilpassing skule - færre elevar i skulen**

Det er estimert omlag 100 færre elevar i skulen frå skuleåret 2025/2026. Tiltaket er difor ein driftstilpassing med reduksjon av tilsette i samsvar med færre elevar. I økonomiplanperioden er det estimert følgjande elevtalsnedgang: Nedgang 100 elevar frå hausten 2025 - 40 elevar frå hausten 2026 og 10 elevar frå hausten 2027.

**Omrioritering av midlar avsett til undervisningsopplegg og overnatting for 5. klasse på Fjell festning**

Tiltaket inneber at dei midlane som er avsett til undervisningsopplegg og overnattingstur for 5. klasse på Fjell festning blir omprioritert til å kunne finansiera ein auke i lovpålagte behov for opplæring i grunnleggjande norsk (Norsk 2) for fleirspråklege barn og unge. Turane på Fjell festning er ikkje ein lovpålagt oppgåve, og desse midlane bør i staden omprioriterast til lovpålagde oppgåver innanfor skulen.

**Reduksjon i ressursar knytt til spesialpedagogikk/ individuell tilrettelegging i barnehage**

Andelen barn med vedtak om spesialpedagogikk/ individuell tilrettelegging i barnehage skal reduserast med 0,5 prosentpoeng årleg i 3 år framover. Innsparingstiltaket er den økonomiske effekten av at andelen barn med vedtak om spesialpedagogikk/ individuell tilrettelegging blir redusert med dette talet. Satsing på fleire spesialpedagogar og inkluderande spesialpedagogikk i barnehagen, gode rutinar, revurdering og færre barn i barnehagen, gjer at vi kan redusera den økonomiske ressursinnsatsen.

**Reduksjon i vedtak spesialpedagogikk skule**

Andelen elevar med vedtak om spesialpedagogikk i skulen skal reduserast med eitt prosentpoeng årleg i 3 år framover. Innsparingstiltaket er den økonomiske effekten av at andelen elevar med vedtak om spesialpedagogikk blir redusert med dette talet. Elevgruppa der det er estimert nedgang er elevar som fungerer tilstrekkeleg i gruppe og som har låge enkeltvedtak frå tre til fem timar. Difor vil utslaget ha avgrensa økonomisk effekt.

**Redusert budsjettnivå digitale læringsmidlar i skulen**

Tiltaket inneber ein reduksjon av budsjettnivå knytt til digitale læringsmidlar i skulen. Ein vil med tiltaket prioritera å oppretthalda nivået til fysiske lærebøker, gjennom å redusera valfridomen og gje noko mindre ressursar til digitale verktøy i skulen.

**Skuleturar for ungdomstrinnet - utvikling av lokalt opplegg**

Tiltaket inneber at dei midlane som er avsett til skuleturar for 10. klasse og fagleg opplegg på Fjell festning for 5. klasse blir omprioritert til å utvikla eit nytt sosialt og fagleg turtilbod for ungdomstrinnet, lokalt basert i Øygarden. Det faglege opplegget i tiltaket skal knytta seg til krigshistorie, og innebera ein overnatting i nærmiljøet, helst i tilknytning til området rundt Fjell festning. Det skal inngås avtale med ein ekstern leverandør i utviklinga av dette opplegget. Det blir avsett 2 millionar årleg til føremålet i økonomiplanperioden.

## Nye tiltak

### **Auka budsjett til statlege fosterheimsplassar i barnevernet**

Barnevernstenesta har ansvar for fosterheimsomsorga for barn som ikkje kan bu hos egne føresette. Kommunen ønskjer hovudsakleg å nytte egne kommunale fosterheim, men staten har og ein bistandsplikt viss ikkje det er eigna fosterheim lokalt. Kommunen må betala ein eigendel på i underkant av kr 100 000 i månaden for desse fosterheimane. Frå 2020 har det vert ein årleg snitt på omlag 7 statlege fosterheim. Det har dei siste åra ikkje vore avsett budsjettmidlar til statlege fosterheim, og dette er ein medverkande årsak til meirforbruket i barnevernstenesta dei siste åra. Tiltaket inneber ein auke i budsjett nivå frå 0 til 5 statlege fosterheimsplassar.

### **Auka budsjettnivå til opplæring i grunnleggjande norsk i skule**

Grunna stor auke i tal på flyktningar og fleire fleirspråklege barn i skule dei siste åra er det behov for å auka ressursnivået og tildelinga til opplæring i grunnleggjande norsk. Dette er ein lovpålagt teneste, og er ein viktig prioritering for å unngå fleire elevar med individuelt tilrettelagt undervisning (spesialundervisning) seinare.

### **Krisesenteret for Bergen og omland**

Auke i utgifter til krisesenteret for Bergen om omland jf KS-sak 123/24.

### **Spesialpedagogar i barnehage - satsing på tidleg innsats og førebygging**

Tiltaket inneber ein styrking av ressursane til spesialpedagogar utplassert i barnehagane. Det har dei siste tre åra vore jobba med inkluderande spesialpedagogikk, i eit prosjekt der faste spesialpedagogar var utplassert i barnehagane. Hovudtiltaket er at kvar barnehage i så stor grad som mogeleg har ein fast spesialpedagog, der spesialpedagogen er knytt til leiarteamet i barnehagen, og er med å leia det spesialpedagogiske arbeidet. Målet er å byggja opp kompetanse i det interne støttesystemet og sjå spesialpedagogikk i samanheng med det allmennpedagogiske arbeidet. Dei barna som treng det, skal få rask og rett hjelp, og det skal vera god samanheng mellom det ordinære tilbodet og dei spesialpedagogiske tiltaka. Føremålet er at alle barn og unge skal ha eit inkluderande barnehagetilbod som gjer at dei trivst, utviklar seg, opplever meistring og lærer.

Tiltaket vil gje auka moglegheit til å jobba førebyggjande med tidleg innsats av høg kompetanse, også utan at barnet er tilvist PPT. Målet er at dette skal føra til at born får hjelp så tidleg som mogleg, og på sikt redusera behovet for spesialpedagogiske vedtak.

Med denne styrkinga vil alle barnehagar, både kommunale og private ha ein fast spesialpedagog knytt til sin barnehage, og dette vil vera eit viktig tiltak for å styrka arbeidet med tidleg innsats og førebygging i barnehagesektoren.

### **Styrka arbeidet med utsette barn og familiar**

Tiltaket inneber ein auke av ressursar til utsette barn og unge gjennom etablering av ein førebyggjande teneste. Barn og ungdom som slit har ofte komplekse utfordringar som handlar om psykisk helse, rus, utanforskap, manglande meistring og tilhøyrsløse. Det er ønskeleg å etablere ein teneste som skal jobba førebyggjande og tilby samordna tenester som kan møte heile utfordringsbiletet rundt barnet og familien når dei treng det. Tenesta skal jobbe tverrfagleg og operativt etter tilsvarande modell som ungdomstenesta.

## Kostra-analyse

	Øygarden 2022	Øygarden 2023	Alver	Askøy	Bjørnafjorden	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
<b>Prioritet</b>							
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (213) Voksenopplæring (B) *) **)	520	485	478	291	395	643	742
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år (B) *) **)	12 273	15 032	14 872	16 370	12 991	16 467	16 593
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn i barnevernet *)	209 580	307 711	173 893	254 743	233 930	207 601	219 718
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B) *) **)	210 469	224 072	238 097	217 717	208 710	209 566	214 463
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år (B) *) **)	108 671	116 326	119 126	113 434	103 909	113 835	114 945
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år (B) *) **)	9 165	13 881	12 018	14 273	10 111	12 373	13 582
Netto driftsutgifter til skolelokaler (222), per innbygger 6-15 år (B) *) **)	22 333	20 853	29 368	23 767	16 985	22 616	24 083
<b>Produktivitet</b>							
Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (f. 252) (B) *)	553 195	641 723	452 908	620 354	608 260	580 096	570 712
Brutto driftsutgifter per barn som ikke er plassert av barnevernet (funksjon 251) (B) *)	72 121	90 108	74 978	71 610	52 542	64 376	66 725
<b>Dekningsgrad</b>							
Andel barn 1-5 år med barnehageplass (B)	92,7 %	93,6 %	94,0 %	96,4 %	94,7 %	93,9 %	94,0 %
Andel barn som har fullført helseundersøkelse innen utgangen av 1. skoletrinn (B)	106,5 %	82,6 %	108,9 %	175,0 %	86,6 %	105,1 %	100,1 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	12,3 %	12,4 %	9,7 %	7,3 %	6,0 %	8,2 %	8,1 %
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO (B)	69,1 %	73,2 %	58,7 %	61,8 %	71,5 %	67,0 %	66,6 %
<b>Kvalitet</b>							
Elevunders. 10. trinn - Trivsel	3,9	3,9	4,0	3,9	4,0		
Elevunders. 7. trinn - Trivsel	4,1	4,0	3,9	4,1	4,2		
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	13,7	13,3	12,6	13,1	14,2	13,3	12,5
Nasjonale prøver 5. trinn: Lesing	50,0	48,0	47,0	48,0	47,0		
Nasjonale prøver 5. trinn: Regning	51,0	49,0	48,0	49,0	49,0		
<b>Grunnlagsdata (Nivå 3)</b>							
Fysio.er avt. årsv. i helsest.- og skolehelsetj. per 10 000 innbyggere 0-20 år (årsv.)	1,6	1,6	1,8	1,4	0,4	1,5	2,1

Fysioterapeuter Avtalte årsverk (årsverk)	1,7	1,7	1,4	1,2	0,3	17,8	242,2
---	-----	-----	-----	-----	-----	------	-------

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*) Justert for utgiftsbehov

**Vaksenopplæring:** Korrigerede brutto driftsutgifter til vaksenopplæring per innbyggjar er lågare enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

**Helsestasjons- og skulehelseteneste:** Øygarden kommune bruker kr 15 032 per innbyggjar 0-5 år til helsestasjons- og skulehelseteneste. Dette er lågare enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

**Barnevernsteneste:** Netto driftsutgifter per barn i barnevernstenesten er kr 307 711. Dette er langt høgare enn både gjennomsnittet i gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Det har vore ein stor auke i utgiftene dei siste åra.

**Barnehage:** Netto driftsutgifter til barnehage per innbyggjar 1-5 år er kr 224 072 i Øygarden kommune. Øygarden kommune drifter barnehagane sine dyrare enn både gjennomsnittet i gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Samtidig er det ein litt lågare andel barn som er i barnehage enn i gruppe 10 og på landsbasis.

**Grunnskule:** Netto driftsutgifter til grunnskule per innbyggjar 6-15 år er kr 119 126. Dette er høgare enn både gjennomsnittet i gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Når det gjeld spesialundervisning er det 12,4 % av elevane i grunnskulen i Øygarden som har spesialundervisning. Til samanlikning er det 8,2 % av elevane i gruppe 10 som har spesialundervisning og 8,1 % på landsbasis som har spesialundervisning. Andel elevar med spesialundervisning har auka frå 9,6 % i 2020 til 12,4 % i 2023.

**SFO:** Netto driftsutgifter til skulefritidstilbod per innbyggjar 6-9 år er kr 13 881. Dette er over samanliknbare kommunar i gruppe 10 og landsgjennomsnittet.



## Samfunnsutvikling



### Omtale av kommunalsjefområdet

Kommunalsjefområdet Samfunnsutvikling har ansvar for å levera tenester innan områda areal- og transportplanlegging, stadutvikling, klima og miljø, folkehelse, kultur, reinhald, plan og analyse, oppmåling- og byggesaksbehandling. I kommunalsjefområdet ligg også ansvar for utvikling, forvaltning og drift av den kommunale eigedomsmassen, vegar og kaier, i tillegg til næringsutvikling.

Einingar:

- Arealforvaltning
- Plan og analyse
- Kultur
- Egedomsforvaltning
- Utbygging
- Egedomsutvikling
- Reinhald

### Hovudutfordringar

Øygarden kommune sine utfordringar innan kommunalsjefområdet Samfunnsutvikling handlar om å bruka areala på ein berekraftig måte, både når det gjeld areala som kommunen er eigar av, men også for kommunen som heilskap.

For den kommunale eigedomsmassen, handlar berekraft om å møte framtidige behov for tenesteutvikling og store investeringar som følgje av demografiske endringar. Kommunen har utfordringar med etterslep på vedlikehald av eigedomar, og treng å styrka fokuset på verdibevaring av eigedomar.

Naturen i Øygarden er pressa av høge ambisjonar om vekst og utvikling. For kommunen som heilskap, handlar berekraftig arealforvaltning om å vekta ulike behov, som både skal sikra utvikling og vekst, men samtidig ta vare på natur og kvalitetar som er viktige for framtidige generasjonar. Kommunane har også ansvar for å bidra til reduksjon av klimagassutslepp, auka den miljøvennlege energiomlegginga og bidra til klimatilpassing gjennom sine overordna planar. Sistnemnte inneber at vi må kunna handtera dei hendingane som klimaendringane fører med seg. Oppfølging av nasjonale og lokale forventningar til arealforvaltning, som i større grad legg vekt på bevaring av natur, omsyn til klima og klimatilpassing, krev oppdatert kunnskap og styrking av samhandling, på tvers av einingar lokalt, på tvers forvaltningsnivå og med eksterne aktørar.

Samfunnsutvikling spelar ei viktig rolle i utviklinga av trygge og gode lokalsamfunn, i tråd med målsetjingane i samfunnsplanen. Dette handlar om korleis vi planlegg og legg til rette for helsefremjande og aktive samfunn, der innbygarane våre har tilgang til natur, nærturterreng, sjø, sykkelveggar, leikeplassar og anna aktivitet. Både som samfunnsutviklar og planmynde kan vi såleis bidra til at staden vi bur og veks opp på fremmar god livskvalitet og folkehelse for alle. Kultur og frivilligheit er sentrale berebjelkar i det tverrfaglege arbeidet med å førebyggja og fremja god folkehelse.

Samfunnsutvikling heng også tett saman med næringsutvikling. Gjennom næringsutvikling vert det skapt arbeidsplassar, aktivitet og verdiskaping. Næring er også sentral for at kommunen framover skal oppretthalda eit godt tenestetilbod. Øygarden kommune har eit framoverlent og variert næringsliv. Aktørar innan olje og gass er i gong med omstilling av næringsutvikling, og det vert arbeidd godt for å finna nye og grønne forretningsområde. Kommunen spelar ei viktig rolle i å leggja til rette for omstilling av næringslivet, både gjennom arealplanlegging som legg til rette for vekst og samarbeid blant andre næringsaktørar, og for å sikra føreseielege rammer for næringslivet.

Kommunalsjefområdet har ansvar for å utarbeida ein oppdatert og framtidsretta arealdel til kommuneplanen. Mobilitet er eit anna viktig ansvarsområde og behov for betre kollektiv- og transporttilbod har blitt trekt fram som ei gjennomgåande utfordring i fleire av tenesteområda våre.

### Dette skal vi oppnå

- Eigedomsstrategien for Øygarden kommune kjem til politisk behandling i slutten av 2024. I 2025 skal denne følgjast opp og vidareutviklast, for å sikra berekraftig drift, forvaltning, utvikling og gjennomføring.
  - Som eigar av den kommunale eigedomsmassen, kommunale veggar, kaier, offentlege uterom og grøntareal skal Øygarden kommune vera ein viktig aktør i samfunnsutviklinga.
  - Det skal etablerast langtidsplanar for vedlikehald og nødvendige styringssystem.
  - Det skal vurderast korleis kommunen skal bruka utbyggingsavtalar som eit verktøy for gjennomføring
  - Gjennomføra sal av bygg. Det vert mellom anna vurdert å selja rådhuset på Straume i løpet av økonomiplanperioden. Funksjonane som per i dag er lagt til rådhuset må i tilfelle ivaretakast på anna måte.

- Omprioritera midlar (løn frå vakante stillingar) til å kjøpa inn park og grønt teneste. Dette vil bidra til betre og meir robuste tenester.
- Vurdera samarbeid med Trigger eller tilsvarande verksemd for å løysa oppgåver knytt til den kommunale bilparken.
- Prioritera arealdelen til kommuneplanen. Gjennom god arealplanlegging skal vi ta vare på viktig natur, arts mangfald, kyst- og kulturlandskap og lokalsamfunn.
- Prioritera andre planoppgåver i samsvar med planstrategien
  - planar for utvikling av regionsenteret og kommunedelsenteret Ågotnes
  - planar for utvikling av næringsklyngene
  - trafiksikringsplan
  - strategisk plan for klima og miljø
- Systematisk arbeid for at fleire skal kunna gå og sykla trygt i Øygarden.
- Kompetanseheving
  - Prioritera og vidareutvikla analysekapasitet.
  - Vidareutvikla rettleiing og dialog med utvikling- og samarbeidsaktørar.
  - Sikra ein riktig balanse mellom rask behandling og forsvarleg kvalitet i høve plan- og bygningslova, matrikellova og forvaltningslova sine krav.
- Leggja til rette for medborgarskap og samskaping, gjennom gode system og struktur.
  - Saman med lokalsamfunna, frivilligheita og næringslivet skal vi leggja til rette for gode nabolag og møteplassar som skal bidra til tilhøyrslø, inkludering og deltaking.
- Systematisk arbeid for å støtta eksisterande næringar i omstillinga til grøne næringsutvikling, og leggja til rette for nye etableringar.
  - Sikra intern koordinering av næringsarbeid
  - Sikra god dialog mellom næringsliv og kommune, i samarbeid med Vest næringsråd
  - Støtta arbeidet med grøne hubar og industriell symbiose for å bidra til auka omstilling av næringslivet.

## Ressursinnsats

- Opptrapping planlagt byggvedlikehald, kr 4,5 mill i 2025, kr 10 mill i 2026, kr 5 mill i 2027 og kr 15 mill i 2028
- Auka ramme for innkjøp av park og grøntteneste, kr 1 mill kvart år i økonomiplanen
- Tilskot til drift av festningsanlegget Fjell festning, kr 2,1 mill kvart år i økonomiplanen
- Tilstands- og vedlikehaldsplan for anlegget over bakken, Fjell festning, kr 0,3 mill i 2025

## Oppdrag

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
<b>Arbeida for gode rammevilkår for grundarar i kommunen</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utvikling av arbeidsplassar og nye næringar er viktig for å sikra eit berekraftig Øy gardssamfunnet.</li> <li>• Kommunen vil arbeida for gode og føreseielege rammevilkår for grundarar, og sikra dei god rettleiing.</li> <li>• Det inneber blant anna å forenkla informasjon og kommunikasjon for grundarar.</li> </ul>	Vi skal ta rolla som aktiv samfunnsutviklar ved å koordinera, mobilisera og samarbeida for å nå måla våre.	Øygarden kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og ansvarleg samfunnsaktør.

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
<b>Arbeida for verdibevarande vedlikehald</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vidareutvikla system for verdibevarande vedlikehald av bygg og veg.</li> <li>• Vurdera behov for kommunale basseng, og driftsmodell for dette.</li> <li>• Arbeida for nytt liv på eksisterande leikeplassar på kommunal grunn som ikkje ligg ved skular og barnehagar.</li> <li>• Arbeida for betre universell utforming av offentleg bygg, plassar og parkar.</li> </ul>	Vi skal sikra tilgang til trygge og inkluderande lokalmiljø med funksjonar som dekker daglege behov.	Øygarden har eit tenestetilbod som fremjar god folkehelse.
<b>Arealdelen til kommuneplanen</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prioritert planoppgåve i gjeldande planstrategi, som har starta opp jf. KS-sak 155/23.</li> <li>• Forventa vedtak av strategisk planprogram våren 2026. I planprogrammet skal det setjast rammer for planarbeidet, skapast felles forståing for arealstrategiane og vedta dei politiske prinsippa for arealbruken, slik at vi oppnår ei berekraftig samfunns- og arealutvikling i Øygarden.</li> <li>• Sluttbehandling av arealdelen våren 2027.</li> </ul>	-	Øygarden har attraktive senter og gode og aktive lokalsamfunn.
<b>Avklara plassering av framtidige rådhusfunksjonar i regionsenteret</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Administrasjonen legg fram ei sak som skildrar korleis rådhusfunksjonane kan løysast i regionsenteret i framtida</li> </ul>	-	Øygarden kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og ansvarleg samfunnsaktør.
<b>Bidra til å utvikla Øygarden som eit berekraftig reisemål, og som destinasjon for kulturopplevingar.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppleving- og reiselivsnæringa er identifisert som eit område med stort potensiale i Øygarden. Kommunen ønsker å ha eit særleg fokus på dette framover, og å understøtta samarbeid med kultur- og reiselivsnæringa.</li> <li>• Det pågår eit prosjekt for å merka Øygarden som eit berekraftig reisemål, der kommunen er ein aktiv bidragsytar.</li> </ul>	-	Øygarden er blant dei mest attraktive kommunane i Noreg, både for lokale, nasjonale og internasjonale etablerarar.
<b>Fokus på rolla til kommunen som samfunnsutviklar i regionsenter og kommunedelsenter</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Aktiv bruk av kunnskap (statistikk og analyse). Parallele prosessar; planlegging og gjennomføring. Sikra brei medverknad og forankring i kommuneorganisasjonen og lokalsamfunnet. Vera handlekraftig, løysingsorientert og kunnskapsbasert i møte med næringslivet. Arbeidet med Øygarden 2040 er eit viktig grunnlag</li> </ul>	Vi skal utvikla ein berekraftig senterstruktur som legg til rette for at innbyggerane i heile kommunen har god tilgang til offentlege og private service- og tenestetilbod.	Øygarden har attraktive senter og gode og aktive lokalsamfunn.

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
	for å vera ein føreseieleg og aktiv samfunnsutviklar		
<b>Forenkla og systematisera dialog med frivilligheita for å utløysa meir frivillighet og aktivitet i lokalsamfunna</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunen vil ta initiativ til å utvikla ein modell for å organisera og systematisera samarbeid med frivilligheita. Føremålet er å leggja til rette for at lokalsamfunn og frivilligheita kan skapa aktivitet og frivillighet i deira lokalsamfunn.</li> <li>Leggja til rette for ein effektivisering av dialog og kommunikasjon.</li> </ul>	Vi skal leggja samhandling, medborgarskap og innbyggjarinvolvering til grunn for alt utviklingsarbeid og tenestetilbod.	Øygarden kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og ansvarleg samfunnsaktør.
<b>Koordinera og forenkla tilskotsordningane til lag og organisasjonar.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Oppfølging av strategisk plan for kultur, idrett og frivillighet for Øygarden kommune 2023-2027. Oppdraget handlar om å møte frivilligheita sitt ønskje om betre informasjon, rettleiing og mindre byråkrati knytt til tilskotsordningane.</li> </ul>	Vi skal leggja samhandling, medborgarskap og innbyggjarinvolvering til grunn for alt utviklingsarbeid og tenestetilbod.	Øygarden kommune er ein open, tillitsskapande og tilgjengeleg organisasjon.
<b>Kulturmiljøplan - samanstilling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Prioritert planoppgåve i gjeldande planstrategi.</li> <li>Kartlegging av kulturmiljø i delar av gamle Sund.</li> <li>Samanstilling av kulturminne-/kulturmiljøplanane frå gamle Sund, Fjell og Øygarden.</li> </ul>	-	Øygarden har attraktive senter og gode og aktive lokalsamfunn.
<b>Leggja til rette for fleksible og berekraftige mobilitetsordningar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>I samarbeid med Skyss og Miljøøfttet, skal kommunen setta i gang prosjekt og tiltak innanfor fleksible og berekraftige transport- og mobilitetsordningar i kommunen.</li> <li>Arbeida aktivt med haldningsskapande arbeid for å nå målsettingane om at fleire går, sykklar eller reiser kollektivt.</li> </ul>	Vi skal arbeida aktivt for å tilby fleksible, berekraftige og smarte transportordningar til innbyggjarane, på tvers av alder, funksjonsnivå og digital kompetanse.	Øygarden har trygge, tilgjengelege og berekraftige transportløyningar.
<b>Leggja til rette for grøn omstilling og næringsutvikling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Prioritera grønne initiativ og særleg fremma næringsutvikling som bidreg til grøn omstilling. Vera handlekraftog, løysingsorientert og kunnskapsbasert i møte med næringslivet.</li> </ul>	Vi skal vera ein tilretteleggjar og pådrivar for nye investeringar og partnerar i det grønne skiftet.	Øygarden er eit nasjonalt og globalt utstillingsvindauga for innovasjon og grøn omstilling.
<b>Områdeplan Forlandsvågen</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Prioritert planoppgåve i gjeldande planstrategi.</li> </ul>	Vi skal sikra variasjon i bustadtilbodet i heile kommunen, og tilby ulike bustadar og buformer som passar for ulike livsfasar og livssituasjonar.	Alle innbyggjarane i Øygarden har tilgang på trygge og tilgjengelege bustadar.
<b>Områderegulering Bildøy - ungdomsskulen</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Prioritert planoppgåve i gjeldande planstrategi.</li> </ul>	Vi skal sikra variasjon i	Øygarden har attraktive senter

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ved å inkludera området rundt skulen i ein områdereguleringsplan for Bildøy (ungdomsskulen) har kommunen høve til å leggja til rette for utvikling rundt skulen.</li> <li>Viktig strategisk grep for å sikra kommunen økonomisk handlingsrom til å gjennomføra investeringsbehov som er avdekkja gjennom Øygarden 2040.</li> </ul>	bustadtilbodet i heile kommunen, og tilby ulike bustadar og buformer som passar for ulike livsfasar og livssituasjonar.	og gode og aktive lokalsamfunn.
<b>Områderegulering Brannalsåsen</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Prioritert planoppgåve i planstrategien. Planen starta opp i 2014.</li> <li>Med ny ungdomsskule på dagens skuleområde på Bildøy vil områderegulering for Brannalsåsen bidra til å skapa attraktivitet, og leggja til rette for ei bilfri akse mellom Bildøy og Straume sentrum (aust-vest).</li> </ul>	-	-
<b>Områderegulering Energiparken</b>	<p>Prioritert planoppgåve i planstrategien. Målsetting med områdereguleringa:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Leggja til rette for vidare utvikling av klimavenleg og berekraftig næringsutvikling.</li> <li>Leggja til rette for at kommunen skal kunna utnyttja sitt fortrinn innanfor energi, teknologi og marine ressursar.</li> </ul> <p>Planprogrammet vart vedteke i desember 2023. Etter framdriftsplanen skal områderegulering for Energiparken vedtakast i 2025.</p>	Vi skal vera ein tilretteleggjar og pådrivar for nye investeringar og partnerar i det grøne skiftet.	Øygarden er eit nasjonalt og globalt utstillingsvindauga for innovasjon og grøn omstilling.
<b>Områderegulering Stovevatnet</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Prioritert planoppgåve i planstrategien, som er viktig for å sikra økonomisk handlingsrom gjennom sal av eigeidom.</li> <li>Viktig for å sikra framdrifta til ny vidaregåande skule som skal ligga på Stovevatnet.</li> <li>Området vil bli regulert slik at fylket (og evt. kommunen) kan bygga direkte.</li> <li>Områdereguleringa kan skje delvis parallelt med strategisk planprogram for Straume.</li> </ul>	Vi skal utvikla ein berekraftig senterstruktur som legg til rette for at innbyggjarane i heile kommunen har god tilgang til offentlege og private service- og tenestetilbod.	Øygarden har attraktive senter og gode og aktive lokalsamfunn.
<b>Reguleringsplan for Miljøgata Kvednatunet - Kårtveitpollen (Ågotnes)</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Prioritert planoppgåve i gjeldande planstrategi.</li> <li>Detaljreguleringa vil vera viktig for å opna for fleire bustader på Ågotnes som kan realiserast på kort sikt.</li> </ul>	Vi skal betra transporttryggleiken gjennom godt kunnskapsgrunnlag, trygg infrastruktur, drift og vedlikehald	Øygarden har trygge, tilgjengelege og berekraftige transportløyningar.

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
<b>Sikra aktiv bruk av utbyggingsavtalar</b>	<p>Sikra aktiv bruk av utbyggingsavtalar som eit verkemiddel for samfunnsutvikling og gjennomføring av større sentrumsplanar, med hovudvekt på region- og kommunedelsentre. I planperioden skal det blant anna vera fokus på:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Prinsippvedtak for meirverdiavgiftsavtalar</li> <li>• Nytt prinsippvedtak for utbyggingsavtaler for kommunen</li> </ul>	<p>og informasjons- og mobilitetsopplæring.</p> <p>Vi skal ta rolla som aktiv samfunnsutviklar ved å koordinera, mobilisera og samarbeida for å nå måla våre.</p>	<p>Øygarden kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og ansvarleg samfunnsaktør.</p>
<b>Strategisk plan for klima og miljø</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prioritert planoppgåve i gjeldande planstrategi.</li> <li>• Skal utdjupa og gi prioriteringar av dei måla og strategiane som ligg i KPS, samt inkludera perspektiv innan energi/energieffektivisering, naturmiljø/-mangfald og samfunnsryggleik og beredskap.</li> </ul>	-	Øygarden er eit berekraftig lågutsleppsamfunn
<b>Strategisk planprogram Straume</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prioritert planoppgåve i gjeldande planstrategi.</li> <li>• Skal følgja opp arealstrategiane for kommune- og regionsenteret, og vil gi føringar for nye område- og detaljreguleringsplanar.</li> </ul>	Vi skal vidareutvikla Straume som vekstkraftig kommune- og regionsenter, med eit attraktivt og levande sentrum som fremjar etablering av handel, kultur og tenestetilbod.	Straume er styrka som regionalt kraftsenter; både for Øygarden og bergensregionen.
<b>Trafikktryggleiksplan</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prioritert planoppgåve i gjeldande planstrategi.</li> <li>• Er viktig for folkehelsa, trygg skuleveg og trygge lokalsamfunn.</li> </ul>	Vi skal betra transporttryggleiken gjennom godt kunnskapsgrunnlag, trygg infrastruktur, drift og vedlikehald og informasjons- og mobilitetsopplæring.	Øygarden har trygge, tilgjengelege og berekraftige transportløyningar.
<b>Utarbeiding av analyse i høve ledig kapasitet for kommunale eigedomar</b>	<p>Gjeld analyse av ledig kapasitet og utnytting av eigde og leigde eigedommar. Føremål:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeida for å utnyttja eigde bygg meir effektivt.</li> <li>• Redusera behov for leigde areal ved å planlegga betre fram i tid.</li> <li>• Få oversikt over ledig kapasitet og grunnlag for vurdering om eigedomar skal seljast.</li> </ul>	Vi skal arbeida strukturert med økonomiplanlegging for å sikra eit berekraftig tenestetilbod.	Øygarden kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og ansvarleg samfunnsaktør.
<b>Utvikla meir effektive og føreseielege planprosessar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vidareutvikla rettleiing og dialog med utviklings- og samarbeidsaktørar, og sikra ein riktig balanse mellom rask behandling og forsvarleg kvalitet i</li> </ul>	-	-

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
	høve plan- og bygningslova og forvaltningslova sine krav.		
<b>Vidare implementering av vaskerobotar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Det er gjennomført eit prosjekt for å testa ut ny reinhaldsteknologi, og no skal bruk av vaskerobotar implementerast.</li> </ul>	Vi skal ta i bruk nye teknologiske, brukarvenlege og digitale løysingar.	Øygarden kommune er ein open, tillitsskapande og tilgjengeleg organisasjon.
<b>Vidareutvikla arbeidet med å sikra Øygarden som ein næringsvenleg kommune</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vidareutvikla internt næringsnettverket som ein arena for samarbeid på tvers i kommunen.</li> <li>Aktiv bruk av kunnskap skal kommunen rettleia i nærings spørsmål.</li> <li>Vera handlekraftig, løysingsorientert og kunnskapsbasert i møtet med næringslivet</li> </ul>	-	-
<b>Vidareutvikle arbeidet med god dialog og kunnskapsbasert rettleiing i byggesak</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vidareutvikla rettleiing og dialog med utviklings- og samarbeidsaktørar, og sikra ein riktig balanse mellom rask behandling og forsvarleg kvalitet i høve plan- og bygningslova, matrikkellova og forvaltningslova sine krav.</li> </ul>	Vi skal ta rolla som aktiv samfunnsutviklar ved å koordinera, mobilisera og samarbeida for å nå måla våre.	Øygarden kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og ansvarleg samfunnsaktør.
<b>Vidareutvikle klimaregnskapet og bruke kunnskap om klimaeffekt i forvaltning av areal.</b>	Oppfølging av nasjonale og lokale forventningar til arealforvaltning, som i større grad legg vekt på bevaring av natur, omsyn til klima og klimatilpassing, krev oppdatert kunnskap og styrking av samhandling, på tvers av einingar lokalt, på tvers forvaltningsnivå og med eksterne aktørar.	-	Øygarden kommune er ein klimaansvarleg og miljøbevisst organisasjon

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2023	2024	2024	2025	2026	2027	2028
<b>Driftsutgifter</b>							
Lønn	206 554	210 927	219 273	225 059	224 709	224 505	224 440
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	199 861	182 785	192 003	191 279	189 078	174 382	184 147
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	5 274	4 049	4 051	4 049	3 749	3 749	3 749
Overføringsutgifter	67 320	34 774	46 524	34 792	34 792	34 792	34 792
Finansutgifter	4 634	0	1 637	0	0	0	0
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>483 643</b>	<b>432 535</b>	<b>463 487</b>	<b>455 179</b>	<b>452 328</b>	<b>437 428</b>	<b>447 128</b>
<b>Driftsinntekter</b>							
Salgsinntekter	-63 192	-66 907	-67 377	-68 271	-68 271	-68 271	-68 271
Refusjoner	-68 094	-32 859	-51 736	-32 648	-32 648	-32 648	-32 348



	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2023	2024	2024	2025	2026	2027	2028
Overføringsinntekter	-1 127	-60	0	-0	-0	-0	-0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-4 169	0	-2 185	0	0	0	0
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-136 582</b>	<b>-99 826</b>	<b>-121 298</b>	<b>-100 919</b>	<b>-100 919</b>	<b>-100 919</b>	<b>-100 619</b>
<b>Sum</b>	<b>347 061</b>	<b>332 709</b>	<b>342 190</b>	<b>354 260</b>	<b>351 409</b>	<b>336 509</b>	<b>346 509</b>

### Fordeling på eining (tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2023	2024	2024	2025	2026	2027	2028
Kommunalsjef kultur og samfunn	4 395	5 471	5 582	6 230	6 230	6 230	6 230
Eigedomsutvikling	6 114	5 609	7 954	6 858	6 858	6 858	5 858
Utbygging	0	0	0	200	200	200	200
Kultur	43 081	37 144	41 086	50 226	49 926	49 926	49 926
Plan, geodata og oppmåling	18 014	16 657	16 438	13 874	13 874	13 874	13 874
Byggesak	7 534	4 509	6 023	8 708	8 708	8 708	8 708
Eigedom- drift og vedlikehold	192 676	188 764	188 896	190 734	188 583	173 916	184 981
Reinhald	75 247	74 556	76 211	77 430	77 030	76 797	76 732
<b>Sum</b>	<b>347 061</b>	<b>332 709</b>	<b>342 190</b>	<b>354 260</b>	<b>351 409</b>	<b>336 509</b>	<b>346 509</b>

### Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
<b>Opprinnelig budsjett</b>	<b>332 709</b>	<b>332 709</b>	<b>332 709</b>	<b>332 709</b>
<b>Sum Investering og finansiering</b>	<b>-4 925</b>	<b>-10 325</b>	<b>-13 725</b>	<b>-13 725</b>
<b>Investering og finansiering</b>	<b>-4 925</b>	<b>-10 325</b>	<b>-13 725</b>	<b>-13 725</b>
<b>Sum Tekniske justeringer</b>	<b>18 127</b>	<b>18 127</b>	<b>18 127</b>	<b>18 127</b>
<b>Sum Vedtak forrige periode</b>	<b>4 972</b>	<b>2 321</b>	<b>-4 179</b>	<b>-4 179</b>
<b>Konsekvensjusteringer</b>	<b>23 099</b>	<b>20 448</b>	<b>13 948</b>	<b>13 948</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>	<b>350 883</b>	<b>342 832</b>	<b>332 932</b>	<b>332 932</b>
<b>Innsparingstiltak</b>				
Redusert tal tilsette i byggdrift, veg, park og forvaltning	-3 523	-3 523	-3 523	-3 523
Reduserte straumutgifter grunna ENØK-tiltak	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
<b>Sum Innsparingstiltak</b>	<b>-4 523</b>	<b>-4 523</b>	<b>-4 523</b>	<b>-4 523</b>
<b>Nye tiltak</b>				
Auka bruk av rammeavtaler innan park og grønt	1 000	1 000	1 000	1 000
Opptrapping planlagt byggvedlikehold	4 500	10 000	5 000	15 000
Tilskot til drift av festningsanlegget Fjell festning	2 100	2 100	2 100	2 100
Tilstands- og vedlikeholdsplan for anlegget over bakken Fjell festning	300	0	0	0
<b>Sum Nye tiltak</b>	<b>7 900</b>	<b>13 100</b>	<b>8 100</b>	<b>18 100</b>
<b>Nye tiltak og realendringer</b>	<b>3 377</b>	<b>8 577</b>	<b>3 577</b>	<b>13 577</b>
<b>Budsjettendringer</b>				
<b>Sum Budsjettendringer</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Ramme 2025-2028</b>	<b>354 260</b>	<b>351 409</b>	<b>336 509</b>	<b>346 509</b>

## Innsparingstiltak

### Redusert tal tilsette i byggdrift, veg, park og forvaltning

Reduksjon i stillingar innan eigedom, både administrasjon og operative stillingar. 4,45% årsverk vert redusert. Desse stillingane står i dag vakant. Delar av reduksjonen vert nytta til å kjøpa tenester innan park og grønt for at ein skal klare å halda grøntområde betre i hevd i framtida.

### Reduserte straumutgifter grunna ENØK-tiltak

Det er forventa ei reduksjon i straumkostnader grunna ENØK-tiltak som vert gjennomført i 2025.

## Nye tiltak

### Auka bruk av rammeavtaler innan park og grønt

Kommunedirektøren vil i 2025 auka bruken av rammeavtar innan park og grønt slik at ein kan halde grøntområde betre i hevd.

### Opptrapping planlagt byggvedlikehald

Det vert gjort framlegg om å auka planlagt byggvedlikehald gjennom ein opptrappingsplan. I 2027 er det tatt omsyn til at kommunen mottar mindre inntekter frå havbruksfondet og difor har mindre ressursar å bruka på vedlikehald.

### Tilskot til drift av festningsanlegget Fjell festning

Det vert arbeidd med ei skisse for vidare drift av festningsanlegget ved Fjell festning. Organiseringa av framtidig drift og utvikling av Fjell festning, både eigedomane som er eigde av Stiftinga Fjell festning og det vidare festningsområdet, må vera robust og berekraftig, og må skje med eit langsiktig perspektiv. Det vert sett av midlar for drift av anlegget.

### Tilstands- og vedlikehaldsplan for anlegget over bakken Fjell festning

Rapport om anlegget over bakken på Fjell festning. Dette er den eigedom som Øygarden kommune eig i dag, mellom anna skyttargraver og løpegraver. Midlane vart løyvd som eit eingangstilskot i 2024, men grunna forsinkingar er ikkje løyvinga brukt og må løyvast på nytt i 2025.

## Kostra-analyse

	Øygarden 2022	Øygarden 2023	Alver	Askøy	Bjørnafjorden	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
<b>Prioritet</b>							
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (301) Plansaksbehandling (B) * **)	436	500	527	652	416	382	413
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner (B) *)	2 293	2 386	2 383	1 930	2 274	2 874	3 116
Netto driftsutgifter i kr pr. innbyggere, komm. vei er og gater (B) *)	1 596	1 755	1 851	523	1 478	1 344	1 635
Netto driftsutgifter per innbygger (375) muséer (B) * **)	140	118	21	58	0	55	94
Netto driftsutgifter per innbygger (380) idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg (B) * **)	28	124	148	301	446	293	278

Netto driftsutgifter per innbygger (381) kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg (B) *) **)	1 011	973	523	376	243	816	794
Netto driftsutgifter til folkebibliotek per innbygger (B) *)	272	293	466	207	225	320	344
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år (B) *)	1 739	2 079	3 289	1 970	2 448	2 729	3 323
<b>Produktivitet</b>							
Behandlede byggesøknader i alt (antall)	542	518	323	341	336	5 183	63 059
Brutto driftsutgifter i kr til gatebelysn. pr. km komm. vei (B) *)	75 433	72 185	50 714	41 667	11 587	28 290	26 572
Korrigerte brutto driftsutgifter til administrasjonslokaler per kvadratmeter (B) *)	1 897	1 235	840	1 166	2 013	1 430	1 290
Korrigerte brutto driftsutgifter til førskolelokaler per kvadratmeter (B) *)	2 519	2 391	1 622	1 732	1 304	1 898	1 896
Korrigerte brutto driftsutgifter til institusjonslokaler per kvadratmeter (B) *)	2 093	1 871	1 553	1 506	2 600	1 581	1 334
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale idrettsbygg per kvadratmeter (B) *)	1 744	1 668	795	1 805	285	1 542	1 459
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale kulturbygg per kvadratmeter (B) *)	1 064	659	731	1 547	1 287	1 176	1 179
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker (B) *)	26 991	29 937	24 068	35 271	21 503	25 559	26 863
Korrigerte brutto driftsutgifter til skolelokaler per kvadratmeter (B) *)	1 687	1 545	1 550	1 344	984	1 266	1 291
<b>Dekningsgrad</b>							
Antall kilometer kommunal vei og gate per 1000 innbygger (B)	4,45	4,35	10,97	3,05	6,75	5,89	8,02
<b>Økonomi</b>							
Utgifter til driftsaktiviteter Formålsbygg, kommune Utgifter per kvadratmeter bygg (kr) *)	997	918	716	719	528	781	741
Utgifter til renholdsaktiviteter Formålsbygg, kommune Utgifter per kvadratmeter bygg (kr) *)	298	290	187	208	148	201	185
Utgifter til vedlikehold per kvadratmeter (kr) *)	79	82	109	110	69	98	111

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*\*) Justert for utgiftsbehov

**Plansaksbehandling:** Korrigerte brutto driftsutgifter til plansaksbehandling per innbyggjar er kr 500 for Øygarden kommune, noko som er meir enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

**Kultur:** Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbyggjar er kr 2 386 for Øygarden kommune. Dette er lågare enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Netto driftsutgifter til muséer per

innbyggjar er kr 118 som er over dobbelt så mykje som gjennomsnittet i gruppe 10 og godt over landsgjennomsnittet. Netto driftsutgifter til kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg per innbyggjar er kr 973 som er høgare enn gruppe 10 og landsgjennomsnittet

Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskular er lågare enn i gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

**Byggesak:** det er behandla 518 byggesøknadar i 2023. I 2022 vart det behandla 542 byggesaker.